


# Sosial kapital i kristne menigheiter

Ein kvalitativ studie av menigheitsnettverket si innverknad på medlemmane sine samfunnsliv

Camilla Småland Gjerde



Masteroppgåve

Hausten 2022

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

## Samandrag

I dette masterprosjektet undersøker eg korleis medlemmane av kristne meinigheiter opplever å få bruk for nettverk/ kontaktar innanfor det religiøse fellesskapet som ressursar til å oppnå andre gode i samfunnslivet. Ved å bruke ulike teoriar knytt til omgrepet sosial kapital, kastar eg ljog over erfaringane til informantane når det kjem til samfunnsområda; arbeid, livsstil og intime relasjonar, samt informantane sine opplevingar av å kunne bruke nettverket i utfordrande livssituasjonar. Analysen basera seg på individuelle, semi- strukturerte forskingsintervju med seks informantar frå to forskjellige kristne meinigheiter; der den eine høyrer til det evangelisk- lutherske kyrkjesamfunnet, medan den andre høyrer til dei karismatiske rørsleane.

Eit av hovudfunna i prosjektet er korleis lukkinga av eit nettverk verkar inn på akkumuleringa av normer i meinigheita. Nettverka i dei to meinigheitene er lukka i den forstand at dei fleste medlemmane kjenner til kvarandre, det er stort fokus på å sjå og lytte til kvart medlem, samt ei høg grad av tillit blant medlemmane. At eit nettverk er lukka vert også synleg når ein ser at normene som eksisterer faktisk fungerer. Informantane fortel om ulike normer i meinigheita som har innverknad på deira livsstilsval i samfunnslivet, til dømes norma som seier at medlemmane kan avstå frå å drikke alkohol dersom dei ønskjer å vere gode medmenneske for dei menneska som har alkoholproblem. Sjølv om slike normer kan gjere det lettare for medlemmane å følgje dei religiøse levereglane som dei ønskjer å følgje, fordi det skapar eit fellesskap kor alle samlast om denne livsstilen, kan slike normer også opplevast som avgrensande for medlemmane sine livsval i samfunnslivet. Ved å bli saman med nokon andre i meinigheita, eller finne nokon som er villige til å bli ein del av nettverket, sikrar medlemmane tilgangen på eit fellesskap fullt av sosial kapital, i form av normer og forventingar, men også informasjon og tenester- samt alle dei fordelane som kjem ved ei intergenerasjonslukking dersom framtidige barn veks opp i meinigheita. Lukkinga av eit intergenerasjonsnettverk skjer i nettverk kor både barna og foreldra er aktive, og inneber mellom anna moglegheita for ei kollektiv barneoppseding, fordi foreldra kan gå saman om kva for normer som blir skapt blant barna og kva for handlingar som blir sanksjonert.

Ord i hovudteksten: 29 091

## **Forord**

Då var tida omsider inne for å levere masteroppgåva, og det er fleire som fortener ein stor takk. Først og fremst vil eg takke informantane som stilte opp til intervju- takk for eit open og ærleg innblikk i liva dykkar. Utan dykk hadde det ikkje vore noko oppgåve.

Takk til alle rundt meg som har kome med støtte og motivasjon i løpet av desse åra, eg har satt pris på kvart einaste ord. Takk til kull- 20 for å ha gjort masterstudiet til dei to (og eit halvt) beste åra i mi studietid. De er ein flott gjeng!

Spesielt takk til min kjære Andreas som har halde ut med meg i denne perioden- eg lovar å stresse ned no! Og tusen takk til min ven og medstudent Mariell som alltid har nokre motiverande ord på lur, håpar eg får behalde deg som heilagjeng vidare ut i vaksenlivet.

Sist, men ikkje minst; ein stor takk til min kjære rettleiar Atle Møen. Du har vore heilt fantastisk å ha på sidelinja i arbeidet med denne oppgåva, og det er på grunn av dine motiverande ord og gode tilbakemeldingar at eg i dag er i mål.

Camilla Småland Gjerde

Bergen, 01.12.2022

## Innholdsliste

1. Innleiing .....	6
1.1 Bakgrunn for prosjektet.....	6
1.2 Oppgåvas struktur.....	7
2. Sosial kapital .....	9
2.1 Pierre Bourdieu og Robert Putnam.....	9
2.2 Former for sosial kapital og ulike nettverk.....	10
2.3 James Coleman.....	11
2.3.1 Tenester, informasjonsutveksling og normer .....	12
2.3.2 Skapande faktorar .....	14
3. Religiøse organisasjonar .....	16
3.1 Sosiologiske organisasjonstypologiar .....	16
3.2 Kyrkje/ sekt- typologien.....	16
3.2.1 Kritikk til typologien .....	21
3.2.2 Medlemsnettverket .....	22
3.3 Meinigheitene .....	23
3.3.1 Teologisk og historisk bakgrunn .....	24
3.3.2 Grad av openheit .....	25
3.3.3 Maktstruktur og leiing .....	27
3.3.4 Lukka nettverk.....	27
4. Metode.....	30
4.1 Kvalitative forskingsintervju.....	30
4.1.1 Reliabilitet og generalisering.....	31
4.1.2 Generalisering .....	33
4.2 Datainnsamlingsprosessen.....	34
4.2.1 Datainnsamling og utval.....	34
4.2.2 Informantane .....	35
4.3 Ethiske vurderingar .....	36
4.3.1 Informert samtykke .....	36
4.3.2 Anonymitet .....	36
4.3.3 Forskarrolla .....	37
5. Arbeid.....	39
5.1 Jobb i meinigheita .....	39
5.2 Svake relasjonar .....	40
5.3 Moglegheita til å vise kva ein er god for .....	41
5.4 Ikkje alltid brukbar og overførbar kapital .....	42

5.5 Oppsummering .....	45
6. Livsstil .....	47
6.1 Lukking av intergenerasjonsnettverk .....	47
6.2 Eit fellesskap utan drikkepress .....	50
6.3 Normer rundt alkoholforbruk .....	52
6.4 Oppsummering .....	54
7. Intime relasjonar .....	55
7.1 Normer i lukka nettverk .....	55
7.2 Den perfekte partner – samanbindande kapital .....	57
7.3 Arena for å møtes .....	59
7.4 «Styrken i svake band» .....	61
7.5 Barneoppseding – lukka nettverk og felles normer .....	61
7.6 Oppsummering .....	63
8. Krevjande livssituasjonar .....	64
8.1 Utilgjengelege ressursar .....	64
8.2 Praktisk og økonomisk hjelp .....	65
8.3 Sterke relasjonar .....	67
8.4 Oppsummering .....	70
9. Avslutning .....	71
Referansar .....	75
Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring .....	78
Vedlegg 2: Intervjuguide .....	81

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for prosjektet

I 2012 kom ei grunnlovsending som innebar at den evangelisk- lutherske religion ikkje lenger skulle vere statens offisielle religion, og ville no verte omtala som «Noregs folkekyrkje» (Stortinget, 2012). Det var lenge semje i sosiologien at utviklinga av det moderne samfunnet ville føre til sekularisering. Denne teorien har i nyare tid vorte tilbakevist, då det har vist seg at det er veldig få delar av samfunnet som i praksis har blitt sekularisert. Peter Berger var ein av dei som før argumenterte for sekulariseringsteorien, men som i ettertid har endra kurs; «The world today, with some exceptions (...), is as furiously religious as it ever was, and in some places more so than ever» (Berger, 2013, s. 62). Berger argumentera for at sjølv om enkelte religiøse institusjonar har fått redusert makt og innflyting i det moderne samfunn, har det framleis vore høg grad av religiøsitet på det individuelle nivået i befolkninga (Berger, 2013, s. 62). I nokre tilfelle har den moderne utvikling ført til nye religiøse uttrykksformer eller ei intensivering av dei religiøse rørsleane, slik som religiøs fundamentalisme. Sjølv om dei offentlege institusjonane i Noreg ikkje lenger er religiøse, så betyr ikkje det at dette gjeld alle samfunnsområde, eller at samfunnet som heilskap ikkje lenger er religiøse. Målet mitt med denne oppgåva er å vise dei områda religion likevel har sterk betydning- også i eit såkalla moderne samfunn kor vi i utgangspunktet forventar meir desakralisering.

Eg gjekk på ein kristen internatskule då eg gjekk på vidaregåande, og der fekk eg innblikk i korleis kristendommen framleis har ein stor plass i samfunnet, kanskje i hovudsak i mindre og meir lukka nettverk enn tidlegare. Då vi var på skulen var det som å leve i ei boble; vi hadde eigne reglar og normer for skulekvardagen og ungdomslivet, og alle elevane og lærarane kjente til kvarande. Då bobla sprakk og eg var ferdig på skulen såg eg eit tydeleg skilje mellom korleis det var å vere ungdom på den kristne skulen og korleis det var for andre ungdommar ute i den verkelege verda. Det vart klart for meg at den normale kvardagen på skulen ikkje nødvendigvis spegla skulekvardagen for andre ungdommar, men var i stor grad prega av dei normene som var blitt skapa innanfor det lukka nettverket på skulen. Det var til dømes ingen drikkepress blant elevane, og det var ingen som såg rart på deg dersom du ytra ønskje om å vente med sex til etter ekteskapet.

Denne oppgåva skal ikkje handle om kristne internatskular (beklagar viss du no hadde gleda deg til det), men om nokre nettverk som kan minne om desse skulane. For det er ikkje berre ved kristne skular at kristendommen kjem til uttrykk i samfunnet i dag, men også i

*kristne meinigheiter.* Det som vekta mi interesse for desse nettverka var å sjå at mange av medelevane mine i seinare tid kunne bruke nettverket på skulen, og seinare frå den meinigheita dei tok del i på heimstaden deira, til dømes for å skaffe seg arbeid. Nokre elevar drog tilbake til skulen for å arbeide som miljøarbeidarar, ikkje fordi dei no hadde fått ei kvalifisert utdanning, men fordi dei i løpet av sine skuleår hadde vist seg som sosialt sterke elevar som ville passe i ein slik jobb, og fordi dei var vane med livet i bobla. Det var også interessant å sjå at nokre av medelevane mine vart kjærastar og gifta seg med kvarandre, eller med nokon dei hadde møtt via skule- nettverket. Eg såg i det heile at det lukka nettverket på skulen kunne brukast som ressursar for også andre delar av livet til elevane.

*I denne oppgåva vil eg sjå på nettopp dette; korleis opplever medlemmane av kristne meinigheiter å få bruk for nettverk/ kontaktar innanfor det religiøse fellesskapet som ressursar til å oppnå andre gode i samfunnslivet elles?*

Kan dette nettverket vere til bruk i medlemmane sine liv, sjølv om dette livet i stor grad er prega av eit moderne samfunn? Vil kontaktar i meinigheita kunne vere til hjelp på arbeidsmarknaden utanfor? Og korleis brukar medlemmane nettverket i møte med normer i storsamfunnet som ikkje nødvendigvis samsvarar med deira religiøse livsstil?

Eg har i dette prosjektet intervjuar 6 informantar frå to ulike kristne meinigheiter, og eg har nytta sosial kapital som eit sensitiverande omgrep for å beskrive dei ressursane som medlemmane får tilgang på i nettverka.

## 1.2 Oppgåvas struktur

I kapittel 2, *Sosial kapital*, vil eg ta føre meg ulike teoretiske framstillingar og tolkingar av sosial kapital- omgrepet. Korleis kan omgrepet brukast til å forklara kva for ressursar som finst i ulike sosiale konstruksjonar og interaksjonar? Føremålet er å skape eit rammeverk for kva omgrepet omfattar og med dette danne eit grunnlag for dei empiriske analysane. Oppgåva vil i hovudsak ta utgangspunkt i James Coleman sine teoriar om sosial kapital.

I kapittel 3, *Religiøse organisasjonar*, skal vi sjå nærmare på nettverka i meinigheitene. Her tar vi mellom anna føre oss kyrkje/ sekt typologien, og ser på korleis meinigheitene kan plasserast ut i frå denne. Vi ser på skilnadar og likskapar mellom dei to religiøse organisasjonane, mellom anna basert på medlemmane sine eigne erfaringar, og diskuterer også kvifor desse nettverka er lukka nettverk.

I kapittel 4, *Metode*, vert studias kvalitative forskingsdesign presentert. Her gjer eg greie for dei ulike metodiske refleksjonane rundt forskingsprosessen. Føremålet med kapitlet er å skape openheit og transparens ovanfor lesaren, for på den måten auke reliabiliteten til prosjektet.

Kapittel 5, *Arbeid*, er det første analysekapitlet i oppgåva. I dette kapitlet ser eg på korleis medlemmane opplever å få bruk for ressursar og nettverk i meinigheita i søken etter arbeid, både innanfor i meinigheita og på arbeidsmarknaden utanfor. Her kjem det mellom anna fram at den sosiale kapitalen ikkje alltid er brukbar og overførbar til alle situasjonar, sjølv om medlemmane sjølv ser verdien i kapitalen.

Kapittel 6, *Livsstil*, tek føre seg korleis medlemmane av dei to meinigheitene opplever å bruke nettverket, særleg fellesskapet og normene, i ulike livsstilsval i samfunnslivet. Ved å presentere medlemmane sine refleksjonar rundt ungdomslivet og tilknytning til alkohol, visar eg kor viktig det er for medlemmane å ha tilgang på eit nettverk med felles normer og verdiar, samt korleis normene, bevisst og ubevisst, verker inn på livsstilen deira.

Også i Kapittel 7, *Intime relasjonar*, ser vi på korleis normene har innverknad på medlemmane sine val, her i tilknytning til sex utanfor ekteskapet. I dette kapitlet vert det også klart at meinigheitene er ein sentral arena for å møte framtidige ektefellar, både fordi det er her medlemmane tilbringar mykje av tida si, men også på grunn av at ein her har eit felles normativt og verdimesig grunnlag.

I kapittel 8, *Krevjande livssituasjonar*, ser vi på korleis den sosiale kapitalen i meinigheita kan brukast i utfordrande situasjonar i medlemmane sine liv. I slike situasjonar kan det vere fleire behov som melder seg, og det vert klart at medlemmane har tilgang på fleire tilgjengelege ressursar i nettverket, både informasjon, tenester, praktisk hjelp og omsorg. I dette kapitlet får vi også innblikk i korleis den sosiale kapitalen ikkje alltid gagnar den som skapar den, men utgjer eit kollektivt gode i nettverket.

Kapittel 9 er det avsluttande kapitlet i oppgåva og her vert funna frå dei fire analysekapitla oppsummert.



## 2. Sosial kapital

Hovudideen bak sosial kapital er at sosiale nettverk og relasjonar kan vere lønnsamme og utgjere ein verdifull ressurs (Field, 2016, s.2). Kor og korleis denne ressursen vert danna, kven som kan bruke den og kva den kan brukast til vert stadig diskutert. Ei forenkla tilnærming til omgrepet er å sjå på den sosiale kapitalen som kva som helst anna form for kapital; altså som noko som ein investerer i, og seinare kan forvente å hente ei avkastning frå (Field, 2016, s. 2). Til dømes, kan ein investere tid og energi i eit sosialt nettverk, noko som aukar tilliten blant medlemmane og etter kvart kan gje ei kjensle av gjensidig tryggleik og støtte i fellesskapet. Sosial kapital handlar altså om det som ein får ut av å vere del av eit nettverk, og det som ein kan tene på å ha slike relasjonar.

Det er ikkje alltid verken mogleg eller lurt å snakke om fenomenet på ein så forenkla og rasjonell måte. Fleire har vore kritisk til kapital- omgrepet, og meiner det å samanlikne relasjonen mellom menneske med økonomiske transaksjonar blir for simpelt. Diskusjonen rundt omgrepet handlar i stor grad om kva som motiverer sosial handling- og kvifor menneska handlar slik dei gjer. Er handlingane motivert av eigeninteresse og nyttemaksimering, eller er den styrt av ytre vilkår og sosiale normer? Denne studien tek utgangspunkt i James S. Coleman sine teoriar rundt omgrepet, noko som inneber å sjå sosiale handlingar som ei konsekvens av både rasjonelle val, sosiale normer og sosiale vilkår. Det er ikkje alltid lett å vite kor tid det er sosial kapital ein observerer, og korleis ein skal operasjonalisere og måle fenomenet. Å ha eit rammeverk for kva fenomenet omfattar og retningslinjer for kva ein ser etter når ein ønskjer å undersøkje sosial kapital er difor gunstig. Det er særleg tre teoretikarar som er sentrale å nemne her.

### 2.1 Pierre Bourdieu og Robert Putnam

Pierre Bourdieu er nok for mange han ein tenkjer på når kapital- omgrepet vert nemnd, og han er nok den som har fått mest merksemd for sin teori om fenomenet. Han var oppteken av korleis privilegerte menneske kunne bruke kulturelle symbol som markør for velstand og makt, og på denne måten styrke sin posisjon i samfunnet (Field, 2016, s. 3). Bourdieu meinte at menneske kunne ha kulturell kapital og viktig status, uavhengig av deira finansielle posisjon, og at den kulturelle kapitalen i nokre tilfelle kunne erstatte den økonomiske kapitalen i søken etter høgare sosial posisjon (Field, 2016, s. 3). Den franske sosiologen var av dei som brukte dette fleirdimensjonale kapital- omgrepet med vitende og vilje nettopp fordi han meinte at menneske handlar av sjølv- interesse i slike samanhengar (Field, 2016, s. 3).

Bourdieu skil seg frå dei andre teoretikarane som vi seinare skal høyre om, ved at han såg på den sosiale kapitalen som ein ressurs som i hovudsak høyrde til eliten. Han meinte at menneska kan få svært ulik avkastning på den same mengda kapital som vert investert (økonomisk eller kulturell), basert på deira moglegheit til å gjera bruk av nettverk og den sosiale kapitalen som finst innanfor nettverka. På denne måten meinte Bourdieu at sosial kapital kunne vere eit middel til reproduksjon av sosial ulikskap (Field, 2016, s. 5).

Robert D. Putnam er også ein svært sentral teoretikar i debatten om sosial kapital. Hans engasjement er hovudsakeleg for sivilsamfunnet, og han har i samanheng med dette mellom anna forska på den nedgåande trenden for organisasjonslivet i det amerikanske samfunnet. Putnam definerer sosial kapital på følgjande måte;

by 'social capital' I mean features of social life – networks, norms and trust – that enable participants to act together more effectively to pursue shared objectives. (Putnam, 1996, s. 56).

I boka «Bowling Alone» (2000) argumenterte Putnam for at den sosiale kapitalen i USA er minkande, og han viser mellom anna til at borgarane ikkje er like aktive i sivilt engasjement og sosial samhandling som før. Putnam meiner sosial kapital kan vere med på å oppretthalde det demokratiske samfunnet, ved at menneske som samlast i ulike nettverk skapar normer og forventingar om gjensidigheit og tillit, og med dette legg til rette for samarbeid (Field, 2016, s. 17). Til forskjell frå Bourdieu meinte Putnam altså at sosial kapital var noko som fanst i ulike typar nettverk, ikkje berre i elitane, og at heile samfunnet nyter godt av denne type kapitalutveksling mellom borgarane.

## 2.2 Former for sosial kapital og ulike nettverk

Robert Putnam skil mellom to ulike former for sosial kapital; samlande (*bonding*) og brubyggjande (*bridging*). Den samlande sosiale kapitalen finn ein mellom menneske som er lik på ein eller fleire måtar, eller som deler visse trekk (til dømes blant kvinner, eller blant kollegaer), medan den brubyggjande kapitalen finn ein mellom menneske som er forskjellige (som til dømes menneske frå ulike sosiale og kulturelle miljø). I ei religiøs forsamling kan den samlande sosiale kapitalen styrkje forholdet mellom medlemmane og auke fellesskapskjensla. Den kan ha positive effektar, som å skape høg tillit og gjensidigheit inne i gruppa, men kan også ha negative utslag, som framandgjering og isolering frå dei som ikkje er ein del av gruppa. På grunn av det sterke fokuset på fellesskap i religiøse trussamfunn, er

det lett å tenkje at den sosiale kapitalen i slike grupper i hovudsak er samlande. Ein finn likevel også brbyggjande sosial kapital i slike trussamfunn, som til dømes i meinigheiter kor fleire generasjonar samlar seg. I tillegg til samlande og brbyggjande sosial kapital, kan ein også snakke om samankoplande (*linking*) sosial kapital (Woolcook, 1998). Dette kan seiast å vere ein underdimensjon av den brbyggjande kapitalen, då den refererer til relasjonar mellom menneske som er ulik ein sjølv, men skil seg frå denne forma ved at maktfordelinga er vertikal, ikkje horisontal. «Linking social capital connects people across vertical differentials up and down the social scale (Woolcook, 2001), constituting a mix of informal and formal links» (Ferlander, 2007, s. 119).

Det er også interessant å skilje mellom ulike typar sosiale nettverk; horisontale og vertikale, formelle og uformelle, og svake og sterke (Ferlander, 2007, s. 117). Den første distinksjonen, mellom horisontale og vertikale nettverk, handlar om maktbalansen i relasjonen. Horisontale nettverk er prega av likskap mellom medlemmane, og døme på slike nettverk er frivillige organisasjonar eller vennegjengar. I vertikale nettverk er det nokon eller nokre som er høgare enn dei andre på rangstigen, og relasjonen er difor prega av ujamn maktbalanse. Kyrkja, med presten som høgaste religiøse leiar, er døme på eit vertikalt nettverk. Vidare kan ein skilje mellom formelle og uformelle relasjonar, kor relasjonar knytt til jobb og storsamfunnet kan seiast å vere formelle, medan familie- og venekrinsar er uformelle (Ferlander, 2007, s. 118). Til slutt kan ein sjå på styrken av det sosiale nettverket; her er det vanleg å skilje mellom sterke og svake relasjonar. Førstnemnde referera til dei intime relasjonane ein har med familie og nære vener, medan sistnemnde referera til dei mindre djupe og personlege relasjonane som ein gjerne har med arbeids- kollegaer eller andre kontaktar (Ferlander, 2007, s. 118). Ferlander understrekar at sjølv om samlande kapital og sterke relasjonar eller brbyggjande kapital og svake relasjonar, er omgrep som ofte vert forveksla, er det vesentlege skilnader mellom dei. Samlande og brbyggjande kapital referer til graden av likskap mellom aktørane, medan sterke og svake relasjonar viser til det emosjonelle bandet mellom dei (Ferlander, 2007, s. 119).

### 2.3 James Coleman

Sist, men ikkje minst, skal vi ta føre oss James S. Coleman sine teoriar om sosial kapital. Dette er den teoretiske tilnærminga som eg i hovudsak har tatt utgangspunkt i for dette prosjektet. Coleman var oppteken av å forklare sosial handling og samhandling, og brukte sosial kapital som konseptuelt hjelpemiddel i denne prosessen. Han var samd med Bourdieu i

at menneska stort sett handlar av sjølv- interesse, men meinte likevel at det var viktig å sjå dette i samanheng med dei ulike sosiale kontekstane som aktørane handlar i (Coleman, 1988, s. 97). Coleman argumenterte for at det finst svakheiter ved både den rasjonelle og den normative handlingsteorien; den eine gløymer kor sterkt menneska blir påverka av ytre omgivnader, som sosiale normer og nettverk, og den andre presenterer ein aktør som *berre* er driven av omgivnadane og normer, og som ikkje har noko indre driv (1988, s. 96). Coleman ser likevel også styrken i teoriane, og meiner dei begge er sentrale for å forklare sosial handling;

My aim is somewhat different. It is to import the economists' principle of rational action for use in the analysis of social systems proper, including but not limited to economic systems, and to do so without discarding social organization in the process (Coleman, 1988, s.97).

Coleman ser på sosial kapital som lønsamme ressursar som eksisterer i relasjonen mellom menneske. På same måte som med andre former for kapital (til dømes økonomisk), mogleggjer den sosiale kapitalen ulike mål som ikkje hadde vore oppnåelege utan denne kapitalen (Coleman, 1988, s. 98). Den sosiale kapitalen skil seg frå dei andre formane ved at den er ein del av relasjonen, den eksistera *i* relasjonen, til forskjell frå økonomisk kapital som er individuell og manifesterer seg i materielle produkt eller menneskeleg kapital som også er individuell og som baserer seg på éin aktør sine ferdigheiter (Coleman, 1988, s. 98). For å undersøke sosial kapital er det altså fruktbart å observere ulike nettverk og relasjonar, og på denne måten få innblikk i kva sosial kapital som eksisterer.

### 2.3.1 Tenester, informasjonsutveksling og normer

If A does something for B and trusts B to reciprocate in the future, this establishes an expectation in A and an obligation on the part of B. This obligation can be conceived as a credit slip held by A for performance by B (Coleman, 1988, s. 102).

Her brukar Coleman ei økonomisk likning for å forklare ei form for sosial kapital kalla *uteståande tenester*. Kor mykje slik sosial kapital ein kan finne i ulike nettverk avhenger av særleg to faktorar; graden av tillit i nettverket, og kor ofte og kor mange slike tenester som faktisk vert gjengjeldte (Coleman, 1988, s. 102). I sosiale strukturar kor individa er meir sjølvstendige og er mindre avhengige av kvarandre, er det altså få slike uteståande tenester å hente. Dette kan kanskje gjelde store delar av det norske samfunn i dag?

*Utveksling av informasjon* inneetter i eit nettverk er ei anna viktig form for sosial kapital. Ein av måtane ein kan skaffe seg informasjon på er gjennom sosiale nettverk som er basert på andre forhold, altså som ikkje har noko med informasjonen å gjere i det heile tatt (Coleman, 1988, s. 104). Døme på dette kan vere å gå til ei motebevisst dame i meinigheita for å oppdatere seg på dei nyaste motane, framfor å sjølv lese seg opp i moteblad. Eller ein kan få informasjon om nye stillingsannonser, frå ulike medlemmar i meinigheita som jobbar i dei ulike bransjane.

I følgje Coleman, kan *normer*, når dei eksisterer og fungerer, utgjere ei anna viktig form for sosial kapital (Coleman, 1988, s. 104). Normene kan vere internaliserte, eller dei kan vere støtta opp av eksterne faktorar, som påskjøning for gode handlingar og misnøgd for sjølvopptekne handlingar. Denne forma for sosial kapital kan vere mogleggjerande, men også avgrensande. For at normer skal kunne oppstå i eit nettverk, må nettverket bestå av lukka relasjonar (Coleman, 1988, s. 105). Coleman brukar sladder som døme på kvifor dette er essensielt for at normene skal fungere. Sladder kan nemleg flyte fritt så lenge dei som vert sladra til ikkje kjenner kvarandre. I ein lukka relasjon, derimot, kor dei som vert sladra til kjenner kvarandre, vil desse gå saman om å sanksjonere og stoppe den negative oppførselen.

Lukka relasjonar som eksisterer mellom vaksne og barn, som til dømes mor og dotter, kallast *intergenerational closure* (Coleman, 1988, s. 106). Desse relasjonane var særleg relevante i Coleman si studie av skuleprestasjonar og fråfall på ulike barneskular i USA på 1960- talet. Utvalet bestod av offentlege, private og katolske skular, og resultatane viste at det var ved dei katolske skulane (og andre religiøse privatskular) at skuleresultatane var best, og fråfallet var lågast (Coleman, 1988, s. 114- 115). Coleman forklarte dette resultatet ved å peike på den sosiale kapitalen som fanst på dei religiøse skulane, kor både elevane, foreldra og lærarane var del av det same lukka nettverket. Innanfor slike lukka nettverk var det mogleg å utvikle felles normer om skuleprestasjonar, arbeids- og lesevanar og kor viktig det var å fullføra utdanninga. Slike felles normer var vanskelege å etablere innanfor skuleslag med svake og opne nettverk, noko som vil seia at det ikkje fanst negative sanksjonar mot å slutta på skulen, eller normer for kor mykje tid og innsats elevane skulle leggja inn i skularbeidet.

The low dropout rates of the Catholic schools, the absence of low dropout rates in the other private schools, and the independent effect of frequency of religious attendance all provide evidence of the importance of social capital outside the school, in the adult community surrounding it, for this outcome of education (Coleman, 1988, s. 115).

Coleman argumenterte for at den sosiale kapitalen i nettverk ofte er kollektive ressursar, altså ressursar som alle i nettverket får ta nytte av. Til dømes vil normer som oppstår i eit nettverk gjelde alle individa, og ikkje berre den eller dei som fekk dei til å oppstå. Denne eigenskapen av sosial kapital utgjer ei stor skilnad frå dei andre formane for kapital, fordi kapitalen som vert akkumulert ikkje direkte gagnar han som arbeida for det. Det er i denne samanhengen interessant å sjå tilbake på teoriane for sosial handling, og kva som motiverer folk å gjere som dei gjer. Fordi, dersom aktøren ikkje nødvendigvis får utteljing for den sosiale kapitalen hen skapar, kvifor vil hen så skape den? Coleman meiner dette kan forklarast med at sosial kapital ofte vert skapt utilsikta og ubevisst;

The result is that most forms of social capital are created or destroyed as by-products of other activities. This social capital arises or disappears without anyone's willing it into or out of being and is thus even less recognized and taken account of in social action than its already intangible character would warrant (Coleman, 1988, s. 118).

### 2.3.2 Skapande faktorar

Coleman peiker på ulike faktorar som verker inn på korleis den sosiale kapitalen er i ulike nettverk (1988, s. 103). Kor mykje og kva type sosial kapital ein finn i dei ulike nettverka kan mellom anna vere påverka av kor mykje hjelp individa i nettverka faktisk treng. I eit samfunn med fleire andre hjelpeapparat, som til dømes velferdstenester og kor graden av velferd og velstand er høg, er det ikkje like stort behov for framveksten av den sosiale kapitalen. Kulturelle ulikheiter når det gjeld å spørje om hjelp og å hjelpe andre kan også verke inn på den sosiale kapitalen i eit nettverk.

Det er også andre faktorar som legg til rette for at sosial kapital skal oppstå i ulike nettverk. Ifølgje Coleman, er hensiktsmessige nettverk organisasjonar som vert danna med eit føremål, men som seinare også tener andre føremål. Døme på dette kan vere ulike bustadsorganisasjonar som i hovudsak vert danna for å sikre god tilrettelegging for bebuarane, men som også etter kvart kan opplevast som eit sosialt og hyggeleg nabofellesskap, kor sosial kapital som tillit og normer om tryggleik og god naboskikk kan oppstå. Coleman referera til Max Gluckman (1967) sine distinksjonar mellom ulike typar relasjonar for å forklare korleis lukka og hensiktsmessige nettverk skapar sosial kapital. Ein *simpleks relasjon* eksistera mellom to individ som berre kjenner kvarandre frå éin kontekst, til dømes at dei berre er naboar. Ein *multipleks relasjon* eksistera mellom individ som kjenner kvarandre frå fleire kontekstar, til dømes at dei både er naboar og kollegaer. I slike multiplekse relasjonar kan informasjonsutveksling oppstå i éin kontekst, sjølv om den handlar om, eller i hovudsak kan

brukast i ein heilt anna kontekst. Kollegaer, som også er naboar, kan snakkast i lunsjen om å starte protest mot nye reglar i nabolaget, eller informere om ulike aktivitetar som skal skje. Det er interessant korleis den sosiale kapitalen kan fungere i den same relasjonen, på tvers av dei ulike kontekstane; «(...) sometimes, it is the obligations that one person owes a second in relationship X, which the second person can use to constrain the actions of the first in relationship Y» (Coleman, 1988, s. 109).

## 3. Religiøse organisasjonar

### 3.1 Sosiologiske organisasjonstypologiar

Ulike klassifiseringar av religiøse organisasjonar tek omsyn til ulike faktorar, som for eksempel trusretning og føremål. Ein vanleg klassifisering av religiøse organisasjonar i religionssosiologien er kyrkje- sekt. Denne klassifiseringa skal vi komme tilbake til, men først skal vi ta føre oss ein generell sosiologisk organisasjonstypologi, som kan seie noko om fundamentet i organisasjonen.

Den amerikanske sosiologen Amitai Etzioni har utforma ein typologi som ser på forholdet mellom medlemmane og organisasjonen (1978, s. 92). Typologien består av organisasjonar prega av tre forskjellige forhold; tvang, utilitarisme og normativt engasjement. Medlemmane i tvangsorganisasjonar er tvungen til å vere der. Fengsel eller militærvesenet kan vere døme på slike organisasjonar. I utilitaristiske organisasjonar er det nyttetenking som pregar medlemsforholdet; medlemmane er der på grunn av eigeninteresse (Etzioni, 1978, s. 97). Ofte er dette snakk om økonomiske godar, som til dømes løn, og ein kan difor kategorisere arbeidslivet under slike høve. Til slutt nemner Etzioni den normative organisasjonen (1978, s. 95). Her er tilknyttingen prega av normativt engasjement, og medlemmane kan føle at medlemskapet er meiningsfylt for dei. Religiøse organisasjonar hamnar ofte under denne kategorien, nettopp på grunn av det religiøse grunnlaget som ligg i botn av organisasjonsdanninga og -styringa. Det betyr likevel ikkje at religiøse organisasjonar berre er prega av dette medlemsforholdet- også andre ting kan spele inn. Dei fleste organisasjonar er blandingsformer, med innslag av fleire forhold. Det er difor viktig å hugse at typologien i all hovudsak er idealtypisk, og fungerer best som analytisk verktøy. Til dømes vil store religiøse organisasjonar kunne seiast å ha eit normativt engasjement til grunn, men slike fellesskap har som oftast ein tilsett stab som ikkje berre er medlem, men som også har organisasjonen som arbeidsplass. Desse medlemmane er nok også interessert i dei økonomiske godane i organisasjonen, og ikkje berre det normative engasjementet. Nokre religiøse fellesskap kan ha normativt engasjement som hovudprinsipp, men så gå over til eit meir tvangsprega forhold til medlemmane etter kvart. I likskap med alle andre organisasjonar, kan religiøse organisasjonar altså vere dynamiske i både struktur, storleik og føremål.

### 3.2 Kyrkje/ sekt- typologien

I religionssosiologien er kyrkje/ sekt- typologien vanleg å bruke for å skilje mellom ulike religiøse organisasjonar. Denne vart først utvikla av Max Weber, men også den tyske teologen



Ernst Troeltsch er verd å nemne her. Etter kvart kom også andre teoretikarar med innsikter, noko som mellom anna førte til tilføyinga; denominasjon. Det er viktig å nemne her at omgrepet sekt og kyrkje i religionssosiologien ikkje vert brukt med same meining som i daglegtalet, og at det på ingen måte er nedlatande eller negativt (slik som det nokre gonger kan framstillast i daglegtalet). Kyrkje/ sekt- typologien tek føre seg to idealtypar av religiøse organisasjonar;

*Kyrkja*, som stor og integrert institusjon i samfunnet, med mål om å vere ei kyrkje for alle. Den er nådefull og tilpassingsdyktig, noko den nødvendigvis må vere for å kunne ta i mot folkemassane. Kyrkja tenkjer sjølv at dei har monopol på sanninga, og på dei midlane som fører til nåde og frelse. Kyrkja har opne nettverk og kan fungera som brubyggjande sosial kapital.

*Sekta*, som ei mindre gruppe beståande av den religiøse eliten. Sekta stiller krav til sine medlemmar, og er difor sjeldan interessert i å tilpasse seg storsamfunnet sine normer og verdiar. Også sekta tenkjer sjølv at det er den som eig sanninga. Sekta er lukka nettverk med sterk samanbindande sosial kapital.

I artikkelen «The Protestant Sects and the Spirit of Capitalism» (1948), skildrar Weber samfunnet i USA i byrjinga av 1900- talet. Det var på denne tida eit viktig prinsipp å skilje mellom kyrkje og stat (sjølv om dette ofte berre var eit teoretisk prinsipp utan støtte i røynda), men likevel opplevde Weber at religion hadde ei sentral rolle i samfunnslivet. Han fortel om møter med menneske som tydeleg var opptekne av religiøs tilhøyrsløse, og som knyta dette saman med tillit og økonomisk evne. Til dømes fortel Weber om ein doktor som under ein undersøking hadde opplevd at pasienten tydeleg hadde proklamert kva for baptist- kyrkje han var medlem i. Doktoren hadde ikkje forstått kvifor pasienten hadde sagt dette, men hadde seinare lært at dette var for å verifisere for seg sjølv og si økonomiske kapabilitet; «The colleague smilingly informed him that the patient's statement of his church membership was merely to say; 'Don't worry about the fees'» (Weber, 1948, s. 304). Weber fortel og om då han var gjest i ein baptist- dåp, og møtte på ein ikkje- religiøs slektning som hadde kome til dåpen berre for å skape nettverk. Baptisten som var døypt skulle opne bank, og på grunn av si religiøse tilhøyrsløse, og det som denne innebar, ville baptisten utkonkurrere alle dei andre bankane i sitt område.

Admission to the congregation is recognized as an absolute guarantee of the moral qualities of a gentleman, especially of those qualities required in business matters.

(...) *only* those men had success in business who belonged to Methodist or Baptist or other *sects* or sectlike conventicles. (Weber, 1948, s. 305)

Weber introduserte omgrepa *kyrkje* og *sekt* for å forklare kva som gjorde at medlemskap i desse meinigheitene gav visse fordelar i samfunnslivet. Til forskjell frå å vere medlem i kyrkja, kor tilhøyrsla er medfødt og medlemskapet ikkje er avhengig av kor religiøs ein er eller kva for kvalitetar og eigenskapar ein har, er medlemskapet i ei sekt frivillig, og berre personar som er religiøst og moralsk sett kvalifiserte får vere medlem.

Ved å bruke Max Weber si organisasjonssosiologiske kategorisering som baserer seg på ulike autoritetstypar, kan vi sjå at den indre strukturen utgjer ein vesentleg skilnad mellom den idealtypiske kyrkja og sekta. Weber meinte at ein kunne skilje mellom ulike samfunn basert på kva legitime dominansformer dei hadde; tradisjonell, karismatisk og rasjonell- legalt herredømme (2000). Den tradisjonelle autoriteten er grunna i tradisjon og vane, og dominansen går ofte i arv. Slike herredømme- forhold finn ein gjerne i samfunn med manglande refleksjon over andre maktforhold, kor den tradisjonelle dominansen blir verande fordi ingen har vurdert å innføre noko nytt. Tradisjonell autoritet er difor inga sjølvfølge i moderne samfunn, kor autoriteten i høg grad må grunnast. Kyrkja er eit typisk symbol på ei slik tradisjonell makt i samfunnet. Det er eit organ som «alltid har vore der», og som i seg sjølv har mykje respekt og makt. Statskyrkja i Noreg kan vere døme på ein slik legitim maktstruktur. Kyrkja vart i fleire hundre år sett på som ein sjølvsgt del av staten, men parallelt med moderniseringa av den norske stat og samfunn fekk kyrkja mindre makt og posisjon, og i 2017 vart statskyrkja avvikla heilt (Stortinget, 2012). Eller, i alle fall formelt sett. Den katolske kyrkje har framleis svært stor og viktig posisjon i mange samfunn. Denne kyrkja har absolutt sterkt tradisjonelt herredømme, men kan også seiast å ha ei rasjonell- legal autoritetsform. Denne forma gir legitim makt basert på kunnskap og lovgrunnlag (Weber, 2000, s. 92). Autoriteten vert tildelt gjennom ein prosedyre som det er brei einigheit om i samfunnet, og innehavaren går inn i rolla som ein slags formidlar av den kunnskapen som allereie finst. Den amerikanske teologen H. Richard Niebuhr meinte at alle organisasjonar som vil bestå over tid må utvikle ei viss arbeidsdeling (Niebuhr, 1957/1929, s. 18). Den rasjonell- legale autoritetsforma i den katolske kyrkja har alltid vore viktig innanfor den katolske kyrkja i kombinasjon med tradisjonelt herredømme og karismaen knytt til sakramenta, særskilt nattverd. Den idealtypiske kyrkja ønskjer å famne om alle menneska i

samfunnet, og må difor tilpasse seg den rasjonelle utviklinga i samfunnet for å framleis kunne halde seg relevant.

Kyrkja er ofte organisert hierarkisk, med ein utdanna og teologisk kvalifisert prest på topp. Mange kyrkjer får støtte frå staten, og leiinga har ofte økonomisk og politisk innflyting. I sekta, kor alle medlemmane er like kvalifiserte og investerte, er strukturen meir horisontal. Pastoren vert valt på grunn av karisma og personlege eigenskapar, og ikkje på grunn av lang presteutdanning eller kyrkjeleg legitimitet. Den idealtypiske sekta basera seg på ei karismatisk autoritetsform. Denne forma er i utgangspunktet meir personleg, og basera seg på korleis innehavaren formidlar og kommuniserer bodskapet til sine etterfølgjarar. Karismatiske leiarar i religiøse organisasjonar grunnjev ofte sin autoritet med eit guddommeleg kall, og bruker dette oppdraget for å rettferdiggjere den legitime makta.

Ernst Troeltsch syntest det var interessant å sjå på korleis kyrkja og sekten skilde seg i spørsmålet om korleis det religiøse fellesskapet skulle organiserast. «Kirken er en institusjon som har blitt utstyrt med nåde og frelse...» (Troeltsch, referert i Repstad og Furseth, 2003, s. 164). Kyrkja søker etter å vere til stades for alle menneska i eit samfunn, og må difor (nødvendigvis) tilpasse seg samfunnet rundt for å nå ut til alle. Kyrkja vil ha kontroll på verda, og vert difor sjølv kontrollert av verda (Repstad og Furseth, 2003, s. 164). Sekten manglar kyrkjjas inkluderande ambisjon, den er samansett av strengt religiøse kristne, som alle «vektlegger loven mer enn nåden» (Troeltsch, referert i Repstad og Furseth, 2003, s. 164). Sekten tilpassar seg ikkje samfunnet rundt, men kan heller velje å leve åtskild frå verda, vekk frå alt som distrahera medlemmane frå sitt verkelege kall. Både kyrkja og sekten gjer krav på å vite den eine sanning.

H. Richard Niebuhr var interessert i kyrkje/ sekt- typologien, men syntest det var vanskeleg å bruke omgrepa på religiøse organisasjonar i sitt eige (amerikanske) samfunn. I boka «The Social Sources of Denominationalism» (1957/ 1929) argumenterer Niebuhr for at dei to idealtypane bør sjåast på som ytterpunkt på ein akse, og at det er fruktbart å inkludere ein ny organisasjonsform mellom dei. Niebuhr opplevde nemleg eit amerikansk samfunn kor fleire religiøse organisasjonar levde fredeleg saman. Ingen av dei hadde dominans over samfunnet, slik ei kyrkje kunne seiast å ha i andre samfunn, men fellesskapa var heller ikkje så strengt religiøse og lukka, slik som dei idealtypiske sektene. Kyrkje- samfunna var ein mellomting, og Niebuhr utvikla difor den idealtypiske *denominasjonen*. Dette tilskotet til typologien var på fleire måtar ein mellomform; den var midt mellom kyrkje og sekt i både storleik og krav til engasjement frå medlemmane. Denominasjonen kunne også sjåast på som

meir økumenisk enn både kyrkja og sekten, i den forstand at den i større grad akseptere andre trussamfunn, og at også desse kunne ha viktige element av sanning i seg (Repstad og Furseth, 2003, s. 165).

Kyrkje/ sekt typologien har vore sentral i religionssosiologien heilt sidan den vart introdusert, og har også blitt brukt som utgangspunkt i utviklinga av nye typologiar. Den britisk- amerikanske sosiologen Roland Robertson presenterte i 1970 ein firefelts- typologi som kategoriserer organisasjonane ut i frå i kva grad dei krev å representere sanninga åleine, samt om organisasjonen har eit inklusivt eller eksklusivt medlemskapsprinsipp.

	<b>Pluralistisk legitimitet</b>	<b>Unik legitimitet</b>
<b>Eksklusivt medlemskapsprinsipp</b>	Institusjonalisert sekt	Sekt
<b>Inklusiv medlemskapsprinsipp</b>	Denominasjon	Kyrkje

*Tabell 1 Henta frå Repstad og Furseth, 2003, s. 166*

Den institusjonaliserte sekten har ein meir open innstilling, og er meir villig til å samarbeide med andre religiøse organisasjonar enn det den idealtypiske sekten er. Weber var oppteken av korleis religiøse organisasjonar leda av karismatiske leiarar ville overleve over fleire generasjonar, og hans løysing på overlevinga var at desse organisasjonane måtte institusjonaliserast. Her kan ein nok dra nokre likskapstrekk til nettopp den institusjonaliserte sekten. Hovudskilnaden frå den idealtypiske sekt ligg her i at den må tilpasse seg samfunnet i den grad at den vil kunne bestå lenger enn den første, djupt investerte kjernen av religiøse menneske. Også den amerikanske sosiologen John M. Yinger såg behovet for å inkludere den institusjonaliserte eller etablerte sekt, samt denominasjonen i kategoriseringa av religiøse organisasjonar (Yinger, referert i Repstad, 1981, s. 60). Yinger meinte at denominasjonen var den mest vanlege forma for religiøs organisasjon i dei industrialiserte vestlege landa.

Den britiske sosiologen Roy Wallis (1976) utvikla også ein firefelts- typologi basert på kyrkje/ sekt, og har i likskap med Robertson teke utgangspunkt i kva grad organisasjonen har pluralistisk eller unik legitimitet. Som den andre dimensjonen har Wallis vald å fokusere på korleis organisasjonen vert sett på av storsamfunnet, om den er avvikande eller respektabel (Wallis, 1976, s. 13).

	<b>Pluralistisk legitimitet</b>	<b>Unik legitimitet</b>
<b>Avvikande</b>	Kult	Sekt
<b>Respektabel</b>	Denominasjon	Kyrkje

Tabell 2 Henta frå Repstad og Furseth, 2003, s. 167

Roy Wallis inkluderer her ein type religiøs organisasjon som først vart introdusert av sosiologen Howard Becker (1932), nemleg *kulten*. Kulten er avvikande til haldningar og normer i storsamfunnet, særleg knytt til etablert religion og skulemedisin, men er i større grad enn sekten open for andre trussamfunn og deira livstolkingar (Repstad og Furseth, 2003, s. 167). I tillegg til å skilje mellom kyrkje og sekt, og alt innimellom der, meinte den britiske sosiologen Bryan Wilson (referert i Repstad, 1981, s. 62) at det var fruktbart å gå djupare inn i verda av sekter, og sjå på ulike typar sekter. Han meinte det fantes sju ulike typar, og baserte kategoriseringa på kva for forhold sektene har til storsamfunnet, samt kva for respons dei har til omgivnadane (Repstad, 1981, s. 62). Omvendingssekter er nok sekttypen som har vore mest sentral i Noreg.

### 3.2.1 Kritikk til typologien

Eit problem oppstår når ei sekt utviklar seg over tid, og nye generasjonar fødes inn i organisasjonen. Då er ikkje medlemskapet lenger frivillig eller berre beståande av den spesielt ihuga religiøse eliten, men også deira barn. I ein studie av politiske og religiøse organisasjonar i Noreg på 1800- talet, fann Inger Furseth at dersom organisasjonen tilbyr roller for heile familien, er dette ein suksessfaktor for at den skal bestå over lenger tid (Repstad og Furseth, 2003, s. 174). Eit anna problem som kan oppstå i slike strengt religiøse fellesskap er det faktum at asketisk moral ofte fører til ein viss velstand, noko som vidare kan føre til felles interesser og ønsker om innverknad i storsamfunnet (Repstad, 1981, s. 59).

Kyrkje/ sekt- typologien har vorte kritisert for å ikkje vere brukbar, då det er for faste rammer rundt definisjonane, noko som fører til at dei færreste religiøse organisasjonar kan plasserast i kategoriane. Det er difor viktig å hugse at dei ulike formane for religiøse organisasjonar berre er meint som idealtypar, og er ikkje fastsette, gjensidig utelukkande kategoriar. I praksis vil ein nok finne svært få reindyrka sekter, slik eg har beskrive dei her, men mange religiøse fellesskap kan til dømes kategoriserast som nærare sekt, enn kyrkje på «skalaen». Sånn sett kan ein sjå positivt på den kontinuerlege diskusjonen rundt kyrkje/ sekt- typologien, fordi den bidreg til nye kategoriar og relevante dimensjonar som kan gjere typologiane meir spesifikke og anvendelige. Sosiologen John A. Coleman kritisera denne

vidareutviklinga av typologien, og meiner vi burde gå tilbake til dei originale definisjonane; «The concepts of church- sect have become imprecise and non- operational. There is little definitional consensus among those who use the concepts as to the specific differentiating characteristics of church- sect.» (Coleman, 1968, s. 55).

Kyrkje/ sekt- typologien har også vorte kritisert for å ha ei alt for avgrensande relevans. Nokre meiner at ved å fokusere for mykje på religiøse organisasjonar, overdriv ein kor særigne desse organisasjonane er ovanfor andre typar organisasjonar (Repstad og Furseth, 2003, s. 170). Religionssosiologien fell ofte mellom to stolar, og blir nokre gonger oversett av både religionsvitskapen og sosiologien. Kritikarane meiner at ein typologi fokusert berre på religiøse organisasjonar flyttar religionssosiologien endå lenger vekk frå det sosiologiske fagfeltet, og dermed hindrar generell sosiologisk teoridanning rundt dei religiøse organisasjonane (Repstad og Furseth, 2003, s. 170). I dei neste avsnitta vil eg bruke både kyrkje/ sekt- typologien og andre organisasjonskategoriseringar, samt Coleman sine teoriar om lukka nettverk for å skildre medlemsnettverket i dei religiøse organisasjonane som vert undersøkt i denne studia. Eg ønskjer med dette å skape eit felles sosiologisk- og religionssosiologisk- rammeverk for analysen som kjem seinare i oppgåva.

### 3.2.2 Medlemsnettverket

Dersom vi ser for oss «skalaen» av religiøse organisasjonar, kan det sjå ut til at begge meinigheitene i denne studien liknar på denominasjonar, og at dei ligg noko nærmare sekt enn kyrkje. Meinigheitene er frivillige religiøse organisasjonar som består av dedikerte medlemmer, men dei har begge (i ulik grad) tilpassa seg samfunnet rundt. Vi har sett på korleis religiøse organisasjonar kan kategoriserast ut i frå ulike dimensjonar, som medlemstilknytning, autoritetsform, korleis organisasjonen vert sett på av storsamfunnet og om dei hevdar å ha unik eller pluralistisk legitimitet. For å sjå meir på meinigheitene som vert introdusert i denne studien er det nødvendig å introdusere ein ny kategoriserings- dimensjon; nemleg medlemsnettverket. Weber argumentera for at medlemsnettverket i ei sekt er annleis enn i kyrkje.

And the canonical limitation of the size of the unity, the congregation, to such dimensions that all members personally know one another and, therefore, can judge and supervise their probation reciprocally has always been a fundamental Baptist principle (Weber, 1985, s. 9).

For at eit medlemskap i ei sekt skal kunne fungere som ei økonomisk og sosial kredittsjekk, er det essensielt at alle medlemmane er verdige og moralsk sett kvalifiserte- ikkje berre når dei først vert medlem, men gjennom heile medlemskapet. I sitatet ovanfor argumentera Weber for ein av grunnane til at dette fungerer i ei sekt, og ikkje i ei kyrkje. Her er det interessant å gå tilbake til James Coleman og hans teoriar om korleis normer eksisterer og fungerer i et nettverk. For at normene som oppstår skal fungere, må relasjonane i nettverket vere lukka (Coleman, 1988, s. 105). Medlemmene må kjenne kvarandre, slik at dei kan sanksjonere uønskt oppførsel og oppmuntre til gode handlingar. Felles tillit til at avtalar vert haldne og til at handlingar vert gjengjeld er viktige faktorar i både lukka nettverk og i sekter. Sjølv om det no er snakk om Weber si idealtypiske sekt, er nok dette ein dimensjon som kan seiast å vere relevant i mange religiøse organisasjonar og som kan tenkast å vere eit sentralt trekk også ved til dømes denominasjonen. Situasjonane som Weber beskriv i artikkelen, med pasienten som formidlar si økonomiske sikkerheit ved å fortelje kva meinigheit han høyrer til, og med mannen som vert døypt (og som mest sannsynleg vart ein svært suksessfull bankmann) beskriv eit heilt annleis samfunn enn det Noreg har i dag. Likevel kan desse fortellingane seiast å handle om noko av det same som eg søker å forstå i denne studia, nemleg korleis sosial kapital fungerer i religiøse organisasjonar.

### 3.3 Meinigheitene

I samtale med informant Knut fortel han at den samfunnsmessige betydninga til meinigheita han går i har endra seg med tida.

Den menigheten som jeg selv tilhører (...) har bidratt betydelig økonomisk, for eksempel, til fattige og trengende gjennom tidene, som det kanskje ikke er så stort behov for (...) nå lenger når staten har blitt såpass stor. (Knut, s. 21).

Samfunnet har endra seg, behovet til befolkninga har endra seg, og difor kan det sjå ut til at også meinigheita har endra seg, i vertfall med tanke på samfunnsposisjon og -ansvar. Som tidlegare nemnd, kjem Coleman med døme på fleire faktorar i eit nettverk som kan føre til at sosial kapital ikkje veks fram i eit samfunn. Her vert det nemnd mellom anna graden av velferd i befolkninga, moglegheita for hjelp frå andre samfunnsinstitusjonar (velferdsstaten), og kulturelle skilnader i kor vanleg det er å hjelpe andre og å sjølv spørje om hjelp (Coleman, 1988, s. 103). Dette er faktorar som i stor grad er til stades i det norske samfunn. I følgje ei forskning finansiert av Noregs forskingsråd, er sjølvstendigheit ein svært viktig verdi for den

norske befolkninga – faktisk er ingen andre befolkningar i Europa så oppteken av det som nordmenn (Amundsen, 2017). Uttrykket «it takes a village to raise a child», som i utgangspunktet handlar om den hjelpen mor og far treng frå familie, vener og andre i lokalsamfunnet for å oppdra eit barn, kan tolkast nokså annleis i det norske samfunnet. Foreldre i Noreg kan i stor grad klare seg sjølv, utan noko hjelp eller støtte frå lokalsamfunn eller vener - så lenge dei har tilgang på velferdsstaten sine eigne støtteordningar. Dette gjeld også andre samfunnsområde, som til dømes hjelp til utdanning, arbeidsløyse og etableringa av ein heim. Knut har altså eit godt poeng når han forklarar meinigheita sitt reduserte samfunnsansvar; det er ikkje lenger eit samfunnsmessig behov for det religiøse fellesskapet. Men, sjølv om det sekulære norske samfunn består av fleire ikkje- skapande faktorar for sosial kapital er det ikkje naudsynt slik at dette gjeld for dei mindre gruppene i samfunnet, slik som meinigheitene vi no skal ta føre oss.

### 3.3.1 Teologisk og historisk bakgrunn

Før vi tar føre oss kva for type meinigheiter dette er, skal vi sjå på deira teologiske og historiske bakgrunn. Med desse samanlikningsgrunnlaga kan vi seie at dei er to nokså ulike meinigheiter, då den eine meinigheita høyrer til det evangelisk- lutherske kyrkjesamfunnet, medan den andre høyrer til dei karismatiske rørslene. Mange evangelisk- lutherske meinigheiter i Noreg oppstod som mindre sekter innanfor statskyrkja. Ein av grunnane til at desse grupperingane vaks fram var at dei sterkt dedikerte og religiøse medlemmane i kyrkja syntest kyrkja stilte for få krav til sine medlemmar (Repstad, 1981, s. 57). I følge Repstad, kan det at dei utbrytande sektene framleis var knytt til kyrkja forklarast med at mange av leiarane og medlemmane var kyrkjetru, og at dei gjerne sjølv var prester i kyrkja (1981, s. 57). Dei dedikerte medlemmane ønskja altså framleis å vere ein del av kyrkja, men syns teologien burde vere praktisert strengare og meir bibeltru.

Dei karismatiske rørslene kan også karakteriserast av streng bibeltru. Rørsla er kjenneteikna ei sterk tilknytning til den heilage ande, og praktiseringa av nådegåver, som til dømes profeti og tungetale, er difor eit viktig innslag i den religiøse praksisen. Begge meinigheitene er vekkelsesrørsler, noko som betyr at dei har stort fokus på omvending frå synd. Basert på denne karakteristikken kan ein gjerne seie at dei begge minner om Bryan Wilson si *Conversionist sect*. For å skilje mellom meinigheitene vidare, vil eg bruke nemningane; den evangelisk- lutherske meinigheita og den karismatiske meinigheita. Som Knut fortel i førre sitat, har den evangelisk- lutherske meinigheita hatt stor samfunnsmessig



betydning gjennom tidene, men har no mindre slik innverknad på lokalsamfunnet. Den karismatiske rørsla er relativt ung og eksisterte difor ikkje i tida før velferdsstaten. Likevel vil nok begge meinigheitene seie at dei utfører viktige samfunnsoppdrag også i dag, i form av misjonsarbeid i både utland og lokalsamfunn. På dette punktet liknar nok meinigheitene meir på den inkluderande kyrkja, enn på den åtskilde sekta.

### 3.3.2 Grad av openheit

Eg får inntrykk av at alle informantane er dedikerte medlemmar, både med tanke på kor mykje tid dei bruker i meinigheita, men også med tanke på at meinigheitslivet er ein så viktig del av livet deira. Alle informantane fortel at dei anten er eller har vore aktive medlemmar som har delteke på møter minst ein gong i veka. I begge meinigheitene er det lagt opp til at medlemmane kan vere med på møter utanom å delta i gudstenesta kvar veke, som til dømes bibelmøter eller korsamlingar. Sjølv om medlemmane i stor grad er religiøst dedikerte og aktive i meinigheita, verkar det ikkje som at dette er eit krav frå meinigheita, slik som det ville vore i den idealtypiske sekta. Oda fortel at mannen hennar ikkje er personleg kristen, men er likevel medlem av meinigheita for å vere deltakande i barna sine liv. Når eg spør om han har opplevd noko motstand på grunn av dette, frå meinigheita eller andre medlemmar, fortel ho at han kjenner seg velkommen og at meinigheita berre syns det er hyggeleg at han er med; «... det har bare vært positivt egentlig» (Oda, s.16). I Oda sin meinigheit er det tydeleg ikkje problem å ikkje ha den personlege trua på plass for å vere medlem. Mari, som går i same meinigheit, tydeleggjer denne opne filosofien; «... kirken [er] veldig tydelig på at alle er vennene våre, om du tror eller ikke (...), du er så sykt velkommen uansett i kirken» (Mari, s. 18). Den karismatiske meinigheita verkar altså å ha ei pluralistisk legitimitet og open tilnærming til andre livssyn. Også medlemmane i den evangelisk- lutherske meinigheita er til ei viss grad open, i alle fall meir enn medlemmar i den idealtypiske sekta ville ha vore. I dagens pluralistiske samfunn vil det vere naudsynt å ha ei open tilnærming til andre religiøse fellesskap for å vere akseptert i storsamfunnet. Det kan likevel verke som at meinigheita har unik legitimitet, altså at dei krev å representere sanninga åleine. Dette kjem mellom anna fram i samtale med Knut;

Det som jeg føler det store skillet går på er jo synet på om kristendom er noe reelt, eller om det er en menneskelig oppfinnelse. (...) Selv om de [for eksempel Den Norske Kirke] kanskje ikke sier det direkte så føler jeg at de sier indirekte at det som har med bibelen og kristendom å gjøre, beskriver egentlig ikke realiteten. (...) årsaken til at det kanskje ikke er så farlig med om det i bibelen står sånn og sånn om

spørsmålene er fordi at det er ting som på en måte uansett må tilpasses litt til vår tid. (Knut, s. 13)

Hvis mine foreldre derimot hadde hatt den holdningen som jeg beskriver, (...) at alle religioner egentlig uttrykker det samme (...), ville det vært mye vanskeligere [å godta] (Knut, s. 13).

Vigdis fortel om dottera si som i løpet av ungdomsåra ikkje lenger ville vere medlem i meinigheita. Ho klarar ikkje sjølv å setje ord på kva som kunne vere grunnen til dette, men når eg spør om det kan ha samanheng med at det gjerne var i desse åra dottera oppdaga at ho var homofil, er Vigdis samd med at det kan ha ein samanheng. Vigdis seier ikkje direkte at homofili ikkje er greitt i meinigheita, men fortel likevel fleire historier som får meg til å tru at dette er tilfellet. Ho fortel mellom anna om ein dag då ho møtte naboen sin, som er «samboer med en homofil mann» (Vigdis, s. 14), då ho var på veg for å synge i kyrkjekoret;

Og så sier han at han var så glad i å synge, og om ikke han kunne begynne i dette koret? Og da måtte jeg tenke «okay, hva hvis han skulle begynt i det koret?» Og jeg sa hverken det ene eller det andre, men bare «jaja» (Vigdis, s. 14).

Ei meinigheit som har streng bibeltru, slik den evangelisk- lutherske meinigheita verker å ha, vil i dagens samfunn skilje seg frå storsamfunnet på mange områder og i mange saker. Dette kan gjerne skape ubehag for dei som opplever å falle utanfor desse rammene, som til dømes dottera til Vigdis, medan Vigdis sjølv ser ein tryggleik i dette;

For det er jo ordene. Menneskene. Og det er veldig trygt, kjenner eg. Når jeg går i [menigheten], det er ikke det stedet der du får høre ting som er på kanten, eller sånn. Det er ordet, det er Guds ord. Så det er veldig, veldig sjeldent at jeg opplever å høre noe som er «Nei, kjære vene, hva sa du», det tror jeg nesten jeg kunne skrevet ned i en bok at det bare var to tilfeller, eller sånn, gjennom alle disse årene. Og det er jo veldig trygt, det kjennes veldig trygt (...) når det er Guds ord (Vigdis, s. 15).

Det kan verke som at ved akkurat dette trekket, så skil dei to meinigheitene seg frå kvarandre. Sjølv om karismatiske rørsler stort sett har sterk bibeltru, speglar ikkje dette seg i medlemmane av den karismatiske meinigheita. Dette treng ikkje nødvendigvis vere fordi meinigheita ikkje har bibeltru, men kanskje heller fordi dei *også* har pluralistisk legitimitet og ei open tilnærming.

### 3.3.3 Maktstruktur og leiing

Leiaren i ei idealtypisk sekt er ikkje naudsynt teologisk lærd, og går ikkje inn i ein fastsett maktposisjon, slik som prestane i den idealtypiske kyrkja gjer. I sekta er alle medlemmane like religiøst involverte og lærde, og leiaren må difor vise til andre eigenskapar, som for eksempel formidlingsevne og karisma. Det er også eit poeng her at medlemmane av sekta har moglegheit til å stille høgare krav til leiaren sin, fordi dei alle stillar nokså likt, og meinigheita difor har moglegheit og rett til å erstatte hen dersom dei ønskja det. Det kjem tydeleg fram at denne forma for leiarskap er til stades i den karismatiske meinigheita. Når informant Oda og eg snakkar om arbeid i meinigheita, fortel ho korleis ho oppfattar utvaldsprosessen av leiaren i meinigheita;

[Ansettelsen] skjer nok mer internt, i hvert fall i forhold til det jeg vet, for jeg har aldri hørt om at de har utlyst noe. Men de fleste ansatte i menigheten, tror jeg hvert fall, er jo pastorene, altså det er de som får lønn. Og da er det jo kun personlig egnethet som teller, så det blir jo, ja, litt rart å utlyse det kanskje (Oda, s. 6)

Informant Knut, frå den evangelisk- lutherske meinigheita, fortel at han og kona tidlegare var medlem av ei anna meinigheit, men av ulike grunnar valde å bytte til deira noverande meinigheit. Ein av grunnane til bytet var at dei ikkje var heilt komfortable med kor kritisk det var lov å vere til leiinga, altså kor stor innflyting dei som medlemmar kunne ha på drifta. Det var viktig for Knut å vere i ein meinigheit kor medlemmane kunne involvere seg aktivt, og kor leiinga ikkje tok vanskelege avgjersler utan å høyre med resten av meinigheita først; «(...) og så hadde ledelsen likevel bestemt at det var greit, uten å gå veien om menigheten for å avklare derfra.» (Knut, s. 2). I meinigheita som dei bytte til, den som dei no er medlem av, opplevde Knut og kona at «(...) det var litt mer åpenhet for å diskutere ting åpent og ja.. finne frem til ting i fellesskap da.» (Knut, s. 2). Denne moglegheita for engasjement og dedikasjon er som sagt eit typisk trekk ved den idealtypiske sekta, noko som taler for at også denne meinigheita ligg nærmare sekt på «skalaen» når det kjem til maktstruktur og leiing.

### 3.3.4 Lukka nettverk

For at sosial kapital, i form av normer, skal oppstå og fungere må det eksistere eit behov for å avgrense negative handlingar og oppmuntre til gode handlingar. Desse behova finst i begge meinigheitene, kanskje særleg fordi det er snakk om religiøse nettverk som ønskjer å ha innverknad på medlemmane sine liv og livsval. I dagens samfunn kan det religiøse livet, med dei livsvala og normene som det inneber, vere utfordrande å følgje. Det er difor ei sentral oppgåve for meinigheitene å skape andre normer for medlemmane, normer som gjer det

religiøse livet lettare å leve og som gir meir meining i den religiøse samanheng. Likevel, sjølv om desse behova for avgrensing og oppmuntring av handling finst i begge nettverka, betyr ikkje det nødvendigvis at normene som vert forsøkt skapt fungerer. I følgje Coleman, føreset dette nemleg at nettverka er lukka og at det er høg grad av tillit blant medlemmane. Nettverka i meinigheitene er lukka i den forstand at dei fleste medlemmane kjenner til kvarandre. Mari, i den karismatiske meinigheita, fortel at meinigheita har stort fokus på å «sjå» alle medlemmane, eller i alle fall å ønskje alle nye medlem velkommen når dei kjem for første gong. Ho fortel at ho sjølv er medlem i ein slags velkomstkomité som har som oppgåve å helse på alle medlemmane som kjem til gudsteneste.

(...) jeg synes det er så viktig med inkludering, (...) det knuser hjertet mitt dersom folk kommer til [menigheten] og så er det ikke noen som har sagt *hei* til de (Mari, s. 21).

Hans fortel at dei har ei slik ordning i den luthersk- evangeliske meinigheita også; «Og så har de der en ordning med at det står to stykker og ønsker folk velkommen når de kommer inn i møtene, og det er fint» (s.4). Vigdis opplever at den luthersk- evangeliske meinigheita er «lyttande»;

For eksempel, han som var møteleder i går, han sa da trosbekjennelsen og fadervår mye roligere. Jeg har sagt at jeg ikke klarer å høre det så fort, for man ønsker jo å få med seg disse ordene. (...) Og da ble jeg lyttet til av han. (...) Det er veldig okay når du kan si ting til menigheten (Vigdis, s. 7).

Dette fokuset på å sjå og lytte til medlemmane sine, tolkar eg å vere eit teikn på at dei to meinigheitene er lukka nettverk. Også andre ting understrekar dette, som til dømes det Knut fortel om å gripe inn dersom han ser at andre medlemmar gjer noko som han ikkje trur er lurt eller bra, altså at dei bryt *norma* i meinigheita;

(...) man går jo i en menighet også for å få veiledning om hvordan det er lurt å leve livet som kristen. Og den veiledningen kan komme fra talerstolen, og den kan også komme fra venner i bibelgruppen. (...) (Knut, s.16).

Knut fortel at dersom han hadde sett nokon gjere nokre livsval som ikkje er anbefalt i meinigheita, som til dømes å bli saman med nokon som ikkje er religiøs, ville han; «følt på en dårlig samvittighet og at det var trist hvis det var ingen som kunne ta den samtalen med vedkommende» (s. 16). Desse livsvala som anbefalast eller vert frårådd i meinigheita kan sjåast på som normer for korleis livet bør levast. At Knut kjenner på ei trong til å seie i frå

dersom nokon ikkje følgjer desse normene er eit sikkert teikn på at normene faktisk fungerer, og at nettverket i meinigheita er lukka.

Ut i frå det medlemmane frå den karismatiske meinigheita fortel, er det ikkje ofte det oppstår slike situasjonar i deira meinigheit. Til dømes har ikkje Oda og mannen fått nokre spørsmål eller formaningar frå meinigheita eller andre medlemmar om det faktum at ektemannen ikkje er personleg kristen. Ei mogleg forklaring på dette er at det ikkje finst så mange normer i meinigheita, eller at dei som finst ikkje fungerer godt nok- kanskje på grunn av den opne og pluralistiske haldninga? Det verker likevel som at meinigheita er lukka, med tanke på kor mykje tillit som finst mellom medlemmane, og eg vil difor tru at det er meir sannsynleg at oppfølginga av normene i den karismatiske meinigheita skjer på ein anna måte enn i den luthersk- evangeliske meinigheita, og at det difor ikkje er like enkelt å sjå at desse normene eksisterer og fungerer. Både den karismatiske og den luthersk- evangeliske meinigheita ser ut til å vere lukka nettverk med samanbindande sosial kapital.

I dette kapitlet har vi sett at meinigheitene kan plasserast nærmare «sekt» enn «kyrkje» på skalaen av religiøse organisasjonar, mellom anna fordi det i begge meinigheitene er snakk om ei mindre gruppe dedikerte medlemmar med ulik grad av openheit for omverda og pluralistisk legitimitet. Meinigheitene kan av fleire grunnar kallast lukka nettverk; det er høg grad av tillit mellom medlemmane, det er fokus på at alle skal føle seg velkommen og sett, og dei fleste kjenner til kvarandre. På grunn av det normative engasjementet i meinigheitene eksistera det eit behov for å avgrense uønskt oppførsel og oppmuntre til gode handlingar blant medlemmane, noko som fører til skapinga av normer. I dei neste kapitla skal vi sjå meir på korleis medlemmane opplever nettverka i meinigheita, samt korleis ulike relasjonar og normer har innverknad på samfunnsliva deira, nærmare bestemt i tilknytning til arbeid, livsstil, intime relasjonar og krevjande livssituasjonar.

## 4. Metode

### 4.1 Kvalitative forskningsintervju

Før eg tek dykk gjennom dette kapitelet av metodisk refleksjon, vil eg igjen minne på kva problemstillinga for prosjektet er. For å forstå dei metodiske vala som er gjort i prosjektet er det heilt naudsynt å først vite kva utgangspunkt som låg til grunn – kva var føremålet med studien og kva type informasjon ville best mogleg bidra til å svare på problemstillinga? Val av forskingsmetode bør nemleg basere seg på nettopp kva ein ønskjer å finne ut av (Silverman, 2014, s. 9). Eg ønskja å undersøkje korleis medlemmane av kristne meinigheiter opplever å få bruk for nettverk/ kontaktar innanfor det religiøse fellesskapet som ressursar til å oppnå andre gode i samfunnslivet elles. Eg ønskja å høyre om *opplevingane* til medlemmane; korleis dei opplevde medlemskapet, både innanfor nettverket men også utanfor. I følgje Silverman (2020, s. 181) er kvalitative intervju særleg nyttige for å få innsikt i folk sine erfaringar, tolkingar, forståingar og meiningar rundt eit tema. Eg valde difor å gå for kvalitative forskningsintervju som metode for prosjektet. I følgje Brinkmann og Kvale, er målet med ein slik metode; «å forstå verden sett fra intervjupersonenes side» (Brinkmann & Kvale, 2015, s. 20).

Informantane er delaktige i intervjuet gjennom å skape forståing og meining om det bestemte tema, og i dette tilfelle var det informantane sine liv, og særleg meiningsliv, som var tema.

I byrjinga av prosjektet hadde eg ein tanke om at sosial kapital- omgrepet kunne brukast for å gjere meining av opplevingane til informantane, men etter kvart vart denne tanken revurdert til fordel for ei meir open tilnærming. Datainnsamlingsprosessen var altså inspirert av Glaser & Strauss (1967) sine tankar om ei *grounded theory*, ein metode som går ut på å unngå å knytte seg til éin teori eller teoretisk rammeverk når ein går inn i ein studie. Glaser og Strauss argumentera for at dersom ein på førehand bestemmer seg for ein teori, kan ein verte blind for andre interessante og meir relevante teoriar, noko som vidare fører til teoretisk insensitivitet (1967, s. 46). Eg visste ikkje spesifikt kva eg var ute etter, eller kva for teori som ville vise seg å vere relevant- det einaste eg visste var at eg ønskja å finne ut av korleis kristne menneske opplever å vere medlem av kristne meinigheiter i dagens samfunn. Ved å ha ei *grounded theory*- tilnærming kunne eg ha hovudfokus på empirien, og la datamaterialet etter kvart føre meg til ei passende teori.

Eg utarbeida ein intervjuguide med ulike tema som kunne vere interessante, med mål om å hente inn så mykje informasjon som mogleg om informantane sine meiningsliv, og samfunnslivet elles. Intervjuguiden var nokså full, av ulike spørsmål og tema, men eg var opptatt av å få med det som informantane sjølv syns var viktigast å få med, og var difor heile

tida open for å introdusere nye spørsmål og tema undervegs i samtalen. I nokre av intervjua opna dette for inspirerende samtalar som eg tok med meg vidare til neste intervju, medan i andre intervju spora samtalen av til noko som i seinare tid viste seg å ikkje vere nyttig for den foreløpige problemstillinga. Sjølv om det er mange likskapar å finne i intervjua, opplever eg også at kvar av informantane tilfører noko nytt og spennande til datasamlinga, ei ny vinkling eller interessante erfaringar. Dette opplever eg som ei styrke i datamaterialet og for studien som heilskap.

I den første fasen av prosjektet hadde eg altså eit ideal om å bruke grounded theory som tilnærming. Etter kvart som informasjonen kom inn og eg byrja å analysere innhaldet, såg eg derimot at teorien om sosial kapital likevel kunne vere interessant og relevant. Eg var likevel opptatt av å ikkje verte teoretisk insensitiv, og brukte difor sosial kapital som eit sensitiverande omgrep. Blumer (1969) introduserte konseptet om *sensitiverande omgrep* som ein motsetnad til definitive omgrep, altså omgrep som beskriver spesifikke karakteristikkar og eigenskapar ved omgrepet. Dei sensitive omgrepa fungerer meir som noko som kan kasta ljós over sentrale aspekt ved intervjua. I følge Blumer, kan ein seie at dei definitive omgrepa gir ein oppskrift på kva ein skal sjå etter i empirien, medan dei sensitiverande omgrepa gir ein retning å sjå i (1969, s. 147). Når eg i dette prosjektet seier at eg brukte Coleman sine teoriar om sosial kapital som sensitiverande omgrep, vil det i praksis seie at eg brukte teoriane som eit slags haldepunkt gjennom analysen. Eg opplevde at sjølv om eg hadde éin teori i fokus, var eg open for at ikkje all empiri kunne knytast til denne og at andre meir interessante og relevante vinklingar kunne avslørast undervegs i analysen.

#### 4.1.1 Reliabilitet og generalisering

*Reliabilitet* i eit forskingsprosjekt handlar om i kva grad resultata og funna er pålitelege og stabile, og at dei ikkje berre er resultat av tilfeldigheter (Silverman, 2014, s. 83). Dersom andre forskarar hadde gjennomført det same forskingsprosjektet, ville dei kome fram til dei same resultata? Moisander og Valtonen (referert i Silverman, 2014, s. 84) meiner ein kan oppnå god reliabilitet i kvalitativ forskning ved å vere open og transparent overfor lesarane, både når det gjeld dei metodiske- og dei teoretiske vala som vert gjort. Silverman meiner det er viktig å bruke *low- inference descriptors* når ein bruker kvalitative intervju som metode (2014, s. 88). Dette inneber å ta opptak av intervjua, transkribere materialet slik at det stemmer overeins med det informanten formidlar, samt å inkludere store delar av datamaterialet i prosjektet, slik at lesaren sjølv kan tolke kva som faktisk blir sagt. Alle

intervjua i dette prosjektet vart teke opp på lydopptakar, slik at eg kunne transkribere intervjua så direkte som mogleg. Eg ettersteva også å gjere dette så snart som mogleg etter kvart intervju, slik at intervju- opplevinga framleis låg fersk i minne og eg dermed kunne hugse ord eller situasjonar som kom uklart fram på lydbandet.

Men, dersom andre forskarar hadde gjennomført det same forskingsprosjektet, ville dei kome fram til dei same resultatata? Det er ikkje utan grunn at det er utfordrande å vurdere om eit kvalitativt forskingsprosjekt er påliteleg og truverdig i forskningssamanheng – verken datainnsamlinga eller analyseprosessen er noko som kan gjerast eksakt på same måten av andre forskarar eller av meg ein anna gong. Kvale og Brinkmann meiner det ikkje vil vere fruktbart å sjå det kvalitative forskingsintervjuet som ein nøytral tilnærming til ein objektiv sosial verkelegheit, der forskaren ikkje spelar ei sentral rolle (2015, s. 202). «(...) intervjuet er en samtale hvor data oppstår i den mellommenneskelige relasjonen. Samtalen er da intervjuerens og intervjupersonens felles produkt» (Brinkmann og Kvale, 2015, s. 202). Som nemnt, var intervjuguiden i dette prosjektet ikkje ein oppskrift som eg slavisk følgde under intervjua, den fungerte meir som ein påminning om kva tema eg måtte hugse å vere innom. Eg var interessert i å høyre informantane sine eigne historier, og då var det viktig å la informanten styre samtalen dit han eller ho ønska å gå. Sjølv om dette potensielt kan ha svekka reliabiliteten i prosjektet, fordi det i større grad har vore ein samtale som ikkje er mogleg å atterskape eller feilprøve, trur eg dette har gitt meir interessant og ekte informasjon enn det som kanskje hadde vore resultatet av ein fastsett intervjuguide. Under prøveintervjuet, og delvis det første ordentlege intervjuet, opplevde eg å få lite informasjon frå informanten, nettopp fordi eg var alt for opptatt med å følgje intervjuguiden og eg var redd for å stille for leiande spørsmål. Når eg etter kvart fant ut at dette ikkje var ein fruktbar måte å gjennomføre intervjua på, opna eg opp for ei meir flytande samtale.

Det avgjørende spørsmålet er ikke hvorvidt intervjueren skal lede eller ikke lede, men hvor intervju spørsmålene skal lede, og hvorvidt de vil lede i viktige retninger som vil gi ny, troverdig og interessant kunnskap (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 202).

*Validitet* i eit forskingsprosjekt handlar om i kva grad eit prosjekt faktisk undersøker det som det er meint å undersøke. Ein kan altså seie at validiteten er høg dersom datamaterialet visar seg å vere relevant for problemstillinga i prosjektet. Valideringa gjennomsyrrar heile forskingsprosessen, og i praksis inneber dette å heile tida vurdere om dei metodiske og analytiske prosessane svarar til føremålet med studien. I mitt tilfelle har eg



måtte spørje meg sjølv om det som vert sagt i intervjuet kan seie noko om den sosiale kapitalen i meinigheitene. Som sagt vart den første fasen av prosjektet, datainnsamlinga, gjennomført med ei grounded theory- tilnærming, og i denne fasen måtte eg sikre at intervju spørsmål kunne gje informasjon om meinigheits- og samfunnslivet til medlemmane. Då eg i analysen vende tilbake til å bruke sosial kapital som eit sensitiverande omgrep vart det sentralt å heile tida vurdere om dette omgrepet kunne kaste ljós over innhaldet i intervjuet. Sjølv om informantane sjølv ikkje brukar kapital- omgrepet direkte, kan eg ved bruk av det sensitiverande omgrepet likevel argumentere for at intervjuet handlar om den sosiale kapitalen som finst i meinigheitene.

#### 4.1.2 Generalisering

Spørsmålet om generalisering handlar om i kva grad ein kan bruke informasjonen frå utvalet til å trekke slutningar om liknande tilfelle. Denne vurderinga er tett knytt til utvalet i ein studie. Kvalitativ forskning basera seg ofte på mindre utval, noko som i følgje tradisjonelle oppfatningar ikkje kvalifiserer til generalisering. Det finst likevel måtar å oppnå former for generalisering også med slik informasjon. Med føremål om ei teoretisk generalisering, gjekk eg i dette prosjektet for ein strategisk utvalsstrategi. Her baserte eg utvalet på vurderingar av kva for analyseeiningar som ut ifrå teoretiske føremål ville vere mest relevant for å svare på problemstillinga (Grønmo, 2016, s. 103). Ved bruk av teoretisk generalisering vil eg argumentere for at funna i dette prosjektet kan seie noko om eit, og kanskje to, andre tilfelle. Det første er moglegheita for å generalisere til andre meinigheiter og sekter, utover dei to meinigheitene som er presentert i studia. Det er rimeleg å tru at også andre meinigheiter kan kategoriserast som lukka nettverk, med ein liknande grad av tillit og fellesskapskjensle, og at den sosiale kapitalen som vert presentert i dette prosjektet dermed også finst i desse nettverka. Kanskje er det også mogleg å bevege seg eit hakk utover, og seie at funna i denne studia kan vere representative for korleis det er i andre liknande nettverksblandingar, som til dømes idrettslag eller ungdomsbevegelsar, nettopp fordi desse nettverka også kan vere lukka nettverk. Likevel, slike nettverk byggjer på andre normative prinsipp enn dei religiøse organisasjonane, og det kan difor tenkast at prosessane i desse nettverka hadde fungert annleis enn i meinigheitene.

## 4.2 Datainnsamlingsprosessen

### 4.2.1 Datainnsamling og utval

I byrjinga av prosjektet var planen å finne fleire ulike meinigheiter frå same by, og samanlikne korleis innverknaden av medlemskapet skilde seg mellom desse medlemmane. Eg ønskte eit mest mogleg forskjellig utval, og hadde difor mål om å finne både konservative, og litt meir liberale meinigheiter. Dette viste seg å vere ei utfordring, både på grunn av korona-pandemien denne hausten, men også fordi eg syns det var vanskeleg å vurdere kva som var best måte å rekruttere på. I tillegg innsåg eg at omfanget var for stort for ei masteroppgåve, kor både intervju og transkribering måtte gjennomførast av meg sjølv, og slo meg difor til ro med å berre ha 2- 3 meinigheiter. Eg fann først ut av kva meinigheiter som var aktuelle å velje, og byrja deretter å leite etter vener og familie som kunne ha kontaktar innanfor desse meinigheitene. Snøball- metoden var effektiv, men likevel litt utfordrande i forhold til anonymitet. I dei tilfella kor eg følte at medlemmane som ville delta var for nære meg sjølv, eller mine kontaktar, lèt eg snøballen rulle endå litt lenger. Eg hadde i utgangspunktet ikkje lyst til å kontakte meinigheitene direkte, fordi eg var redd for at informantane kunne misforstå min posisjon og formål med studien. Eg ønskja at medlemmane ville snakke fritt om meinigheita og religionen sin, utan å kjenne på noko redsel for at dette ville komme tilbake til meinigheita. Eg måtte likevel ty til denne metoden etter kvart, då snøball- metoden ikkje gav nokre resultat i fleire enn den første meinigheita. Dette var nok hovudsakeleg fordi eg ikkje hadde kjennskapar i desse meinigheitene, og difor sleit med å finne ein hovudkontakt. Grunna korona- pandemien var det ikkje hensiktsmessig å henge opp annonsar i meinigheitslokala, då dei fleste møter uansett gjekk føre seg over internett, og kommunikasjon med meinigheitene måtte difor gjerast over mail eller telefon. Fleire meinigheiter var positive til å hjelpe meg og prosjektet mitt, og fleire av dei sende informasjon om prosjektet vidare til sine medlemmar via mail eller liknande, samt informerte om studien på kyrkjemøte. Det var likevel berre frå ein av meinigheitene at eg fekk svar frå interesserte medlemmar.

Ei utfordring med denne metoden, var at eg no kanskje hadde vorte kontakta av medlemmar som var særleg interesserte i å bidra, noko som kunne bety at utvalet ikkje lenger var så representativt for medlemmane i meinigheita som ynskja. Dette viste seg å vere tilfelle for ein av dei interesserte informantane, då han hadde ei spesiell sak han ønskja å belyse. «Hans» var den siste informanten eg intervjuja, og eg hadde difor ein intervjuguide som var velutvikla og full av spørsmål med fleire ulike vinklingar og tema. Hans hadde likevel eit mål med sin samtale med meg, og på grunn av både alvoret, viktigheita og den interessante vinklinga samtalen tok, let eg Hans styre store delar av samtalen, utan å følge intervjuguiden

noko særleg. Det som utvikla seg til å verte hovudfokus under samtalen med Hans var «Kva betyr meinigheita for deg og kva rolle syns du meinigheita bør ha i medlemmane sine liv?». Då eg seinare forstod at det var den sosiale kapitalen eg ønskja å undersøkje og analysere, fordi dette var noko som vart tydeleg i dei andre intervju, forstod eg at det ikkje var like mykje frå Hans sitt intervju som var relevant i dette fokuset. Intervjuet med Hans var midlertidig det einaste tilfelle kor denne problemstillinga oppstod.

#### 4.2.2 Informantane

Utvalet består av 6 informantar, 3 frå kvar meinigheit. Utvalet av informantar skulle i utgangspunktet gjerast på bakgrunn av variablane alder, kjønn, og type meinigheit. På grunn av utfordringane med å få tak i informantar, valde eg å ha hovudfokus på kriteriet om medlemskap i dei aktuelle meinigheitene. Fordelinga av informantar vart likevel nokså spreitt når det gjaldt alder og kjønn.

Informant	Meinigheit		Kjønn		Alder		
	Karismatisk	Evangelisk-luthersk	Kvinne	Mann	20-30	30-40	40+
<b>Mari</b>	X		X		X		
<b>Trond</b>	X			X		X	
<b>Oda</b>	X		X			X	
<b>Vigdis</b>		X	X				X
<b>Knut</b>		X		X		X	
<b>Hans</b>		X		X			X

Eg hadde eitt prøveintervju på førehand, og sjølv om dette gav interessant informasjon om korleis eg skulle handtere sjølve intervjuet, var det ikkje veldig fruktbart for å forbetre intervjuguiden. Dette viste seg å vere ei løypande utfordring gjennom alle dei 6 hovudintervju - intervjuguiden kjentest aldri heilt ferdig. Det var ikkje før på slutten av datainnsamlinga, då eg las igjennom alt datamateriale og fekk overblikk over innhaldet, at eg forstod at det hadde gått heilt fint med ei slik flytande intervjuguide, og at dette berre var ein del av datainnsamlings- prosessen i ein grounded theory- tilnærming. Kvart intervju tilførte noko nytt og nyttig, og samtalen sprika i ulike retningar- alt etter kva informanten ønskja å fortelje.

## 4.3 Etiske vurderingar

### 4.3.1 Informert samtykke

Det vart tidleg etablert at eit slikt prosjekt, som skulle handle om både religion, seksualitet, og generelt sett informasjon om informantanes personlege liv, var nødvendig å melde inn til NSD (Norsk senter for forskingsdata). Noko av det første eg gjorde i arbeidet med studien var difor å utforme eit informasjonsskriv, samt ein intervjuguide. Marvasti adresserer ei utfordring med informert samtykke i kvalitative intervju;

The problem is that in qualitative research sometimes the interview questions and the focus of the project itself changes in the course of the study. (...) Since one cannot anticipate the exact direction the interview will take, it is impossible to fully inform the respondent about the focus of the study in advance (Marvasti, 2004, s. 155).

Som tidlegare nemnd var både problemstilling og intervjuguiden i konstant endring, men hovudtrekka var alltid dei same. Eg var også påpasseleg på å ikkje gjere endringar i dei spørsmåla som var særleg sensitive, då dette var spørsmål som NSD spesifikt hadde vurdert og godkjent slik dei var. Informasjonsskrivet som var utforma følgde NSD sin mal, og innehaldt mellom anna informasjon om informantane si rett til å trekke seg, personvern og anonymitet. På grunn av at fleire av intervjuane vart gjennomført digitalt, vart nokre informasjonsskriv godkjent munnleg, over video, rett før intervjuet begynte. I desse tilfella vart informasjonsskrivet sendt til informantane ei stund før sjølve intervjuet, slik at dei hadde moglegheit til å lese igjennom dette først. I byrjinga av kvart intervju spurte eg informantane om dei hadde spørsmål til studien eller informasjonsskrivet. Denne for- praten var i hovudsak meint for å trygge informantane, men enda med å fungere også som ein oppvarmar for sjølve intervjuet. To informantar ønska å møte meg fysisk. Desse fekk tildelt informasjonsskrivet i papir- form, og leste dette i byrjinga av intervjuet. Her var det rom for meir for- prat, og det var meir naturleg for informantane å stille spørsmål undervegs i gjennomgangen av informasjonsskrivet.

### 4.3.2 Anonymitet

Gjennom heile prosessen, både før og under datainnsamlinga, i transkriberingsprosessen og under analysen har eg hatt fokus på å anonymisere informantane så godt det lar seg gjere. Kva anonymiseringa i minste fall ville omfatte vart uttrykt slik i informasjonsskrivet;

Informasjonen om deg vil bli anonymisert så godt det lar seg gjere i publikasjonen og eg vil utelate alle sensitive personopplysningar som vil kunne knytte deg direkte til publikasjonen. Eg vil nytte geografisk anonymisering, slik at det ikkje vil komme fram i studien akkurat kva for by og meinigheit informasjonen er henta frå.

Informantane fekk nye namn så snart dei tok kontakt med meg, slik at eg aldri ville referere til dei som noko anna enn deira fiktive namn. Dersom informantane nemnde stadnamn eller andre spesifikke karakteristikkar under intervjuet som potensielt kunne avsløre deira eigentlege identitet vart dette anonymisert. Eg har også gjort skjønns- baserte vurderingar undervegs i analysen av kva for informasjon som moglegvis kan vere avslørande, og har i desse tilfella erstatta informasjonen med fiktive namn eller situasjonar. Dette har sjølvsagt berre vore i situasjonar kor ei slik endring ikkje kan ha påverka hovudbodskapen. Eit døme på ei slik endring er at ei tante har blitt til ein onkel, eller ein bror til ei søster. Slike små endringar vart i hovudsak gjort med tanke på at informantane frå same meinigheit ikkje skulle kunne kjenne igjen kvarandre, og har nok ikkje mykje betyding utover dette.

Det er viktig for meg å understreke at mine erfaringar med meinigheitene består av den informasjonen eg har fått i frå informantane, og det er i all hovudsak dette eg brukar i skildringa av meinigheitene. For å verne om anonymiteten til meinigheitene går framstillingane av dei teologiske skiljelinjene ut ifrå evangelisk- luthersk- og karismatiske bevegelsar, noko som betyr at den teologiske framstillinga på nokre områder kan skilje seg frå den reelle praksisen i dei spesifikke meinigheitene. Dei teologiske skiljelinjene er ikkje i sentrum i denne oppgåva, og eg vurderer difor dette som ikkje- problematisk for oppgåva som heilskap.

#### 4.3.3 Forskarrolla

I følgje Silverman, er forskaren si rolle avgjerande for kvaliteten på den vitskapelege kunnskapen i kvalitativ forskning (2014, s. 108). Ei fallgruve som ein kan gå i som forskar i eit kvalitativt intervju er at ein identifiserer seg sjølv så sterkt med informantane at ein ikkje klarar å halde profesjonell avstand, og at ein ender med å tolke alt få informantane sine perspektiv (Silverman, 2014, s. 108). Å forstå korleis eg skulle handtere forskarrolla på best mogleg måte viste seg å vere ei stor utfordring for meg. Eg har i barndom og ungdomstid teke del i kristne meinigheiter og nettverk, men har ikkje lenger denne tilknyttingen. Eg var usikker på kva betydning denne informasjonen ville ha for informantane. Kunne det vere tryggande for medlemmane å vite at eg ein gong sjølv hadde vore del av eit slikt nettverk som dei no

skulle fortelje om, og kunne dette bidra til betre tryggleik og flyt i samtalen? Eller ville informasjonen føre til at informantane ikkje torde å fortelje sanninga i frykt for at eg ville dømme dei? Eg enda med å ikkje seie noko eksplisitt. Det kom likevel fram, i enkelte intervju, at eg hadde kjennskap til ulike ordningar og situasjonar nettopp fordi eg sjølv hadde vore deltakar. I desse tilfella virka det ikkje som at informanten var negativt påverka av informasjonen - heller det motsette.

## 5. Arbeid

I første analysekapittel skal vi ta føre oss korleis medlemmane kan nytte nettverket i meinigheita for å skaffe seg arbeid, eller opparbeide seg arbeidserfaring som kan hjelpe dei på arbeidsmarknaden utanfor. Då eg skulle byrje å analysere datamaterialet mitt tenkte eg at arbeid måtte vere det samfunnsområde kor ein lettast kunne identifisere kapitalutvekslinga. At medlemmar deler informasjon om ledige stillingar med kvarandre er på eit vis meir konkret og forståeleg, enn danninga av normer, forventingar og tillitsrelasjonar. Eg skulle likevel oppdage at den sosiale kapitalen bestod av fleire ulike former og vart brukt på forskjellige måtar, ikkje berre i form av informasjon- og tenesteutveksling.

### 5.1 Jobb i meinigheita

Trond, 34 år frå den karismatiske meinigheita, er eit godt og konkret eksempel på korleis nettverket i meinigheita kan ha direkte innverknad på medlemmane sine liv. Trond er eigentleg utdanna økonom, men arbeider no som pedagog på ein skule. Han har hatt mange ulike jobbar i tida mellom studiane og no, og dei fleste har vore i samband med meinigheita. Når eg spør om han har opplevd at nettverket i meinigheita har vore til hjelp i tilknytning med jobbsøking, svarar han at det var nettopp slik han vart lærar;

Ja, det var for så vidt sånn jeg ble lærer. For jeg utdannet meg først som økonom, men i det jeg var ferdig studert og skulle få meg en jobb, så var det en i menigheten jeg gikk i da (...) som var avdelingsleder på en skole og de trengte vikarer, så da lurte han på om jeg kunne hjelpe han noen måneder (Trond, s.3).

Han som spurde Trond om å vere vikar på skulen, valde nok ikkje Trond tilfeldig. Trond fortel at han i løpet av ungdoms- og studietida har fått moglegheita til å gjere mykje i meinigheita; «Jeg har fått hjulpet til gjennom mye, fått prøvd meg på å organisere ting og prøvd meg på å undervise også, med konfirmantarbeid og alt mulig sånt» (s.5). Eg vil tru at det mellom anna var denne erfaringa som skaffa Trond vikar- jobben, gjerne kombinert med at personen som tilbød han arbeid kanskje også hadde lært Trond å kjenne og hadde tillit til han. Kapitalutvekslinga i denne situasjonen gjekk på ein måte to vegar; Avdelingsleiaren var på utkikk etter ein person med god arbeidsvilje og som han visste passa godt i jobben, medan Trond trengte ein jobb. Avdelingsleiaren nytta den sosiale kapitalen, i form av å ha tilgang til eit nettverk full av gjensidig tillit, felles verdiar og retningslinjer, i sitt personlege arbeidsliv. Han kunne ta nytte av den kollektive kapitalen, av det samhaldet som har blitt til over tid,

takka vere alle medlemmane. Trond måtte i større grad arbeide for å kunne nytte den sosiale kapitalen, han måtte investere tid og arbeid i meinigheita og bygge opp eit godt rykte for seg sjølv. Dette fekk han utteljing for også seinare, etter å ha arbeida som lærar nokre år. Han tok eit år som student på bibelskule, og vart i denne tida spurt av meinigheita om han ville ha ein administrasjonsjobb samstundes med studiane;

(...) da spurte de meg om jeg kunne tenke meg å ta den jobben, og det tror jeg var delvis fordi at de så at jeg hadde gjort den typen oppgaver tidligere og delvis som en belønning for innsats over tid og litt sånn et 'middel' for å få meg til å bli. For den bibelskolen jeg gikk på var i [en annen by], så da var de litt sånn at de ønsket at jeg skulle være igjen, fordi de hadde lyst til å- ja, de var takknemlig for det jeg hadde gjort og ønsket å satse på meg videre (Trond, s.6).

Også Trond sitt noverande arbeid har han fått via nettverket i meinigheita. Han vart informert om ein ledig stilling ved ein skule, og valde difor å søkje på stillinga. Dei som tipsa han arbeida sjølv ved denne skulen, og Trond kjende dei via meinigheita. Trond brukte altså sosial kapital i meinigheita, i form av informasjonsutveksling, til å finne arbeid utanfor meinigheita.

## 5.2 Svake relasjonar

Sjølv om det i denne oppgåva vert lagt stor vekt på sterke relasjonar og lukka nettverk, er det også viktig å anerkjenne styrken av dei svake relasjonane. «The value of weak and bridging ties lies in the provision of wide informational support.» (Ferlander, 2007, s.119). I artikkelen «The strength of weak ties» visar Mark Granovetter kvifor svake relasjonar er viktige; «weak ties are an important resource in making possible mobility opportunity» (1973, s. 1373). I ei studie av kva for relasjonar som er viktige i ein arbeidssøkingssprosess, meir presist korleis relasjonen er mellom dei som informera om arbeidsmoglegheiter og dei som er på leit etter arbeid, fann Granovetter at relasjonen ofte er svak;

In many cases, the contact was someone only marginally included in the current network of contacts such as an old friend or a former work-mate or employer, with whom sporadic contact had been maintained (Granovetter, 1973, s. 1371).

I følge Granovetter kan funna mellom anna forklarast med at dei menneska som ein har svake relasjonar til ofte har andre kretsar og nettverk enn dei som ein sjølv sirkulera i, noko som gir desse menneska tilgang på anna informasjon enn ein sjølv. Vigdis, 58 år i den evangelisk-lutherske meinigheita, hadde i mange år ein administrativ jobb som ho treivst godt i, men då



ho ein dag såg Facebook- innlegget til ein ven frå meinigheita, vart ho overtyda om å bytte arbeid. Han hadde annonsert at det var ei ledig stilling i eit yrke som på fleire måtar var svært annleis enn det Vigdis i utgangspunktet arbeida med, men som ho med ein gong kjende seg sjølv attende i; «(...) jeg ser på denne annonsen og så bare tenker jeg ‘kjære vene’, og så sier jeg til mannen min; ‘Vet du, her står det om meg i en jobb!’» (s.3). Yrket som vart annonsert var langt i frå det som Vigdis eigentleg arbeida med, og Vigdis var difor heilt avhengig av at nokon informerte ho om den, elles hadde ho nok aldri visst om den. Kapitalutvekslinga her er ikkje like direkte og tydeleg som i Trond sitt tilfelle, men det er eit godt døme på at det finst svake relasjonar i meinigheitene, og at også desse kan utgjere verdifulle ressursar for medlemmane.

### 5.3 Moglegheita til å vise kva ein er god for

Mari, 23 år i den karismatiske meinigheita, slit med sjukdom, og har difor ikkje moglegheit til å ha fast jobb ved sidan av studiane. Ho har likevel fått tilbod om å ha ei tilpassa, frivillig stilling i meinigheita. Sjølv om denne jobben ikkje gir dei økonomiske og praktiske godane som kjem frå ein betalt jobb, gir den likevel mykje erfaring, samt kjensla av ansvar og meistring. Av velferdsstaten får ho ekstra studiestipend, fordi ho ikkje kan ha ein deltidsstilling. Ho har altså ikkje behov for hjelp eller jobb frå meinigheita. Likevel har det å ha ein arbeidsplass å gå til mykje å seie for den psykiske helsa. I tillegg til å ha denne moglegheita for sosialisering, får Mari også ein arena kor ho kan vise sine evnar og kor ho kan opparbeide erfaring, noko som kan vere ein stor fordel i arbeidssøkinga seinare i livet.

Sosiologane Sam Friedman og Daniel Laurison skriv i si bok «The Class Ceiling» (2020) om klasseskilnader i det britiske arbeidslivet, og her understrekar dei mellom anna viktigheita av å ha ein arena å vise fram arbeidsinnsats og kunnskapar. Dersom innsats og evner aldri blir oppdaga av dei som kan skaffe arbeid, kva er det då verd? Klassekilnadar kan altså vere resultat av manglande moglegheiter til å vise kva ein er god for. Om dette er tilfelle i den norske kontekst og arbeidsliv, veit eg ikkje. Men det å ha ein arena kor ein kan vise kva ein er god for, er verdifullt og viktig i dei fleste samfunn- særleg dersom denne sjansen kan føre til arbeidsmoglegheiter som ein elles ikkje ville hatt. Etter å ha snakka med ei veninne i meinigheita om kva ho syns var viktige oppgåver for meinigheita, og også kva ho sjølv kunne tenkje seg å hjelpe til med, vart Mari først spurt om ho kunne hjelpe med nokre oppgåver, og seinare også tilboden ei slags lærlingstilling. På same måte som Trond, investerte Mari tid og interesse i meinigheita, og fekk jobbtillbod tilbake. Her er nok tilliten i nettverket ein viktig

faktor, fordi det ville ikkje vore naturleg å tilsetje kven som helst. Nettverkstilknyttinga har gitt Mari ein arena å vise sin dedikasjon, og for meinigheita er det ein arena full av tillitsfulle og dedikerte potensielle arbeidstakarar.

#### 5.4 Ikkje alltid brukbar og overførbar kapital

Knut, 35 år i den evangelisk- lutherske meinigheita, ser ikkje like stor personleg nytte i meinigheits- nettverket i søken etter arbeid. Når eg spør om det ville vore naturleg for han å snu seg til meinigheita og spørje folk der om hjelp, dersom han no var på utkikk etter ny jobb, svarar han;

Nei, det ville ikke vært naturlig. (...) Det er jo litt fordi jeg jobber jo med forskning, og hvis jeg skulle ha fått en ny jobb, så er det jo ingen i menigheten som ville hatt mer kunnskap enn meg selv om hvilken type jobb som fantes eller som jeg passer til, eller den typen ting (Knut, s.4).

Knut seier altså at den sosiale kapitalen som er disponibel i meinigheita ikkje nødvendigvis kan nyttast i alle yrker og bransjar, med mindre det er personar i meinigheita som også arbeida i denne bransjen. Det kjem likevel fram seinare i intervjuet at dersom Knut hadde arbeidd i ein anna bransje, kunne det vore fordelaktig å verte kjend med andre medlemmar i same bransje;

(...) hvis for eksempel (...) jeg var elektriker, og så var det en i menigheten som var sjef for et elektrikerfirma, så er det klart at det hadde vært naturlig å bli litt ekstra godt kjent med han, og kanskje spørre han om han hadde en plass ekstra i firmaet (Knut, s.23).

Då eg spurde informantane følgjande spørsmål; «Har du opparbeida noko arbeidserfaring eller kunnskap gjennom meinigheitsarbeid, anten då du var yngre eller no i seinare tid, som du har nytta for å komme inn på arbeidsmarknaden eller i sjølve arbeidet?», vart det tydeleg at det ikkje alltid er slik at arbeidet som vert lagt ned i meinigheita kan nyttast i samfunnslivet utanfor. Den sosiale kapitalen er ikkje alltid overførbar. Knut ser sjølv overføringsverdien i sine erfaringar frå meinigheita, og meiner «definitivt at en god del av det som jeg har vært med på har vært en styrke i arbeidslivet» (s. 4). Han tviler likevel på om ein arbeidsgjevar ville ha anerkjent det dersom han hadde skrive det på CV- en. Eg spør kvifor han trur at slike erfaringar ikkje ville blitt anerkjent;

(...) Man tror nok at man trenger litt tid for å forklare hvordan det fungerer, og hvordan den overføringsverdien er. Mitt inntrykk er i alle fall at hvis man er på et jobbintervju, og skal presentere seg fra sin beste side, så er man litt usikker på hvordan arbeidsgiveren vil oppfatte deg, hvilke kunnskaper en bærer med seg fra før av, så det er ikke nødvendigvis.. Det er hvert fall en liten risiko å fokusere på det, fordi arbeidsgiver da kan danne seg visse bilder av, ja, for eksempel en litt trangsynt indoktrinert person, eller en som ikke er i stand til å tenke selv. Man har sånne typer fordommer som en vet ligger der, slett ikke hos alle, kanskje hos et mindretall, men likevel nok til at det er en risiko å fokusere på det i et jobbintervju før man blir kjent med en arbeidsgiver. Jeg har ført opp frivillig arbeid i visse sammenhenger, i en bisetning i CV- ev, men ikke noe mer enn det (Knut, s. 5).

Når eg vidare spør; «trur du din deltaking i meinigheita kan gjere deg meir attraktiv på arbeidsmarknaden?», svarar Knut at han ikkje trur at det vil vere fordelaktig å skrive om deltakinga på CV- en. Tvert i mot trur han at det kan vere negativt å informere om slike medlemskap i arbeidssøkar- prosessen, og kanskje særleg i hans bransje, i naturvitskapen; «det kan gi et visst negativt stigma» (s. 5).

Edvard N. Larsen og Valentina Di Stasio publiserte i 2021 ei studie som undersøkte etnisk diskriminering i arbeidslivet, og samanlikna funn frå Noreg og Storbritannia. Her kom det mellom anna fram interessante funn om konsekvensane av å oppgi religiøs tilhøyrsløse på CV-en i ein arbeidssøkingssprosess i Noreg. Alle dei fiktive søkarane i studien hadde ført opp frivillig arbeid i ein ungdomsorganisasjon, kor oppgåvene dei hadde utført her var relevante for jobben som dei søkte på (Larsen og Stasio, 2021). Den einaste skilnaden mellom dei religiøse og dei ikkje- religiøse søkjarane var nemningane «kristen» eller «muslim» framfor ordet «ungdomsorganisasjon». Det var altså ingen informasjon om kor engasjert dei var i religiøs praksis, eller om styrken i trua deira (Larsen og Stasio, 2021). Studien visar at det å oppgi religiøs tilhøyrsløse i ein arbeidssøkingssprosess i Noreg kan ha negative konsekvensar for søkjarane, og at skilnaden mellom dei muslimske og dei kristne søkjarane ikkje er særleg stor. Forskarane presenterte to alternative forklaringar; At religion spelar ein stor rolle i arbeidsgivaren si oppfatning og stereotypisering av søkjarar og at det eksisterer ei generell motvilje mot kristne søkjarar, eller at det å oppgi noko personleg om seg sjølv, som ikkje er relatert til jobben, blir sett på som irrelevant og uprofesjonelt. Studien underbyggjer altså Knut sine tankar om at religiøs tilhøyrsløse kan slå negativt ut i arbeidssøkingssprossen. Knut understrekar likevel det faktum at eigenskapar og erfaringar som han har tileigna seg gjennom deltaking i meinigheita har vært ein styrke for han i arbeidslivet, og at dette indirekte kan gjere han meir attraktiv på arbeidsmarknaden.

På spørsmålet stilt innleiingsvis; «Har du opparbeida noko arbeidserfaring eller kunnskap gjennom meinighetsarbeid, anten då du var yngre eller no i seinare tid, som du har nytta for å komme inn på arbeidsmarknaden eller i sjølve arbeidet?», svarar Vigdis at ho i den nye jobben (som er i ein ideell organisasjon som arbeidar for barn og unge) får bruk for erfaringane frå meinighetsdeltakinga. Ho nemner mellom anna verdifulle erfaringar frå å halde foredrag, men også eigenskapar ho har tileigna seg i meinighetslivet; «Jeg har fått gode holdninger.» (Vigdis, s.7). Når eg spør ho om ho trur det var positivt at ho var kristen, då ho vart tilsett, seier ho at ho trur det var positivt i den nye jobben, men ikkje nødvendigvis i administrasjonsjobben ho hadde tidlegare; «(...) det er helt okay å være kristen i (ideell organisasjon), og det er jo forskjell fra for eksempel (administrasjonsjobben). Det var nok sikker ikke like lett der alltid» (Vigdis, s. 8). I følge Vigdis sine erfaringar, kjem altså overføringsverdien av erfaring og kunnskap frå meinigheita an på kva jobb ein søker seg til. Vigdis fortel om ulike kurs og elles mykje frivillig arbeid som ho har delteke på via meinigheita, men når eg spør om dette er noko ho ville oppgitt på CV-en seier ho;

Hvis jeg skulle få jobb i en menighet eller sånn, så hadde det gjerne vært naturlig. Da tror jeg det burde være noe som var kristen- relatert. (...) Og så er jeg jo klar over at det er nå enkelte steder hvor det ikke- hvor du rett og slett kan miste en jobb som du ellers hadde fått viss du hadde lat være å si det. Så det er jo litt sånn alvorlige ting, kjenner jeg på. Merkelige mennesker som tenker at de er litt farlige de kristne! (Latter) (s. 12).

Det kan virke som at Vigdis oppfatta årsaka til diskriminering av kristne i arbeidslivet til å vere at nokre arbeidsgivarar har negative oppfatningar av kristne, og at dei er redde for kva det vil innebære å tilsetje kristne.

Trond har mykje erfaring frå meinighetsarbeid, men føler ikkje at dette er noko han har fått utbytte av på arbeidsmarknaden; «Jeg tror at hvis jeg hadde skrevet at jeg hadde gjort disse tingene i en annen type frivillig organisasjon, så tror jeg at jeg hadde fått mer kreditt for det.» (s. 2). Denne oppfatninga hentar Trond frå egne erfaringar, frå «ting som blir sagt på intervju» (s.2) og basert på kor få jobbar han har blitt kalla inn til intervju på, som han har vore kvalifisert for.

Det er ingen som har sagt det rett ut, men det har vært en del spørsmål; «Ja, du som er kristen, hvordan vil du forholde deg til dette her?» (...) Jeg opplever hvert fall at spørsmålsstilleren har en forventning om at jeg som kristen ikke kommer til å være tolerant ovenfor andre (Trond, s.3).

Når eg spør om han trur at denne oppfatninga gjelder hans religion eller hans tilhøyrslse i ei spesifikk meinigheit, svarar han at det nok har meir å gjere med kva for meinigheit han går i; «Jeg tror det er det at jeg har vært med i [karismatisk meinigheit], fordi det er veldig få nordmenn som vet hva en [karismatisk meinigheit] er for noe (latter)» (s. 3). Både Trond og Vigdis trur altså at ei form for framandfrykt er ein viktig årsak til kvifor kristne blir diskriminert i arbeidslivet.

Oda, 33 år i den karismatiske meinigheita, trur ikkje erfaringa frå meinigheita hadde vore nyttig dersom ho skulle ha søkt på ny jobb no, sjølv om ho har brukt den i tidlegare jobbsøking. Det kan verke som at Oda i hovudsak ikkje ser på denne erfaringa som gyldig lenger, fordi det er lenge sidan ho arbeida i meinigheita og fordi det ikkje er konkret arbeidserfaring; «Det er bare kompetanse jeg besitter, fordi at jeg har vært litt aktiv her og der.» (s. 4). Oda fortel likevel at erfaringane har vore verdifulle i arbeidskvardagen;

(...) Og det har jo hjulpet til at når jeg da begynte i vanlig arbeidsliv, så var det jo veldig lett å bare- jeg tok ting veldig lett fordi jeg hadde jo vært gjennom ett eller annet før, på et litt lavere nivå. (...) Jeg har jo fått litt sånn ledererfaring, både innenfor det å drive en organisasjon, søke midler, ha budsjett, HR, ansatte, eller frivillige, så jeg har jo den erfaringen med meg. Så innad i organisasjonen og sånn, så kan det være at det ville blitt tatt hensyn til. Men jeg tror det kanskje hadde vært lettere i et privat marked, enn i det offentlige, fordi i det offentlige så teller det mye mer med vekttall og utdanning, enn personlig egnethet (...))» (Oda, s. 3 og 4).

Oda peikar altså på at spørsmålet om erfaringane og eigenskapane tileigna i meinigheita er brukbare og overførbare i arbeidslivet, ikkje berre handlar om kva for yrke det er snakk om, men kan også handle om skilje mellom privat og offentleg arbeidsmarknad.

## 5.5 Oppsummering

I tilknytning til arbeidsliv er den sosiale kapitalen i meinigheita prega av gjensidig informasjons- og kapitalutveksling. Medlemmane har tilgang på ein arena kor dei har moglegheit til å vise seg fram, slik Mari fekk moglegheit til med lærlingjobben sin, og til å opparbeide arbeidserfaring som seinare kan bli verdifull både inni meinigheita og utanfor. Medlemmar som i sitt private arbeidsliv treng å tilsetje nye arbeidarar, har via meinigheita tilgang på eit lukka nettverk med mykje tillit, felles normer og føreseielege forventingar. Det er likevel ikkje alltid at den sosiale kapitalen er brukbar for alle, det kjem mellom anna an på om det finst andre medlemmar i nettverket som også ser verdien av kapitalen. Knut trur ikkje nødvendigvis at han ville fått bruk for sosial kapital frå meinigheita, på arbeidsmarknaden,

fordi ingen av dei andre medlemmane arbeidar i same bransje som han. Heller ikkje arbeidserfaring og kunnskap opparbeida i meinigheita er alltid overførbar til arbeidslivet utanfor. Knut trur det vil vere for risikabelt å skrive opp arbeidserfaringa på CV-en, sjølv om han veit at denne erfaringa vil kunne vere verdifull i arbeidet han søker, fordi han er redd for at arbeidstakaren ikkje vil forstå verdien av det. Forsking viser at Knut sine mistankar stemmer- det er ein risiko å fokusere på meinighetsdeltaking i arbeidssøkingprosessen.

## 6. Livsstil

Nettverkstilknyttingane i meinigheita kan også nyttast som sosial kapital for livsstilen til medlemmane. Mange av livsstilsvala i medlemmane sine liv er knytt til religiøse retningslinjer som medlemmane ønskjer å følgje, og som vidare påverkar kva for normer og informasjon som vert akkumulert i nettverket. I dette kapittelet skal vi sjå korleis dei lukka religiøse nettverka skapar og opprettheldt normer, og korleis desse verker inn på medlemmane sine haldningar til alkohol. Men først skal vi sjå korleis medlemmane opplevde ungdomstida i meinigheita, og korleis det for nokre av informantane var ei utfordring å måtte sjonglere mellom fleire nettverk.

### 6.1 Lukking av intergenerasjonsnettverk

Fleire av informantane fortel at grunnen til at dei i dag er medlem av ein meinigheit er fordi dei vaks opp i ei meinigheit, og at det difor har vore naturleg å ta denne delen med seg inn i vaksenlivet. Desse har hatt det sosiale nettverket i meinigheita tilgjengeleg heile oppveksten, og det har vore noko heile familien har vore ein del av.

Religious organizations are among the few remaining organizations in society, beyond the family, that cross generations. Thus they are among the few in which the social capital of an adult community is available to children and youth (Coleman, 1990, s. 336).

Når eg spør Trond «Korleis trur du at det å vere medlem av ein meinigheit gjennom ungdoms- og studietida har prega den tida for deg?», svarar han at det har gitt han eit godt nettverk; «(...) alle vennene mine fra den tiden er fra menigheter som jeg har gått i. Så jeg har fått veldig masse nettverk.» (s. 5). Mari fortel at ho har fått gode verdiar;

Jeg har vært kristen hele livet mitt, jeg har vokst opp i en kristen familie, uten at vi nødvendigvis har snakket sånn utrolig mye om tro hjemme. Men de verdiene jeg er blitt vokst opp med, jeg håper jo at det er de som har formet meg litt da (...) (Mari, s. 19).

Informantane som fortel om desse erfaringane har vore del av ei intergenerasjonslukking i meinigheita. I følgje Coleman kan slike lukkingar føre til effektive sanksjonar som kan overvake og rettleie barna sin oppførsel, både innanfor og utanfor nettverket (Coleman, 1988, s. 107). Dette skjer fordi både barna og foreldra kjenner kvarandre, noko som påverkar kva for normer og forventingar som vert skapt i nettverket, og som del av barneoppsetinga.




FIG. 2.—Network involving parents (A, D) and children (B, C) without (a) and with (b) intergenerational closure.

Figur 1 Henta frå Coleman, 1988, s. 107

I nettverket i figur 2b kan foreldra (A og D) diskutere barna (B og C) sine aktivitetar, og kan saman kome fram til passande normer, reglar og sanksjonar som skal gjelde for barna i nettverket. Grunnen til at normene her vil fungere er fordi foreldra *må* følgje opp på denne kollektive barneoppsedinga, elles vil dei sjølv verte sanksjonert for å bryte med normene. Coleman (1988) brukar offentlege (ikkje- religiøse) skular som døme på nettverket i figur 2a. I slike nettverk har ikkje foreldra kontroll på kva for normer og forventingar som vert skapt mellom barna på skulen, og kan difor ikkje ha like stor innverknad på kva barna lærar seg av oppførsel her.

I følgje Coleman har graden av sosial kapital i familien innverknad på barna sin tilgang på foreldra si humankapital, til dømes deira utdanning. Coleman viser til studien av skuleprestasjonar og fråfall på eit utval barneskular i USA, kor det mellom anna kjem fram at barn med mykje sosial kapital i familien har lågare sannsyn for å droppe ut av skulen (1988, s. 111). Den sosiale kapitalen i familien er påverka av særleg to faktorar; kor fysisk nærverande foreldra er, og kor mykje tid og merksemd foreldra gir til barnet. (Coleman, 1988, s. 111). At informantane vaks opp som del av eit lukka nettverk saman med foreldra sine har mest sannsynleg hatt ei positiv påverknad på den sosiale kapitalen i familien. Dette kan altså ha gjeve informantane nokre fordelar i oppveksten, til dømes i kor involvert foreldra har vore i skulegonga eller deira personlege liv og livsval. Knut fortel til dømes at foreldra var gode samtalepartnarar i oppveksten, og at dei var til stor hjelp når han hadde spørsmål til korleis



religion og verda elles hang saman- særleg når det kom til naturvitskapelege spørsmål. Foreldra til Knut har begge høg utdanning innanfor dette fagfeltet, og kunne nok på grunn av det vere til litt ekstra hjelp på dette området.

Oda og Vigdis hadde ikkje kristne foreldre då dei vaks opp, og i deira fortellingar om ungdomstida kan ein sjå konsekvensane av at foreldra ikkje var del av same nettverket, altså eit nettverk utan intergenerasjonell lukking. Dei opplevde mellom anna at forventingane frå foreldra, til oppførsel og normer, ikkje samsvarte med det dei sjølv hadde blitt vane med i meinigheita. Vigdis fortel at foreldra hennar ville at ho «skulle ha det gøy» (s. 16), og oppfordra ho til å vere med andre folk enn dei ho vanlegvis var saman med i kyrkja;

Jeg tror jeg var 15 år, og da var jeg på en skikkelig fyllefest, jeg var helt i sjokk og ville bare hjem igjen. Jeg synes det var helt merkelig at [foreldrene mine] ville jeg skulle oppsøke sånne typer venner da. (Vigdis, s. 16).

Vigdis fortel at faren til ei venninne var prest i ein meinigheit som ho gjekk i, og ho byrja difor i bibelgruppa i denne meinigheita. Ho ytra fleire gonger ønskje om å ha med seg foreldra sine i kyrkja; «Når jeg var barn så husker jeg at jeg hadde veldig lyst til å ha foreldrene mine med i kirken» (s.16), og det kan verke som at Vigdis gjennom oppveksten har synes det var vanskeleg å sjølv vere del av eit lukka nettverk som foreldra ikkje tok del i;

(...) jeg hadde vært på en leir (...), og da hentet min far meg på busstasjonen, og så kjører jeg hjem og fortalte forskjellig; «Jesus.. Jesus.. Jesus», og da husker jeg han var sånn «Nei, nå må du komme deg ned på jorden igjen, jente. Din mor har skadet armen sin, og sånn og sånn har skjedd», sa han. Så jeg kjente på at ... Ja. (Hun virker trist eller oppgitt) (Vigdis, s. 16).

Fleire av informantane fortel, i ulike samanhengar, at det å vere del av eit slikt lukka nettverk som det meinigheita er, inneber å gå inn i den med heile livet sitt. Det er difor forståeleg at det var utfordrande for Vigdis å ikkje kunne gjere nettopp dette, men å alltid måtte ha ein fot utanfor for å halde kontakten med foreldra. Denne kjensla av å ikkje kunne vere med hundre prosent kan også verke som at har påverka deltakinga i meinigheita, som mellom anna det at ho aldri fekk alternativet om å gå på bibelskule; «Jeg var jo da mindre bevisst, for foreldrene mine var jo ikke kristen, så det var ikke noe som var snakket om da» (Vigdis, s. 10). Eg spør Oda korleis ho trur det har prega ungdomstida hennar at ho var medlem av ein meinigheit;

Det gav meg nok veldig mye i forhold til (...) altså trygge og gode venner, å ha et sted og gå til. Og siden jeg da tok et valg om å gå der, så gikk jeg ikke på fester og drakk alkohol og sånn, og det tror jeg har vært bra for min del hvert fall. Å ha den roen da,

over livet og over meg selv. Og ikke ... ja, kave rundt, sånn som jeg så mange klassevenner gjorde da. (...) Jeg hadde et sted å gå til, et sted å snu meg til, og det var voksne ledere til stede ikke sant. Det er jo ikke så mange andre steder, tror jeg, hvor du finner trygge voksne rundt ungdom, som ikke er foreldrene. (Oda, s. 9)

Oda fortel at foreldra, som sjølv ikkje var kristne, var skeptiske då Oda byrja å gå i meinigheit; «Fordi det var helt fremmed for mine foreldre, de visste ikke noe om dette, og sånn sant, så de hoppet jo rett til «Ja, nå er hun hjernevasket» og det var så fælt, og sånn» (s. 17). Sjølv om medlemskapet i ungdomstida skapte litt konflikt i familien, har dette ikkje vore noko problem etter at ho vart vaksen; «(...) jeg har jo et større ordforråd og forstår jo litt mer av det de mener og sier, og kan forklare ting på en annen måte fordi jeg har flere år med livserfaring [nå]» (Oda, s. 18).

## 6.2 Eit fellesskap utan drikkepress

Informantane har litt ulike forhold til alkohol, men dei fleste er fråhalds eller drikk med måtehald. Knut vaks opp i ein kultur kor alkohol; «ikke nødvendigvis blir sett på som synd, direkte, men hvert fall tilgrensende» (s. 8). I meinigheita han vaks opp i var det altså ei tydeleg norm om å ikkje drikke alkohol. Hans fråhaldsstandpunkt vart utfordra då han kom til byen han no bur i, då han her opplevde at det nesten var uvanleg å vere total- fråhalds som kristen. Han var likevel ikkje i tvil om å ville halde på sitt standpunkt, og syns heller ikkje dette var eit særleg vanskeleg val;

(...) det er noe med at når man aldri har vært en del av en 'festkultur' eller aldri har savnet det heller, [men] alltid har opplevd gode sosiale fellesskap uten alkohol, så var det aldri noe insentiv for min del til å begynne med det (...) (Knut, s. 9).

Knut opplevde altså å vere del av eit fellesskap kor alkoholen ikkje spela ei sentral rolle for samhaldet, og han kjente difor på ei *fridom* til å velje å vere fråhalds. Drikkepresset er stort i det norske samfunn i dag, og det er ikkje overflod av fellesskap kor alkoholen ikkje treng å vere inkludert. For Knut sin del, som ønskja å framleis vere fråhalds, var det difor svært positivt å komme til ei meinigheit kor dette var norma. Eg spør Knut om han trur at det å vere medlem av eit slikt fellesskap, i ungdoms- og studietida, har gjort det enklare for han å ta dette standpunktet;

Ja, definitivt, det er det ikke tvil om. Det er klart, hvis jeg kun hadde venner som alltid drakk alkohol når det skulle være sosiale sammenhenger, så ville det vært vanskelig å

skulle stå utenfor det. Det oppstår selvfølgelig et slags fellesskap når man drikker sammen også (...), og det er jo slik som man merker i andre sammenhenger også, når man er den eneste som drikker, det går helst fint, men det er likevel et fellesskap som en ikke er en del av. Så hvis man da ikke har noe alternativt fellesskap, så vil det være vanskeligere. Det vil det være (Knut, s. 9).

Fleire av informantane seier at deira forhold til alkohol er grunna praktiske årsaker, og at det ikkje er særleg prinsipielt; «For alle praktiske formål så er jeg avholds, men det er ikke sånn at jeg synes det er veldig prinsipielt» (Trond, s. 10). Oda har ei 'bruk det med måte'-haldning til alkohol, og også ho grunngeiv dette med praktiske årsaker. Det er interessant korleis begge to verker å ha eit veldig avslappa forhold til det å ikkje drikke alkohol. Når eg spør informantane om dei har møtt nokre utfordringar knytt til dette, svarar dei at dei syns det er nokså uproblematisk. Trond fortel at han kunne oppleve litt drikkepress på vidaregåande, men at han ikkje brydde seg noko særleg om dette; «Jeg føler folk har akseptert det ganske greit. (...) [kompisene mine] brydde seg ikke om at jeg ikke drakk, de var egentlig bare glade for å ha noen som kunne kjøre (lattermildt)» (s. 11). Oda får ofte spørsmål om kvifor ho ikkje drikk, men opplever ikkje dette som ubehageleg; «(...) Folk spør, sånn er det bare» (s. 14). Eg spør informantane om dei trur at det og vere medlem av ein meinigheit gjer det enklare å ikkje drikke alkohol i dagens samfunn;

Jeg tror nok ganske mange kjenner på det. Jeg har vært heldig med at jeg alltid har hatt et veldig avslappet forhold til hva andre folk mener at jeg bør gjøre og ikke, men jeg tror det er mange andre som kjenner på det at det kan være behagelig å ha et miljø der man ikke drikker, for å si det sånn. Selv om det er veldig mange som tar seg litt å drikke innimellom, så er det aldri alkohol i forbindelse med arrangement i menigheten. (Trond, s. 11)

Jeg vet ikke om kirken har noe å si på det, på en måte. Altså, de (kirken) blir jo en del av identiteten min, men.. (...) jeg har alltid vært den litt utenforstående som aldri prøvde å røyke og ikke drakk, mens alle andre gjorde det, selv om jeg ikke var kristen og ikke hadde noe. Ja, så nei jeg tror ikke jeg hadde gjort det uansett liksom, eller følt på ubehaget uansett, for jeg bare har ikke lyst. (Oda, s. 15)

Eg syns det er interessant korleis både Trond og Oda har dette sjølvstende, og denne evna til å ikkje la seg påverke av kva andre tenkjer om dei. Kanskje handlar dette om deira personlegdom, eller om deira oppvekst og oppseding (som elles var nokså ulik), eller kan dette vere resultat av at Trond og Oda har vorte ubevisst påverka av det alkoholfrie fellesskapet i meinigheita, og fått styrke derfrå til å ikkje bry seg om alkoholpresset elles i samfunnet? Mari sine opplevingar av drikkepresset er ikkje like positive. Ho har opplevd å

ikkje verte invitert til fest, til tross for at ho var god ven med vertskapet, noko ho syns var veldig kjipt. Mari har også fått mange spørsmål frå folk som lurar på kvifor ho ikkje drikk alkohol, men til forskjell frå Oda, syns Mari dette er slitsamt. Ho fortel og om gongar då ho har kjent på ordentleg drikkepress, og trekk særleg fram ei oppleving på ein utanlands- tur;

(...) da var det gruppepress liksom, eller drikkepress. (...) jeg husker ikke hva jeg sa, men de visste hvert fall at jeg var kristen. (...) jeg husker han ene sa sånn 'ja, men bare husk at pastoren din sikkert drikker', og jeg bare [lager et forbauset latter- fjes], eller ja, jeg bare synes det var så utrolig teit. Det er på en måte, hvis du tøyer strikken, så er det jo som at noen skal presse deg til å ta narkotika liksom. Det er sånn, folk må få bestemme det selv, synes jeg. (Mari, s. 15)

Det å ha eit fellesskap kor norma er å ikkje drikke, kan altså virke som eit positivt tilskot til informantane sine samfunnsliv, då det gir dei pause frå drikkekulturen og drikkepresset i storsamfunnet.

### 6.3 Normer rundt alkoholforbruk

Det verker ikkje som at alkohol er eit tema som det vert snakka noko særleg om frå talarstolen i meinigheitene, så desse normene om å ikkje drikke alkohol har nok oppstått gjennom til dømes konversasjon blant medlemmane, eller på grunn av skjulte formaningar frå leiinga. Mari, som avslutta sitt førre sitat med å seie at «folk må få bestemme det selv, synes jeg» (s. 15), hadde likevel formeiningar om kva for forhold til alkohol medlemmar av meinigheita, og særleg dei som i større grad representera meinigheita, burde ha;

Altså jeg har truffet en som jeg vet har vært i [koret] som da står på scenen og enda mer enn meg fronter [menigheten] sine verdier, (...) altså han blir jo litt som en leder da når han står på scenen, og jeg har møtt han i køen på Rema med en 6- pakning.. Og da har jeg tenkt sånn 'ja, okay, da sender du ut signaler om at det er helt greit' (Mari, s. 14).

Ho verker sjølv usikker på korleis ho skal forholda seg til alkoholen, og argumentera både for og i mot fullstendig fråhald, samt ei litt mildare måtehald- haldning. Ho visar til foreldras alkoholforbruk; at faren som sjølv var fråhalds oppfordra henne til å «være litt meir rebelsk» enn det han hadde vore, og at mora nokre få gonger i oppveksten hadde hatt éin øl til middagen, noko som hadde skapt redsle og uro hjå både Mari og broren. Dette «skrekk- forholdet» til alkohol syns ho ikkje var særleg sunt, og ønskjer ikkje å vidareføre dette til sine egne barn. Likevel, å ha alkohol ståande framme når det er barn til stede, syns ho er «totalt

uaktuelt» (s. 14). Når eg spør om meinigheita har uttrykt ei meining om alkoholforbruk, seier ho;

Da går det kanskje mer på det å drikke seg full, eller dritings, mer enn sånn 'Okey, alle sammen, som kirke så har vi ikke lyst til å drikke alkohol', altså det er ikke på det nivået. Det er mer sånn 'hva sier bibelen om det å drikke seg full' (Mari, s. 15).

Mari opplever altså ingen tydelege føringar frå meinigheita når det kjem til korleis ho bør forholde seg til alkoholen. Heller ikkje Oda og Trond opplever å få formaningar om alkoholforbruk frå meinigheita, men Trond fortel at det kan oppstå samtaler om tema i til dømes bibelgruppene. Også for Vigdis og Knut verker det som at temaet om alkohol er mest aktuelt i samtalar mellom medlemmane, og ikkje så mykje frå leiinga i meinigheita. Når eg spør Knut om han syns at dette burde verte prata meir om, seier han;

Jeg vet ikke helt. Det er jo det litt vanskelige perspektivet om at tidligere så var det så veldig sterkt negativt fokus på alkohol at det ble likestilt omtrent med synd, og så er det ikke noe grunnlag for å si det så sterkt ... Bortsett fra hvis det er veldig store samfunnsutfordringer knyttet til det, og det er jo litt der man har vært i det siste da, som også er en del av mitt personlige standpunkt mot alkohol, at det er ikke bare for min egen del, men det er jo også for andres del. Å ikke bidra til en kultur der alkohol er nødvendig, og der man kan føre folk ut i en avhengighet, for eksempel. (...) det går under det at vi som kristne skal være en motkultur, en motstander og ta et samfunnsansvar (Knut, s. 10).

Her kjem det fram eit interessant perspektiv som verker å vere sentralt for dei fleste informantane, nemleg norma om å ikkje drikke alkohol på grunn av ønsket om å vere eit godt medmenneske og eit førebilete i samfunnet. Det er interessant korleis informantane fortel at dei ikkje vert særleg påverka av meinigheita til å ta avgjersler når det kjem til alkoholforbruk, men likevel opplever å ha den same oppfatninga av kva for alkoholforbruk ein bør ha for å vere eit godt menneske. Oda fortel at ho ikkje drikk noko særleg med alkohol, og når eg spør om dette er på grunn av religiøse grunnar forklarar ho at det ikkje har noko med religiøse reglar å gjere, men meir det at ho ønskjer å vere ein medspelar;

Nei, jeg binder det ikke opp mot bibelen, så.. Kanskje litt sånn ja, at jeg skal være et forbilde da. Jeg drikker ikke på jobb for eksempel. (...) for jeg vet det er noen som kanskje har hatt et problem med rus eller alkohol og sånt, så da trenger jeg ikke. Jeg kan være den som er edru jeg også, det går fint. Ja, å være litt sånn medspiller da. Og der kommer kanskje litt troen inn, det å være medmenneske. (Oda, s. 14).

Mari vil ikkje drikke alkohol ute blant folk, eller i alle fall ikkje drikke seg full, fordi ho er redd for å verte avhengig, og ho ønskjer ikkje å signalisere til andre at det er greitt. Ho viser forståing for at det kan vere kjekt å drikke på fest, men gir uttrykk for at ho ikkje vil gjere dette sjølv, og trekkjer mellom anna fram døme på korleis alkohol har øydelagt familiar, på grunn av usikkerheit, utryggleik og at det i det heile; «(...) har så sykt mange negative konsekvenser (...)» (Mari, s. 14). Det kan altså verke som at norma om å vere eit godt medmenneske er ein viktig pådrivar for at medlemmane ikkje drikk alkohol.

Likevel, denne forma for sosial kapital er ikkje alltid berre positiv; normer kan også verke avgrensande for medlemmane i nettverket (Coleman, 1988, s. 105). Når eg spør Vigdis kva ho trur meinigheita tenkjer om hennar måtehald- haldning, svarar ho på ein måte som gir meg kjensla av at det ikkje er like positivt å ha denne haldninga til alkohol i hennar meinigheit. Den fridomen frå drikkepresset som ho får i meinigheita redusera fridomen til å kunne drikke alkohol dersom ho ønskja det. Drikkepresset vert gjerne erstatta av eit fråholdspress. Sjølv om ho ikkje seier det rett ut, så kan det verke som at ho syns det er ubehageleg å tenkje på kva meinigheita meiner om hennar forhold til alkohol, og at ho difor føler at ho må forsvare valet sitt.

Det har jeg faktisk ikke spurt de om. Jeg vil tro at det er litt begge deler, sannsynligvis. Men jeg tror ikke det er noe sånn at de ikke vil snakke med meg mer, eller sånne typer ting. Jeg tror nok de bare tenker at 'Okey, jeg er total- avholdende. Hm, det hadde jeg ikke trodd om Vigdis', og sånn da. Altså, jeg er jo veldig, veldig klar over hva alkohol kan gjøre og hvor farlig alkohol er (Vigdis, s. 9).

#### 6.4 Oppsummering

Meinigheita kan i stor grad seiast å vere ein positiv arena for medlemmane når det kjem til å ville gjere religiøse livsstilsval som på ulike måtar skil seg frå normene i storsamfunnet, og som difor kan vere vanskelege å gjere utan eit nettverk rundt seg. Her spelar fellesskapskjensla og den høge graden av tillit i nettverket ei stor rolle, fordi det bidreg til at informantane klarar å stå i mot presset utanfrå. Nettverket kan også ha ei usynleg og ubevisst innverknad på informantane, kor dei normene som vert akkumulert der blir ein heilt naturleg del av medlemmane sine livsval. Sjølv om nettverket utan drikkepress i all hovudsak verker som eit positivt tilskot til informantane sine samfunnsliv, kan normene og forventingane her også verke avgrensande. Denne dualiteten, forholdet mellom moglegheiter og avgrensing, er ein sentral del av det lukka nettverket, og er det som gir nettverket både ein inkluderande og ekskluderande karakter.

## 7. Intime relasjonar

Vi har tidlegare sett på korleis medlemmane bruker meinigheita, og det nettverket dei har tilgang på der, til å skaffe seg arbeid og til å ikkje kjenne seg åleine om religiøse livsval i samfunnslivet. I dette kapitlet skal vi ta føre oss medlemmane sine opplevingar av medlemsnettverket som sosial kapital i søken etter nye relasjonar. Ved å høyre om informantane sine tankar om sex utanfor ekteskapet skal vi få innblikk i korleis normene for omgang med andre menneske oppstår og eksisterer i det lukka nettverket. Vidare skal vi sjå korleis medlemmane opplever å kunne bruke den sosiale kapitalen i nettverka til å finne potensielle ektefelle både innanfor og utanfor meinigheita. Det viser seg at meinigheita er ein god arena for å skaffe seg arbeidserfaring og utvikle gode kvalitetar, sjølv om dette ikkje alltid er like enkelt å overføre til arbeidsmarknaden elles i samfunnet. Kan det tenkast at meinigheita som arena for ekteskap fungerer på litt same måte, kor nettverket kan vere til hjelp med å finne potensielle ektefelle innanfor meinigheita, men ikkje nødvendigvis utanfor? Eller opplever medlemmane at nettverket i meinigheita kan nyttast på ekteskapsmarknaden også elles i samfunnet?

### 7.1 Normer i lukka nettverk

Då eg spurte medlemmane spørsmålet; «Kva er dine tankar rundt sex utanfor ekteskapet?», visste eg at dette var eit religiøst spørsmål, og at svara som eg ville få her nok var djupt prega av deira religiøse overtyding. Knut var veldig klar i sine tankar rundt temaet; «Det tenker jeg jo er ganske tydelig imot det som står i bibelen. Det er det jo.» (s. 17). Når eg spør om dette er eit tema som det vert snakka noko om i meinigheita, svarar han;

Nei, det er jo ikke det. Det finnes nok de som mener at det burde vært snakket mer om, mens for de fleste så vil nok det føles, på en måte litt sånn privat og på den andre siden sett at alle vet jo hva bibelen sier om det uansett, så hvorfor skal vi snakke om det?  
(Knut, s. 17)

Sjølv om Knut sjølv ikkje kjenner på behovet for meir prat om dette i meinigheita, uttrykker han forståing for at dette kan vere eit viktig og aktuelt tema å ha på ungdomsmøte eller liknande; «(...) jeg ville nok ha tenkt at det var et tap hvis det ikke ble snakket litt om [der] i hvert fall.» (s. 17). Trond vel å ikkje tolke bibelordet like bokstaveleg; «tanken er at vi skal ha sex med én person i løpet av livet. Om dette nødvendigvis starter akkurat på bryllupsnatta, eller litt før eller etterpå, tror jeg ikke er avgjørende sånn teologisk (s. 14)». Når eg spør om dette er tema som vert snakka om i meinigheita, seier han at slike «detaljsaker» sjeldan vert

snakka om frå talarstolen, men gjerne kan dukke opp i diskusjonar i bibelgruppa. Mari, som også går i denne meinigheita, seier at slike tema vert snakka mykje om. «Jeg husker at [pastoren] sa et eller annet om at han kjenner seg litt trist fordi han ser at det er så mye umoralskhet i samfunnet, og at det er liksom, ja.. Det å ligge rundt.» (s. 17). Mari hadde ikkje klart å gjere det mange unge gjer i dag; «gå ut på byen, drikke meg full, og så dra hjem til noen ukjente» (s. 17), og er glad for at ho venta med sex til ekteskapet.

Jeg føler meg så heldig fordi jeg vet at det er sjelden, og man blir gjerne presset til ting og man synes ting er spennende eller ja, tar noen skritt som kan føre til det ene og det andre da, så jeg synes egentlig det er ganske bra at kirken er litt tydelig på det (Mari, s. 18).

Vigdis og mannen hadde sex før dei gifta seg, men angra djupt etterpå. Dei gjekk i sjelesorg og bad om tilgjeving. No er Vigdis skilt, og ho syns det er det heilt fjernt å tenke på at ho nokon gong skulle finne seg ein ny mann. Eg spør om ho veit kor hennar tankar om dette tema kjem frå, om det er noko ho sjølv har lese seg fram til i bibelen, eller om det er eit tema som det har vore snakka mykje om i meinigheita.

For meg er det helt utenkelig å bare finne meg en mann og bare ha sånn der 'one night stand' eller sånn. Det er fullstendig fjernt, og jeg tenker for min del at min mann han må være død før jeg skal kunne.. ja. Så det er jo en kombinasjon da vil jeg si, gjerne både hva jeg kommer til ut ifra Guds ord og så er det hva jeg hører andre ... ikke supplerer, men der det stemmer, der "dette høres riktig ut» (Vigdis, s. 21).

Sjølv om *one night stands*<sup>1</sup> er blitt relativt normalt å ha blant både unge og vaksne i dag, er det også ganske normalt å ikkje ha det- det er altså ikkje veldig kontroversielt å vere skeptisk til dette konseptet. Det som er interessant her er det Vigdis fortel om å ikkje finne ein ny mann så lenge eksmannen lever. Vigdis seier det ikkje rett ut, men eg tolkar det som at ho syns dette er eit litt sårt tema. Ho fortel mellom anna ein historie om ei venninne som opplevde å kjenne på misnøgd frå meinigheita, fordi ho gjekk utanfor norma og vart saman med ein ny mann etter skilsmisja:

Når jeg ble med i denne [velkomst-] tjenesten, så hadde jeg spurt en venninne av meg om hun ville [jobbe i denne tjenesten med Vigdis]. Og da fikk jeg reaksjoner fra noen som sa «ja, men hun er jo skilt, og har en ny venn». Så da ønsket ikke de det, at en som skal ta imot deg har det som ... ja. (...) Jeg vet ikke. (Vigdis, s. 15)

Ho slit med å fullføre historia, som at ho ikkje veit kva ho skal seie. Ho fortel også om ein mann i meinigheita som fann seg ei kjæraste som hadde vore gift før, men som no var skilt;

---

<sup>1</sup> Tilfeldig sex, som regel ikkje basert på kjærleik og utan intensjonar om eit varig forhold



«(...) og da følte han at han kunne ikke lenger gå i menigheten» (Vigdis, s. 21). Vigdis seier at ho syns dette er litt sårt. Akkurat kva ho syns er sårt kjem ikkje så godt fram- om det er det faktum at han ikkje følte at han kunne gå i meinigheita lenger, eller om det er sårt å vite at det finst ei norm som seier at det ikkje er greitt å bli saman med noko som tidlegare har vore gift. Det kan også tenkast at ho syns det er vanskeleg fordi ho sjølv er i denne situasjonen, og at det difor kjennes sårt å tenkje på at dersom ho skulle finne seg ein ny mann, så ville ikkje dette blitt godtatt i meinigheita. Det kan verke som at Vigdis, ved fleire tilfelle, kan synest at normene i nettverket er utfordrande. Likevel, ved fleire av desse tilfella, kjem det også fram ei slags takksemd over at dei finst. Ho fortel at det er trygt å kjenne på at meinigheita har same religiøse standpunkt som ho sjølv, og at ho sjeldan blir overraska over kva som vert sagt og gjort der. Kanskje opplever Vigdis at det er godt å vere i eit nettverk kor det finst slike normer som støtter opp om avgjersler som kanskje kan vere utfordrande å leve opp til sjølv.

## 7.2 Den perfekte partner – samanbindande kapital

Mari og Vigdis går i ulike meinigheiter, dei vaks opp i heilt forskjellige samfunn, med 30 års aldersskilnad mellom seg, og dei er i dag på svært ulike stader i livet. Mari er forelska og nygift, medan Vigdis nettopp har vore gjennom ei vond skilsmisse. Både Mari og Vigdis har vore kristne heile livet, men berre Mari hadde foreldre som også var kristne. Vigdis fekk likevel litt input frå meinigheita, og var, som Mari, aktiv i fleire kristne organisasjonar i sine ungdomsår. Til tross for at kvinnene har mange ulikskapar som kunne hatt innverknad på deira søken etter ektemann, er det interessant å høyre at deira historie om korleis dei møtte sine ektemenn faktisk er svært like. Vigdis og ektemannen var 18 år då dei vart kjend på utanlandstur med songkoret. Ho kjente han ikkje frå før, men fortel om ei spesiell kjensle ho fekk første gong dei møttest;

Og så, når vi sitter der, så skjer det at han får et lys rundt seg. Jeg hadde aldri sett at mennesker fikk lys rundt seg. Og da ble jeg forelsket, i det lyset. Jeg bare tenkte at han levde nær Jesus. Og han var også leder på den tjenesten vi hadde, altså den som skaffet folk til å holde andakter (...), det var han som var ansvarlig for det (Vigdis, s. 19).

I følge Vigdis var det svært viktig at dei begge var kristen, og at dei hadde dei same verdiane. Dette var eit krav frå hennas side, når det kom til val av ektemann. Foreldra til Vigdis var ikkje særleg nøgd med valet, då dei to kom i frå svært forskjellige sosiale kår; «Han var Grieg og Bull og gjengen, mens mine foreldre var vanlige folk, med arbeiderforbund og sånt» (s.20). Sjølv om foreldra nekta det unge paret å gifte seg, gjorde dei det likevel – kanskje litt

på trass. Mari møtte sin utkårande på tur med ein kristen organisasjon då var ho 21 år og gjekk på bibelskule. For ho var det kjærleik ved første blikk.

(...) jeg tror ikke det har skjedd før at jeg har blitt sånn «wow!», men jeg følte veldig sånn «å, herlighet, det er noe sykt spesielt her!». (...) Og jeg så at han her har bare et så bra hjerte og er så inkluderende, og så.. ja, han bare elsker gud da. Og det er noe som jeg sitter så høyt, eller det er kjempeviktig for meg (Mari, s. 11).

Eg spør kva for verdiar som er viktige for Mari i ein ektemake, og ho svarar at det er verdiar som det å vere trufast, inkluderande, ærleg, og også det å leve etter kristen tru;

Det er uaktuelt for meg å skulle være sammen med noen som er kristne, men som du ikke ser at, altså bare at de sier at de er kristne for eksempel, uten at det får noen påvirkning på livet liksom. Fordi troen er så viktig for meg; det å kunne be sammen, det å kunne reflektere og stille kritiske spørsmål om tro, og ja (Mari, s. 11).

Både Mari og Vigdis opplevde kjærleik ved første blikk, og nemner mellom anna nærleik til gud som ein viktig årsak. Kan dette vere resultat av ei norm i meinigheita, ei norm som seier noko om korleis draumemannen eller -kvinna er, eller er dette berre resultat av å ha tilgang på eit nettverk, eller ein arena, av menneske som du deler verdiar og normer med?

Når eg spør Trond om han opplever at meinigheita har nokre forventingar til kven ein skal ende opp saman med, svarar han;

Nei, ikke utover at jeg tror at det er mange som håper at man velger seg en kristen kjæreste, av de grunnene jeg nevnte i stad; sannsynligheten for å lykkes til et livslangt ekteskap, hvordan det er å oppdra unger og sånt, at det fort kan bli problematisk å oppdra en unge når den ene ønsker veldig sterkt at han skal ha en tydelig kristen oppvekst, mens den andre ikke tror selv. Så jeg tror ikke det er noen forventinger utover at man håper [at man finner seg en kristen ektefelle] fordi at en ønsker det beste for folk. Men velger man noen andre så blir en ønsket lykke til med det også (Trond, s.14).

Som tidlegare nemnd er Oda gift med ein mann som ikkje er personleg kristen, men som likevel er medlem av meinigheita for å vere deltakande i barna sine liv. Oda fortel at ektemannen blir med på det meste av aktivitetar og møter, og at han trivst godt. Når eg spør om ektemannen nokon gong har opplevd at nokon i meinigheita har prøvd å frelse han, seier ho;

Han har ikke opplevd noe press på at noen skal frelse han eller fortelle han hvor viktig det er eller sånn, det er ikke noen som har prøvd å ta den samtalen der. (...) Jeg tror

det fleste tenker at om han er kristen eller ikke, det er hans sak, men han er veldig velkommen til å komme, og så får han heller ta kontakt hvis han hadde lyst til å snakke om det da! (Oda, s. 16)

Det verker ikkje som at det å finne seg nokon som ikkje er kristen er eit veldig stort problem i Knut sin meinigheit heller, men «det finnes mange problemer som man kan komme opp i som gift når man har veldig forskjellige livssyn, som man kanskje ikke tenker over når man er nyforelsket» (s.16). Dersom nokon i meinigheita til Knut hadde blitt saman med nokon som ikkje var kristen, ville han synes det var «litt trist hvis det var ingen i menigheten som kunne ta en ordentlig samtale [med denne personen] om disse tingene» (s. 16). Knut viser forståing for at slike tema kan vere sensitive, og meiner difor at dette er samtaler som burde komme frå nokon som kjenner denne personen godt. Men dersom dette gjaldt eit medlem som til dømes nettopp var blitt medlem eller ikkje hadde så mange andre nære, ville Knut gjort dette sjølv.

(...) Jeg ville følt det var vanskelig å komme busende inn i livet til en annen person, men jeg hadde samtidig følt på en dårlig samvittighet og at det var litt trist hvis det var ingen som kunne ta den samtalen med vedkommende (Knut, s. 16).

### 7.3 Arena for å møtes

Knut har vore gift med kona si i 10 år. Når eg spør «trur du at de hadde blitt saman dersom de møttest i ein ikkje- religiøs setting?», svarar Knut at det var nettopp slik dei møttest første gong. Dette var i forbinding med ei felles interesse som dei begge var engasjert i. Men, sjølv om dei møttest fleire gonger i denne settinga, seier Knut at dei først og fremst vart kjend i meinigheits- samanheng. Han fortel at det å møtast utanfor meinigheita ikkje var noko problem for dei, men at det var ein viktig faktor at dei begge to var kristne. Når eg spør om han trur at prosessen med å bli saman var enklare fordi dei begge var medlem i meinigheita, seier han;

At det var nødvendigvis samme menighet tror jeg ikke hadde så mye å si, men det som har noe å si i den forbindelse er at når man går i samme menighet, så har man naturlig veldig mange kontaktpunkt, og veldig stor anledning til å bli kjent med hverandre. Jeg tror nok at hvis jeg hadde hatt like mange kontaktpunktet i andre arenaer; politikk eller idrett eller sånne ting, så kunne det like gjerne blitt oss to. Men menigheten, og at vi var medlem der begge to, gjorde jo at vi naturlig fikk mye tid sammen (Knut, s.14).

Det verker som at medlemskapet i meinigheita ikkje har hatt noko direkte innverknad på kven Knut valde å gifte seg med, anna enn at det var ein arena kor han bruker mykje tid og kor det

difor var naturleg å møtast. Trond møtte kona si via felles vener frå meinigheita. Når eg spør om Trond trur at det var ein fordel for utviklinga av forholdet at dei var medlem av same meinigheit, svarar han;

Jeg tror at for min del så var det viktig (...) [Men,] for min del har det vært viktigere at (...) vi har noenlunde samme verdisyn, hvert fall med tanke på oppdragelse. Jeg tror det kan bli problematisk å leve et liv sammen dersom en har veldig forskjellig grunnsyn. Så for meg var det viktig at jeg skulle finne meg en som var kristen. (...) Ikke fordi jeg ikke tror det finnes flotte mennesker som ikke er kristne, men bare fordi det øker sannsynligheten for å lykkes i det lange løp (Trond, s. 13).

I likskap med Knut, trekkjer Trond fram det faktum at det er lettare å treffe nokon ein stad kor ein brukar mykje tid. Både Knut og Trond er samd i at det vil vere fordelaktig å vere medlem av den same meinigheita som kona når ein har gifta seg, hovudsakeleg av praktiske årsaker, men også fordi ein så stor del av livet går føre seg der og det ville vore rart å ikkje dele det livet. Trond fortel at det ikkje hadde vore noko problem dersom kona hans gjekk i ein anna meinigheit då dei møttest, «men sannsynligheten for å treffes er mye større i samme menighet» (s. 13). Både Knut og Trond opplever meinigheita som ein god arena for å treffe framtidige ektefellar fordi det er ein stad kor dei tilbringar mykje tid.

Eg trur det finst fleire fordelar ved denne arenaen. Det å ha ein religion i dagens samfunn er eit val som ein må grunngje. Dersom ein ønskjer å basere egne livsval på kva denne religionen seier, må ein vere forberedt på å møte motstand. Mange religiøse normer og reglar seier ting som motstridar kva storsamfunnet meiner er rett, og det krevst difor ei forklaring for kvifor ein ønskjer å leve etter slike levereglar. Det å ha ein arena kor ein kan møte likesinna, som allereie har teken eit val om å følgje desse levereglane, eller som i alle fall ikkje vil vere kritisk til kvifor du sjølv ønskjer å gjere det, kan gjere dating- prosessen enklare. For både Trond og Knut var det avgjerande å møte ei kvinne som var kristen. Så pluralistisk og multikulturelt som samfunnet er i dag kunne det tatt lang tid før dei fant ei slik kvinne på den «offentlege» dating- marknaden. Men det er slett ikkje umogleg. Likevel er det fleire andre aspekt ved kristenlivet som også er ein fordel å vere samd om, som til dømes barneoppseding og meinigheits - tilhøyrsløse, og her kan det vere meir utfordrande å møte nokon som kjenner til dei same normene som ein sjølv har. Trond understrekar viktigheita av å vere samd om dei viktige tinga i livet. Meinigheita kan difor vere ein arena kor ein kan finne nokon med nettopp felles normer og felles forventningar rundt dei viktige tinga i livet. Medlemmane får ei slags sosial kapital bestående av dei normene og forventningane rundt det

religiøse livet som vert opparbeida i meinigheita. Denne kapitalen er nok ikkje nødvendigvis like verdifull i alle dating- marknader i samfunnet, men vil vere svært verdifull for menneske som ønskjer å møte nettopp religiøst engasjerte menneske med slik kapital.

#### 7.4 «Styrken i svake band»

Det er ikkje berre i tilknytning til arbeid at svake relasjonar kan vere verdifulle- desse kan også fungere som informasjonskanalar når det er snakk om skapinga av nye relasjonar og potensielle ektefellar. Innleiingsvis i kapitlet stiller eg spørsmålet; Opplever medlemmane at nettverket i meinigheita kan nyttast på ekteskapsmarknaden også elles i samfunnet? Fleire av informantane finn sine utkårande nettopp utanfor meinigheita, som Knut som møter kona si for første gong gjennom ein felles hobby, eller Mari som møter sin mann på konfirmasjonsleir. Eg vil likevel argumentere for at desse møta på eit vis skjedde innanfor meinighetsnettverket, fordi dei begge var medlem av meinigheita, eller av eit tilsvarande nettverk. Oda er den einaste som ikkje møtte mannen sin i ei slik samanheng. Ho fortel at dei vart kjend via felles vener, og at ingen av desse relasjonane var tilknytt meinigheita fordi han ikkje er personleg kristen. Det er altså ingen av informantane i nettverket som kan hjelpe meg å svare på spørsmålet om i kva grad nettverket i meinigheita kan vere nyttig på ekteskapsmarknaden utanfor. Det er likevel rimeleg å tenkje at svake relasjonar i meinigheita kan vere nyttige i ein slik samanheng. Vi kan til dømes sjå for oss at ei eldre kvinne og ein yngre gut kjem i snakk i meinigheita. Dei veit kven kvarandre er, men har elles veldig lite kontakt. Kvinna fortel om ei jente som i ei stund har arbeida som gartner i burettslaget hennar, ho fortel kor snill og skjøn ho er, og guten visar interesse. Kvinna veit ikkje korleis guten er, om han også er snill, men tilbyr likevel å setje desse i kontakt med kvarandre. Nettverket som dei begge er ein del av, som består av mykje tillit og høg grad av fellesskap, sikrar på eit vis guten sin posisjon. Ho kjenner ikkje guten, men ho kjenner kva for normer og forventingar han har blitt vane med i meinigheita, eller ser korleis han oppføra seg mot dei andre medlemmane. Han får her ei fordel av å vere ein del av nettverket. Den eldre kvinna sit på informasjon om ein potensiell ny relasjon for guten, informasjon som ikkje han hadde hatt tilgjengeleg utan henne.

#### 7.5 Barneoppseding – lukka nettverk og felles normer

Eit av argumenta frå informantane for å finne nokon som er i meinigheita, eller som i alle fall er kristen, er at det er større sannsyn for at ein er semd om dei viktige tinga i livet, som til

dømes barneoppsedinga. Oda og ektemannen løyser dette fint ved at ektemannen deltar i aktivitetane i meinigheita, sjølv om han ikkje er personleg kristen. Her kan vi igjen nemne fordelane ved nettverk kor både foreldre og barn er aktive;

(...) the existence of intergenerational closure provides a quantity of social capital available to each parent in raising his children- not only in matters related to school but in other matters as well (Coleman, 1988, s. 107).

Ved å bli saman med nokon andre i meinigheita, eller finne nokon som er villige til å bli ein del av nettverket, sikrar ein tilgangen på eit fellesskap fullt av sosial kapital, i form av normer og forventingar, men også informasjon og tenester. Informasjonsutveksling kan sjølvsagt også kome frå svake relasjonar i meinigheita, og er ikkje nødvendigvis avhengig av ei lukking av intergenerasjonsnettverket. Likevel, Coleman argumentera for at lukking av nettverket ikkje berre er viktig for skapinga av normer, men også for graden av tillit blant medlemmane (1988, s.107). Kor mykje tillit medlemmane har til kvarandre kan ha mykje å seie for kva for tenester som er tilgjengelege som ressursar for foreldra i meinigheita. Putnam brukar naboskapet som døme på eit fellesskap med mykje sosial kapital, og argumenterer for at deltakinga i slike lukka nettverk kan gi fordelar som til dømes innbrotssikring i nabolaget eller pålitelege barnepassarar, sjølv om ein ikkje nødvendigvis bidrar til desse tenesta sjølv (2007, s. 138). Slike tenester er det Coleman referera til som kollektive godar, altså sosial kapital som er tilgjengeleg for alle medlemmane, sjølv om det berre er nokre få som bidreg til eksistensen av dei (1988, s. 116). Oda fortel at den karismatiske meinigheita har barnepass- løysingar medan foreldra går i gudsteneste. Barna vert fordelt i ulike grupper, fordelt på alderstrinn, og får i desse samlingane tilpassa opplæring i kristen tru. Slike ordningar er nok berre moglege i nettverk kor det finst ei viss grad av tillit blant medlemmane og til dei som arbeidar i meinigheita. I tillegg til arrangement kor barna kan bli betre kjent, arrangerer meinigheita også møter for foreldra;

Og vi har jo egen foreldrekvelder og sånn også. Der vi snakker om generelt om oppdragelse og sånt, og (utydelig) og sånne ting, men også det er jo å snakke med ungene med gud og hvordan vi kan gjøre det på en god måte da, og ikke sånn fordømmende og regelrytter (Oda, s. 19).

Trond fortel at når eit par i meinigheita vert trulova tilbyr meinigheita rådgevingskurs i ekteskapet, som mellom anna inneber råd om barneoppsedinga. Medlemmane har altså tilgang på ei rekke forskjellige tilbod frå meinigheita, samt mykje sosial kapital, dersom dei finn seg

nokon som anten allereie er medlem av nettverket, eller som ønskjer å bli ein del av det. Når eg spør om det er viktig for Oda at barna går i meinigheita, seier ho at ho syns dette er viktig fordi ho ønskjer at barna skal få den innflytinga. Ho lar alt mogleg anna ha innverknad på barna, som til dømes skulen og internett, så ho syns det berre er rettferdig at også meinigheita skal få den sjansen. Trond, som går i same meinigheit som Oda, seier nokon lunde det same når eg spør han om det er viktig for han at barnet hans veks opp i meinigheita;

Ja! Han skal selvfølgelig få velge selv hva han vil når han blir større, men jeg synes det er viktig at han har den ballasten med seg når han skal ta valget. Fordi det er mye snakk om det å ha en nøytral oppvekst, men jeg mener at det er en utopi, at det finnes ingenting som er nøytralt. Enten så velger du noe eller så velger du vekk noe. Man gjør uansett et valg på bakgrunn av hva du tenker er rett. Og jeg tenker det er rett at han har den ballasten før han velger, mens andre tenker at de ikke skal ha noe erfaring med det før de velger, men.. Jeg tror det er bare bra. (Trond, s. 16)

## 7.6 Oppsummering

I dette kapittelet har vi sett på korleis normene i nettverket både kan fungere som trygge og føreseieleg rammer, og samtidig verke ekskluderande og avgrensande for dei som ikkje passar innanfor desse rammene. For Vigdis verker det som at det er nettopp desse normene som gjer at ho trivs så godt i meinigheita, fordi dei skaper trygge retningslinjer for den religiøse livsstil, og gjer det enklare å ta dei avgjerslene som kanskje kan vere utfordrande å leve opp til sjølv.

På same måte som at meinigheita kan vere ein arena kor medlemmane kan vise sine eigenskapar for moglege arbeidsgjevarar, kan meinigheita også vere ein arena kor medlemmane kan vere tilgjengeleg for å møte framtidige ektefelle. Medlemmane fortel at det kan vere ein fordel å verte kjend med ektefellane sine i meinigheita, fordi det er eit nettverk kor dei allereie investerer tid og energi. Det kan også vere ein fordel fordi dei med dette kan sikre tilgangen på eit fellesskap fullt av sosial kapital, i form av normer og forventingar, men også informasjon og tenester til å bruke i ekteskapet, og til dømes i barneoppsedinga.

Sjølv om ingen av informantane i denne studia hadde opplevd å bruke nettverket i meinigheita til å finne seg kjærast på ekteskapsmarknaden utanfor meinigheita, er det stort sannsyn for at dette er ein moglegheit. Svake band i nettverket kan vere verdifulle i denne samanhengen, fordi dei kan komme med ny informasjon, som ein sjølv ikkje har tilgjengeleg, til dømes informasjon om potensielle ektefellar utanfor meinigheita.

## 8. Krevjande livssituasjonar

Hans, 76 år, er medlem av den luthersk- evangeliske meinigheita, men har i det siste også vore medlem av eit anna kyrkjefellesskap. For nokre år sidan opplevde Hans ei stor krise i livet; eit nært familiemedlem vart alvorleg sjuk og døyde. Hans opplevde å ikkje få den støtta han trengte i den luthersk- evangeliske meinigheita i desse vanskelege åra av hans liv, og valde difor å utforske andre meinigheiter. Då eg intervjuar Hans var det tydeleg at det var dette han ønska å formidle; korleis meinigheita var der for han, eller ikkje var der, og korleis det andre kyrkjesamfunnet handterte situasjonen på ein anna (og betre?) måte. Sjølv om dette er svært interessante aspekt ved meinigheitslivet, som til dømes kan seie noko om kva for samfunnsoppgåver meinigheita har i dag, er dette eit anna fokus enn det som eg undersøker i denne oppgåva. I tilknytning med Hans sine erfaringar med dei to meinigheitene vil eg difor berre fokusere på den sosiale kapitalen, og i kva grad Hans kunne bruke denne i møte med krisesituasjonen i livet sitt.

Hvis en menighet (...) ligger opp til at vi bare skal drive et arbeid som passer for de som er oppegående og friske, og som har det bra og er i jobb og ting fungerer og sånt, så kan det fort bli slik at en tror at det er hele det normale livet til folk. Men til større forsamlingen er, jo flere medlemmer der er, til oftere må du kunne vente at det skjer unormale ting, at mønsteret brytes. (Hans, s. 6)

Korleis kan nettverkstilknyttingane i meinigheita vere til hjelp i situasjonar i livet som er vanskelege, og kor ein gjerne treng hjelp av ulike slag?

### 8.1 Utilgjengelege ressursar

På same måte som at informasjonsutvekslinga i samband med arbeid ikkje nødvendigvis er overførbar til alle situasjonar, og dermed ikkje brukbar for alle, kan den sosiale kapitalen i forbindelse med vanskelege situasjonar også vere avgrensa. Hans fortel at han i ettertid har snakka med folk i meinigheita om mangelen på støtte han og familien opplevde då dei gjekk gjennom den vanskelege tida. Eg spør om han har nokre tankar om kvifor det vart slik;

Hovedtanken tror jeg rett og slett var at de ikke var kompetente til å gå inn i en sånn situasjon. De hadde ikke noe erfaring, de hadde ikke noe bakgrunn, og de følte nok på en usikkerhet og en hjelpeløshet til «hvordan skal vi gjøre dette her», og så ble det slik som det gjerne ofte blir; En gjør ingenting. (Hans, s. 3)



Hans fortel også at han ikkje kjenner til andre menneske i meinigheita som har vore gjennom ei så stor krise, han opplevde ikkje at det var nokon som hadde kunnskapen om slike situasjonar, og at det dermed ikkje var nokon å vende seg til for hjelp. Hans fortel vidare om korleis han, på eige initiativ, har tatt ulike kurs for å lære korleis ein skal møte menneske som opplever krise og sorg, og korleis han tileigna seg mykje kunnskap ved å arbeide frivillig på sjukehuset. Eit av desse kursa var sikta på dei som skulle arbeide som leiarar for sorggrupper, men for Hans ville ei slik oppgåve vere for mykje; «Jeg sa det når jeg kom bort der at jeg har nok sorg på sykehuset der, om jeg ikke skal være leder i sorggruppe [i tillegg]» (s. 8). Sjølv om Hans ikkje har emosjonelt overskot til å vere ei offisiell ressurs for meinigheita, kan det likevel tenkast at han kan spele ei stor rolle for andre medlemmar som opplever ei utfordring i livet. Hans fortel om mange forskjellige tilbod for menneske som slit, anten for dei som er sjuke og døydde, eller for etterlatne. Det er tydeleg at han sit på informasjon som er svært verdifull for andre medlem i meinigheita, og vil på fleire måtar vere ein person som andre medlemmar kan både hente informasjon og omsorg frå. Hans sin situasjon er eit døme på korleis den sosiale kapitalen ikkje nødvendigvis er eit gode for den personen som skapar kapitalen, men heller utgjør eit kollektivt gode for heile nettverket.

## 8.2 Praktisk og økonomisk hjelp

Vigdis fortel at ho har deltatt på fleire ulike kurs, som er skipa til av meinigheita, kor ho mellom anna har fått kunnskap i det å vere sjelesørger. Ho har også hatt forskjellige frivillige verv kor målet har vore å hjelpe andre menneske. Å vere medlem av eit nettverk kor slike ressursar er tilgjengelege, er ein stor fordel i dagens samfunn, kor dei offentlege ressursane ofte er bunden av byråkratiske reglar eller lange ventelister. Vigdis fortel også om hjelpetiltak i meinigheita, kor medlemmar kan hjelpe kvarandre med ulike praktiske eller økonomiske utfordringar. Vigdis fekk til dømes bruk for sine digitale kunnskapar frå jobben då ei kvinne i meinigheita hadde problem med PC- en sin; «(...) vi hadde jo en sånn aksjon der vi gjorde noe godt for mennesker. (...) For eksempel var det en dame som hadde problemer med PC-en, og da kunne jeg hjelpe henne!» (s. 7). Eg spør Vigdis om ho veit om nokre formar for hjelpeapparat i meinigheita, dersom nokon til dømes har økonomiske problem. Vigdis trur at slike ordningar finst, men ut i frå historia ho fortel, kan det verke som at hjelpen like gjerne kan komme frå andre medlemmane;

(...) nå er det en som jeg kjenner, som er medlem i [menigheten], og hun har ikke råd til å betale 300 kroner i året. Hun har forsvinnende lite penger. Og så ringte jeg bare til

kontoret og fortalte at hun ikke klarer å betale. Og medlemskapet hennes går jo da ut, ikke sant? Og så sa jeg «Jeg vil gjerne betale for henne, eller er det noen måte å ordne det på?», så da var det meg som stilte opp for henne (Vigdis, s. 5)

Oda, i den karismatiske meinigheita, syns det er bra at meinigheita hennar har ordningar for til dømes medlemmar som slit økonomisk, fordi ho sjølv ville synes det var ubehageleg å gje slik hjelp direkte til eit anna menneske.

(...) og så er ikke jeg sånn at jeg liker å gi direkte til én person, for da hadde jeg vært redd for at den personen ville kommet [til å føle] så mye takknemlighet direkte til meg, ikke sant. Da synes jeg det er bedre å bare gi til menigheten, og så får de gi. (Oda, s. 5).

Intervjua for prosjektet vart gjennomført hausten 2021, så informantane hadde på dette tidspunktet fått erfare eit og eit halvt år med pandemi- prega meinigheitsliv.

Koronapandemien i Noreg handla i stor grad om å halde seg heime, og i fleire periodar var det berre eit avgrensa tal på menneske ein fekk lov å vere saman med. Ei folkehelseundersøking gjennomført i november- desember 2020 (Aarø mfl., 2020) viste at fleire sleit med einsemd og psykiske plager under det første korona- året. Eg spør informantane om deira erfaringar av meinigheitslivet under koronapandemien. Oda fortel at det var godt å kunne møte bibelgruppa under pandemien (delvis digitalt), fordi der fekk ein sjå andre fjes enn berre arbeidskollegaer. Ho fortel og at meinigheita hadde eit team som «er litt sånn bevisst på de som kan falle utenfor og sånn» (s. 13), og at leiarane av bibelgruppene ringte rundt til dei som var deltakande der for å høyre korleis det gjekk. Eg spør om det vart sett i gong nokre tiltak for dei som kunne kjenne seg litt ekstra åleine i denne tida, men det er ikkje Oda heilt sikker på;

(...) de var nå innom og ringte i hvert fall, og sjekket, men jeg tror ikke det var arrangert noe sånn spesifikt for de som følte seg ensom. Men det kan godt være de har satt noen i kontakt med hverandre, for det er jo litt sånn som de gjør av og til, de som er ledere der (Oda, s. 13)

Oda verkar å vere nøgd med korleis meinigheita handtere koronasituasjonen – men Oda fortel ikkje om nokre spesielle behov i denne tida, så hennar oppfatning kan også vere prega av det. Knut syns meinigheita hans hadde litt for få tiltak under pandemien. Han og fleire andre medlem foreslo for leiinga å ta ei ringerunde til dei eldre medlemmane, berre for å høyre korleis dei hadde det, noko dei eldre hadde satt pris på. Eg spør om han trur at han sjølv ville

hatt ei anna oppleving av pandemien dersom han ikkje hadde hatt meinigheita. Han fortel at han ved fleire digitale gudstenester var fysisk til stades i meinigheita, for å hjelpe til, og fekk difor litt sosialt input frå dei få som var møtt opp der.

Utover det så var jo nabofellesskapet mye viktigere under pandemien, der vi kunne treffe folk utendørs, på lekeplasser og sånne ting (Knut, s. 19).

I Knut sitt tilfelle kan det verke som at nabo- nettverket overtok rolla til det lukka meinigheits- nettverket i koronapandemien. Nabofellesskap er ofte gode dømer på lukka, hensiktsmessige fellesskap kor dei fleste kjenner kvarandre og kor det er danna felles normer for samvær og tryggleik. I pandemi- åra kan det verke som at nabofellesskapet også fekk ei viktig sosial rolle for bebuarane, ei rolle som ikkje meinigheitene nødvendigvis hadde moglegheit eller kapasitet til å fylle i denne tida.

### 8.3 Sterke relasjonar

Bibelgruppene har ei sentral rolle i meinigheitslivet, også når det ikkje er pandemi eller andre store kriser. Trond fortel at ein av grunnane til at meinigheita arrangerer bibelgrupper er «at vi skal ha litt mer oversikt over hvem som er med, sånn at vi lettere fanger opp hvis det er folk som er ensom og sånne ting» (s. 10). Eg spør informantane om dei syns relasjonane i meinigheita er annleis enn dei som dei har utanfor, og om desse relasjonane gir dei noko som dei ikkje opplever å få i andre relasjonar. Oda syns relasjonane i meinigheita er annleis enn dei ho har utanfor, mellom anna fordi ho med desse venene kan «snakke det same språket»;

Jeg kjenner på det at jeg trenger å ha noen som også snakker det språket, ikke sant? At jeg kan snakke om troen min, fordi troen min er på en måte hele livet. Hele livet mitt blir på en eller annen måte påvirket av troen min, den er med meg hele tiden uansett. Og det å ha noen å snakke med det om, det er jo kjempeviktig. Hvis jeg ikke hadde hatt det, så tror jeg at jeg hadde følt meg veldig ensom. Jeg har ikke behov for å snakke med alle vennene mine om det, men at vi kan forstå hverandre litt da, og så at vi har en felles sånn bakgrunnshistorie (Oda, s. 10).

Vigdis opplever at venskapa i meinigheita har ein djupare dimensjon enn til dømes dei relasjonane ho har på jobben. Også Trond trekkjer fram relasjonane i bibelgruppene som spesielle, og meiner mellom anna dette er fordi ein vert tvungen til å «gå litt i dypet med hverandre»;

(...) i tillegg til gudstjenestene så har vi [bibelgrupper], og der er vi veldig bevisst på at der snakker vi om alt, på en måte. Så de som vi er i gruppe med, eller har vært i gruppe med, de har vi ganske tett forhold til. Fordi man har snakket om alle typer ting i livet, da. Det blir en arena der en blir nesten «tvunget» (hermetegn) til å dele litt, gå litt på dypet med hverandre og bli litt bedre kjent. Det er ikke bare de der hverdagsfrasene man møter i døra når man kommer og går i gudstjenesten (Trond, s. 9).

Eg spør Trond om han kunne sett føre seg andre arenaer i samfunnslivet kor slike samtalar og interaksjonar kunne ha skjedd, men det syns han er vanskeleg;

(...) det er på en måte en strukturert møteplass som man har hver uke hvor (...) et av målene for kvelden det er at man skal fortelle hvordan livet ditt er, og så snakke om det. Det er ikke så veldig mange andre arenaer i livet hvor det er naturleg (Trond, s. 9).


Når medlemmane snakkar om dei djupe relasjonane i meinigheita er det ofte bibelgruppevenskapa som vert nemnd. Det er tydeleg at desse gruppene er viktige for skapinga av den samlande kapitalen, fordi det er her dei tette banda vert knytt. Det er interessant korleis Trond beskriver bibelgruppene som å vere mindre lukka nettverk inni det store lukka nettverket, kor det å «berre» vere deltakande på gudstenesta kan sjåast på som å ikkje ta del i dette nettverket. Her peikar Trond på ein viktig skilnad mellom lukka og ope nettverk, nemleg at moglegheita for å sjå og bli sett er større i eit lukka nettverk, som i dette tilfelle kan vere bibelgruppene, enn i eit meir ope nettverk, som i gudstenesta i meinigheita. Både Hans og Mari snakkar om at meinigheitene arrangerer velkomstkomitear i byrjinga av gudstenesta, ei ordning som skal sørge for at alle medlemmane kjenner seg velkommen. Likevel er det naturleg at kjensla av å vere velkommen og å «bli sett» er endå større i mindre grupper enn i dei store gudstenestene. Hans meiner det er viktig med slike mindre fellesskap innanfor det store nettverket;

Men altså, innenfor menigheten; å danne noen mindre fellesskap som ligger vekt på det sosiale. Og da har du mye lettere for å kunne fange opp når én får problemer i familien med sykdom, død eller katastrofe. (...) (Hans, s. 21).

Vigdis fortel at bibelgruppa og nettverket i meinigheita var svært viktig for ho då ho for nokre år sidan gjekk igjennom ei vond skilsmisse. Eksmannen hadde vore medlem i same meinigheit som Vigdis då dei var gift, og dei delte difor mykje av sitt sosiale nettverk. Vigdis fortel at eksmannen «presterte å servere løgner» (s. 5) til andre medlemmar i meinigheita då dei nettopp hadde gått frå kvarandre, men at dei andre medlemmane ikkje ville høyre på han;

(...) Men jeg opplevde jo at menigheten, for eksempel bibelgruppen min, for han prøvde seg jo der også da- han ville jo helt sikkert «kuppe» bibelgruppen, og da sier en i bibelgruppen; «Ja, okay, jeg hører hva du sier nå, men Vigdis kommer til å få vite hvert ord. Så alt det du sier, det får hun vite.» Og da hadde han ikke lyst til å si mer, for det var jo bare løgner (Vigdis, s. 5).

Denne situasjonen er eit godt døme på at nettverket i meinigheita er lukka. Som tidlegare nemnd, brukar Coleman (1988) sladder som døme på å vise korleis lukkinga i eit nettverk verkar inn på interaksjonen mellom medlemmane. Han viser til at dersom personane i nettverket ikkje kjenner til kvarandre, vil sladderer kunne flyte fritt utan at hen som sladrar får nokre sanksjonar. Dersom nettverket derimot er lukka, og dei som vert sladra til kjenner kvarandre, er sannsynet stort for at desse saman vil gje sanksjonar til hen som sladrar, slik at denne negative oppførselen sluttar; «In a structure with closure, like that of figure 1b, B and C can combine to provide a collective sanction, or either can reward the other for sanctioning A” (Coleman, 1988, s. 106). Vigdis



Figur 2 Henta frå Coleman, 1988, s. 106

opplevde at nettverket i meinigheita satt ein stoppar for dei løgnene eksmannen ville fortelje om ho, noko som hadde stor innverknad på hennar omdømme og framtidige posisjon i nettverket. Ho fortel vidare at den emosjonelle og praktiske støtta ho fekk frå bibelgruppa i den vanskelege tida var meir enn ho hadde forventa, og at ho var svært takksam for å ha nettverket i denne perioden.

I artikkelen «The Importance of Different Forms of Social Capital for Health» (2007) tek Sara Ferlander føre seg korleis ulike formar for sosial kapital kan verke inn på helsetilstanden. Ho visar til eit hav av studiar som tek føre seg dette temaet, og konkluderer med at dei fleste er samde i at det å vere del av eit lukka nettverk og å ha sterke sosiale band generelt har positiv innverknad på både den fysiske og mentale helsa til medlemmane. Ferlander visar mellom anna til ei studie av Brown og Harris (1978), kor det kjem fram at kvinner som har sterke relasjonar å støtte seg på gjennom ei utfordrande livssituasjon, har lågare sannsyn for å verte deprimert. Ut i frå det Vigdis fortel om hennar store livskrise, kan det verke som at meinigheitsnettverket, og særleg bibelgruppa, spela ei stor rolle for korleis ho klarte å handtere den utfordrande situasjonen.

#### 8.4 Oppsummering

Hans opplevde å ikkje få den støtta frå meinigheita som han trengte då han gjekk gjennom ei krise i livet sitt- den sosiale kapitalen i nettverket var ikkje tilgjengeleg eller brukbar for han i denne situasjonen. Hans sin situasjon er eit døme på korleis den sosiale kapitalen ikkje nødvendigvis er eit gode for den personen som skapar kapitalen, men heller utgjer eit kollektivt gode for heile nettverket. Informantane argumentera for viktigheita av å «danne noen mindre fellesskap som ligger vekt på det sosiale» (Hans, s. 21), fordi dette kan gjere at meinigheita i større grad kan fange opp dei medlemmane som slit. Bibelgruppa i meinigheitene er døme på slike mindre, lukka nettverk. Oda fortel at ho treng å kunne gå ein plass kor alle snakkar det same 'språket', altså kor medlemmane kan prate saman om religiøse spørsmål- eller om felles normer og verdispørsmål. Trond fortel at han ikkje kan sjå føre seg andre arenaer i samfunnslivet sitt kor slike møter ville ha vore naturlege, noko som understrekar viktigheita av desse arenaene for medlemmane. Bibelgruppene er også viktige sikkerheitsnett for medlemmar som slit med utfordrande livssituasjonar. I følgje Ferlander (2007) har lukka nettverk med sterke relasjonar stor innverknad på både den fysiske og psykiske helsa til dei som høyrer til slike nettverk. Dette blir klart i Vigdis sitt døme.

## 9. Avslutning

I denne oppgåva har eg forsøkt å svara på følgjande problemstilling;

*Korleis opplever medlemmane av kristne meinigheiter å få bruk for nettverk/ kontaktar innanfor det religiøse fellesskapet som ressursar til å oppnå andre gode i samfunnslivet elles?*

Ved å bruke ulike teoriar knytt til omgrepet *sosial kapital*, har eg kasta ljøs over erfaringane til seks informantar når det kjem til samfunnsområda; arbeid, livsstil og intime relasjonar. Eg har også sett på korleis informantane opplever å kunne bruke nettverket i utfordrande livssituasjonar. Informantane er henta frå to forskjellige kristne meinigheiter der den eine høyrer til det evangelisk- lutherske kyrkjesamfunnet, medan den andre høyrer til dei karismatiske rørslene. I kapittel 3 vert desse meinigheitene framstilt og diskutert, med særleg fokus på kva for meinigheiter det er snakk om. Sjølv om dei teologisk og historisk sett er nokså ulike, ser det ut til at dei begge to ligg nærmare kategorien *sekt*, enn *kyrkje* på skalaen. Dette inneber at dei begge er mindre, religiøse fellesskap beståande av religiøst dedikerte menneske. I dette kapitlet ser vi også på i kva grad meinigheitene kan sjåast på som lukka nettverk, og ser mellom anna på graden av tillit og fellesskap, og eksistensen av normer i nettverket. I dei fire analysekapitla vert informantane sine erfaringar frå meinigheitslivet og samfunnslivet presentert og forsøkt forklart ved hjelp av ulike former av sosial kapital. Desse formene består mellom anna av skapinga av normer, informasjons- og tenesteutveksling og tillitsband i nettverket.

I kapittel 5 vert det klart at medlemskapet i meinigheita på ulike måtar kan vere fordelaktig i møte med arbeidslivet. Vi ser her korleis nettverket kan fungere som ein arena kor både medlemmar som er ute etter arbeid, men også medlemmar som i sitt private arbeidsliv er ute etter å tilsetje, kan dra nytte av det tillitsfulle fellesskapet. Slike kapitalutvekslingar kan skje både mellom medlemmar som kjennar kvarandre godt, men også mellom medlem med *svake relasjonar*. Granovetter (1973) understrekar viktigheita av slike svake relasjonar i nettverk, og argumentera for at det ofte er desse relasjonane som skapar arbeidsmoglegheiter i form av informasjonsutveksling. Vigdis vart observant på ein ny jobb via ein Facebook- ven frå meinigheita, og valde basert på denne tilsetjingsannonsen å byte jobb. Ein grunn til at slike informasjonsutvekslingar kan vere fordelaktige er fordi dei skjer mellom menneske som ikkje naudsynt har andre felles interesser enn at dei er medlem av same nettverk. Dei to medlemmane sit difor på informasjon som den andre parten ikkje ville ha visst om dersom det ikkje var for denne svake relasjonen. Meinigheita visar seg også å vere ein arena kor medlemmane kan opparbeide nyttig arbeidserfaring og kor dei kan vise kva dei

er gode for. Det er likevel ikkje alltid at arbeidsgivaren på arbeidsmarknaden i samfunnet utanfor ser verdien i slik erfaring. Informantane peikar på fleire ulike faktorar for kvifor sosial kapital frå meinigheita ikkje alltid er brukbar og overførbar. Kva for arbeid ein søker seg til ser ut til å ha mykje å seie. Edvard N. Larsen og Valentina Di Stasio publiserte i 2021 ei studie som undersøkte etnisk diskriminering i arbeidslivet i Noreg, og fann mellom anna her det kunne få negative konsekvensar å oppgi religiøs tilhøyrse i arbeidssøkingprosessen. Informantane meiner dette mellom anna kan vere grunna i ei form for framandfrykt for kristne menneske eller for den meinigheita dei høyrer til.

I kapittel 6 ser vi mellom anna på korleis lukkinga av intergenerasjonsnettverk kan verke inn på ungdomstida til medlemmane. Coleman (1988) argumenterer for at i nettverk kor både foreldre og barn er aktive, altså såkalla lukka intergenerasjonsnettverk, så kan foreldra ha innverknad på kva normer som vert skapt blant barna, fordi dei har moglegheit til å samsvare barneoppsedinga med dei andre foreldra. At både barn og foreldre er medlem av meinigheitsnettverket kan også ha innverknad på den sosiale kapitalen i familien, mellom anna fordi at barna i slike nettverk har betre tilgang på foreldra sine mengder med humankapital (Coleman, 1988, s. 111). Det vart også tydeleg i dette kapittelet at medlemmane såg på det som ein stor fordel å ha eit nettverk kor dei kunne leve etter normer og forventingar som basera seg på religiøse prinsipp. På denne måten slapp dei unna mykje av presset som fanst elles i samfunnet, særleg i ungdomstida; «(...) siden jeg da tok et valg om å gå der, så gikk jeg ikke på fester og drakk alkohol og sånn, og det tror jeg har vært bra for min del hvert fall» (Oda, s. 9). Informantane fortel om ulike normer i meinigheita som har innverknad på deira livsstilval i samfunnslivet, til dømes norma som seier at medlemmane kan avstå frå å drikke alkohol dersom dei ønskjer å vere gode medmenneske for dei menneska som har alkoholproblem. Sjølv om slike normer kan gjere det lettare for medlemmane å følgje dei religiøse levereglane som dei ønskjer å følgje, fordi det skapar eit fellesskap kor alle samlast om denne livsstilen, kan slike normer også opplevast som avgrensande for medlemmane sine livsval i samfunnslivet.

I kapittel 7 ser vi mellom anna korleis normene i meinigheita verkar inn på medlemmane sine opplevingar av å knytte intime relasjonar. Situasjonen til Vigdis, som fortel at ho ikkje kan finne seg ein ny mann før eksmannen hennar er død, viser korleis normene både kan vere gode å ha, men også ei utfordring å måtte følgje. Normene i nettverket skapar føreseielege rammar som Vigdis trivs godt i, men samstundes verkar det som at Vigdis syns det er sårt korleis dette kan ha innverknad på livet hennas. Normene kan også seie noko om



kven medlemmane bør bli saman med, og her kjem det fram ein skilnad mellom meinigheitene. Oda, i den karismatiske meinigheita, er saman med ein som ikkje er personleg kristen, men har ikkje opplevd å få negative reaksjonar om dette frå meinigheita. Knut, frå den evangelisk- lutherske meinigheita, fortel at dersom han såg at nokon i meinigheita hadde funne seg ein som ikkje var kristen ville han syntest det var feil å ikkje seie i frå om at dette ikkje nødvendigvis er så lurt. Kanskje er det skilnad i kva for normer som vert akkumulert i nettverket, eller kanskje har den evangelisk- lutherske meinigheita høgare grad av nettverkslukking enn den karismatiske, noko som verkar inn på korleis normene fungerer. I kapittel 7 ser vi også på korleis meinigheita er ein god arena for å møte sin framtidige ektefelle, fordi dette er ein plass kor medlemmane brukar mykje tid og energi. Ein anna fordel ved denne arenaen er at medlemmane allereie har mykje til felles, som til dømes normer og forventingar til livsstil, og det vil difor vere enklare å finne nokon som er semd om dei viktige tinga i livet. Ved å bli saman med nokon andre i meinigheita, eller finne nokon som er villige til å bli ein del av nettverket, sikrar ein også tilgangen på eit fellesskap fullt av sosial kapital, i form av normer og forventingar, men også informasjon og tenester- samt alle dei fordelane som kjem ved ei intergenerasjonslukking dersom framtidige barn veks opp i meinigheita. Det er også sannsynleg at meinigheita kan vere nyttig på ekteskapsmarknaden utanfor nettverket, til dømes via informasjonsutvekslingar i svake relasjonar.

I siste analysekapittel ser vi på den sosiale kapitalen som er tilgjengeleg for dei medlemmane som opplever å gå igjennom krevjande livssituasjonar. Hans opplevde at sosial kapital, i form av informasjon og tenester/ omsorg, ikkje var tilgjengeleg då han trengte det, og han måtte difor sjølv skape denne ressursen i meinigheita. Situasjonen til Hans er eit døme på korleis den sosiale kapitalen ikkje alltid kjem skaparen til gode, men heller blir ein kollektivt ressurs som dei andre har tilgjengeleg. Informantane fortel og om korleis dei mindre nettverka i meinigheita, altså bibelgruppene, er viktige for å passe på medlemmane si psykiske helse. Vigdis opplevde at dette nettverket var særleg viktig for ho då ho var gjennom ei vanskeleg situasjon i livet sitt, i form av både praktiske tenester og omsorg.

I metodekapittelet reflekterte eg over moglegheita for å bruke funna i dette prosjektet til å seie noko om andre liknande tilfelle. Ved vidare arbeid kunne det vore interessant å undersøke desse moglegheitene for generalisering. Ein kunne til dømes tatt føre seg eit større utval av forskjellige meinigheiter, kanskje også lukka nettverk frå andre religionar eller i andre samfunn, for å sjå om det eksisterer nokre skilnader ved den sosiale kapitalen som blir akkumulert i nettverka. Vidare kunne det også vore interessant å sjå på andre lukka nettverk i

samfunnet, som til dømes idrettslag, for å sjå om deltakarane også der opplever å kunne bruke nettverket som ressursar for samfunnslivet utanfor.

## Referansar

- Amundsen, B. (2017) Disse verdiene er nordmenn mest opptatt av. Tilgjengeleg frå: <https://forskning.no/norges-forskningsrad-partner/disse-verdiene-er-nordmenn-mestopptatt-av/328438>, 05.10.22.
- Aarø, L.E., Nes, R.B., Nilsen, T.S. og Vedaa, Ø. (2020) *Livskvalitet og psykisk helse under korona- epidemien november- desember 2020*. Tilgjengeleg frå: <https://www.fhi.no/div/helseundersokelser/fylkeshelseundersokelser/livskvalitet-og-psykisk-helse-under-koronaepidemien--nov-des-2020/>, 18.11.2022.
- Becker, H. (1932) *Systematic Sociology in the Basis of the Beziehungslehre and Gebildelehre of Leopold van Wiese*. New York: Wiley.
- Berger, P.L. (2013) The Desecularization of the World: A Global Overview, i Pfadenhauer, M. (red.) *The New Sociology of Knowledge: The Life and Work of Peter L. Berger*. New Brunswick: Transaction Publishers, s. 61- 76.
- Blumer, H. (1969) *Symbolic Interactionism: Perspective and Method*. London: University of California Press Ltd.
- Brinkmann, S. og Kvale, S.(2015) *Det kvalitative forskningsintervju*. 3 utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Brown, G. og Harris, T. (1978) *Social Origins of Depression. A study of Psychiatric Disorder in Women*. London: Tavistock.
- Coleman, J.A. (1968) Church- Sect Typology and Organizational Precariousness, *Sociology of Religion*, 29(2), s. 55- 66. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.2307/3709873>.
- Coleman, J.S. (1988) Social Capital in the Creation of Human Capital, *American Journal of Sociology*, Vol. 94, s. 95- 120. Henta frå: <http://www.jstor.org/stable/2780243>, 12.05.2022.
- Coleman, J.S. (1990) *Equality and Achievement in Education*. Boulder, CO: Westview Press.
- Edvard N. Larsen & Valentina Di Stasio (2021) Pakistani in the UK and Norway: different contexts, similar disadvantage. Results from a comparative field experiment on hiring discrimination, *Journal of Ethnic and Migration Studies*, 47(6), s. 1201- 1221. Henta frå: DOI: 10.1080/1369183X.2019.1622777, 20.10.2022.

- Etzioni, A. (1978) *Moderne organisasjoner*. Oslo: Tanum- Norli.
- Ferlander, S. (2007) The Importance of Different Forms of Social Capital for Health, *Acta Sociologica*, 50(2), s. 115- 128. Henta frå: DOI: 10.1177/0001699307077654 29.04.2021.
- Field, J. (2016) *Social Capital*. 3. utg. London: Taylor & Francis Group.
- Friedman, S. og Laurison, D. (2020) *The Class Ceiling: Why it Pays to be Privileged*. Bristol: Policy Press.
- Furseth, I. og Repstad, P. (2003) *Innføring i religionssosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Glaser, B.G. & Strauss, A.L.(1967) *The Discovery of Grounded Theory: Strategies for Qualitative Research*. London: Aldine Transaction.
- Gluckman, M. (1967) *The Judicial Process among the Barotse of Northern Rhodesia*. 2. utg. Manchester: Manchester University Press.
- Grønmo, S. (2016) *Samfunnsvitenskapelige metoder*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Niebuhr, H.R. (1957/1929) *The social sources of Denominationalism*. New York: Meridian.
- Marvasti, A.(2004) *Qualitative Research in Sociology*. London: Sage.
- Putnam, R.D. (1996) Who Killed Civic America, *Prospect Magazine*, 6, Henta frå: <https://www.prospectmagazine.co.uk/magazine/whokilledcivicamerica>, 13.11.2022.
- Putnam, R.D. (2000) *Bowling Alone: The collapse and revival of American community*, New York: Simon & Schuster.
- Putnam, R.D. (2007) E Pluribus Unum: Diversity and Community in the Twenty-first Century The 2006 Johan Skytte Prize Lecture, *Scandinavian Political Studies*, 30(2), s. 137–174. Henta frå: <https://doi.org/10.1111/j.1467-9477.2007.00176.x>, 27.04.2021.
- Repstad, P. (1981) *Mellom himmel og jord: En innføring i religionssosiologi*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Robertson, R. (1970) *The Sociological Interpretation of Religion*. Oxford: Blackwell.
- Silverman, D. (2014) *Interpreting Qualitative Data*. 5. utg. London: SAGE Publications Ltd.
- Silverman, D. (2020) *Interpreting Qualitative Data*. 6. utg. London: SAGE Publications Ltd.

Store Norske Leksikon (2020) *Den karismatiske bevegelse*. Tilgjengeleg frå:  
[https://snl.no/den\\_karismatiske\\_bevegelse](https://snl.no/den_karismatiske_bevegelse) (Henta: 15.10.22)

Store Norske Leksikon (2019) *Evangelisk- lutherske kirker*. Tilgjengeleg frå:  
[https://snl.no/evangelisk-lutherske\\_kirker](https://snl.no/evangelisk-lutherske_kirker) (Henta: 15.10.22)

Stortinget (2012) *Endringer i grunnloven og kirkeloven*. Tilgjengeleg frå:  
<https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Nyhetsarkiv/Hva-skjer-nyheter/2011-2012/Endringer-i-Grunnloven-og-kirkeloven/>, 25.10.22.

Troeltsch, E. (1931/1912) *The Social Teachings of the Christian Churches*. Bind 1 og 2. New York: Harper & Row.

Wallis, R. (1976) *The Road to Total Freedom: a sociological analysis of Scientology*. London: Heinemann.

Weber, M. (1985) «Churches» and «Sects» in North America: An Ecclesiastical Socio-Political Sketch, *Sociological Theory*, 3(1), s. 7- 13. Henta frå: <https://doi.org/10.2307/202166>

Weber, M. (1948) The Protestant Sects and the Spirit of Capitalism, i Gerth, H.H. og Wright Mills, C. (red.) *From Max Weber: Essays in Sociology*. London: Routledge & Kegan Paul, s. 302- 322.

Weber, M. (2000) *Makt og Byråkrati: Essays om politikk og klasse, samfunnsforskning og verdier*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Woolcook, M. (1998) Social Capital and Economic Development: Towards a Theoretical Synthesis and Policy Framework, *Theory and Society*, 27, s. 151–208. Henta frå: DOI: 10.1023/A:1006884930135, 13.11.2022

Woolcook, M. (2001) The Place of Social Capital in Understanding Social and Economic Outcomes, *ISUMA – Canadian Journal of Policy Research*, 2, s. 12–22. Henta frå: <http://faculty.washington.edu/matsueda/courses/590/Readings/Woolcock%20Soc%20Cap%20Development.pdf> 13.11.2022.

## Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring

### **Vil du delta i forskningsprosjektet «Sosial kapital i kristne menigheter»?**

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å undersøke hvordan det å være medlem i en kristen menighet påvirker livet og hverdagen din. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

#### **Formål**

I denne masteroppgaven i sosiologi ønsker jeg å undersøke hvordan det å være medlem i en kristen menighet påvirker livet ditt, som for eksempel hvilke valg du tar, hvem du tilbringer tid sammen med og hva du driver med. Noen menigheter ønsker å være noe mer for medlemmene sine enn «bare» et religiøst forsamlingssted. Hva går dette ut på og hvordan fungerer det i praksis?

#### **Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?**

Sosiologisk institutt ved Universitetet i Bergen er ansvarlig for prosjektet.

#### **Hvorfor får du spørsmål om å delta?**

Grunnen til at jeg tar kontakt med deg er fordi jeg ønsker å undersøke tre forskjellige kristne menigheter i Bergen, hvor din menighet er en av disse. Utvalget består av menn og kvinner i alderen 18- 80 år.

#### **Hva innebærer det for deg å delta?**

Hvis du velger å delta i prosjektet, innebærer det å stille til et individuelt intervju med meg, med varighet ca. 1-2 timer.

Vi vil her gå innom følgende temaer; Utdanning og arbeidsliv, fritid og venner, familie og forhold. Jeg vil også introdusere noen litt mer sensitive tema som forhold til alkohol, samt seksuelle forhold og legning. Det er helt opp til deg hvilke spørsmål du vil svare på. Flere av temaene, særlig de sistnevnte, kan oppleves som veldig personlige, og det er derfor viktig for meg at du bare svarer på det som du selv er komfortabel med. Alt du sier vil bli behandlet

med full konfidensialitet og diskresjon, og dersom du sier noe som du senere angrep på kan dette strykes, og vil ikke brukes i selve prosjektet.

Jeg tar lydopptak og notater fra intervjuet, men dette er bare for analytiske formål.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle dine personopplysninger vil da bli slettet. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

### **Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger**

Jeg vil bare bruke opplysningene om deg til formålene jeg har fortalt om i dette skrevet. Jeg behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det vil bare være jeg (student) og eventuelt veileder som har tilgang til disse opplysningene. Navnet og kontaktopplysningene dine vil jeg erstatte med en kode som lagres på egen navneliste adskilt fra øvrige data, slik at det ikke vil være mulig for andre å få tak i disse opplysningene.

Informasjonen om deg vil bli anonymisert så godt det lar seg gjøre i publikasjonen og jeg vil utelate alle sensitive personopplysninger som vil kunne knytte deg direkte til publikasjonen. Jeg vil benytte geografisk anonymisering, slik at det ikke vil komme frem i studien akkurat hvilken by og menighet informasjonen er hentet fra.

### **Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?**

Opplysningene anonymiseres når prosjektet avsluttes/oppgaven er godkjent, noe som etter planen er i juni 2022. Etter dette vil intervjuopptak og andre opplysninger slettes.

### **Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?**

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra Sosiologisk institutt ved Universitetet i Bergen har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke opplysninger vi behandler om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningene

- å få rettet opplysninger om deg som er feil eller misvisende
- å få slettet personopplysninger om deg
- å sende klage til Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å vite mer om eller benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Sosiologisk institutt ved Universitetet i Bergen ved

Camilla Småland Gjerde (student) på epost ([Camilla.Gjerde@student.uib.no](mailto:Camilla.Gjerde@student.uib.no)) eller på telefon: 48 07 79 70.

David Herbert (veileder) på epost ([David.Herbert@uib.no](mailto:David.Herbert@uib.no)) eller på telefon: +47 79 14 91 57.

- Vårt personvernombud: Janecke Helene Veim på epost ([personvernombud@uib.no](mailto:personvernombud@uib.no))

Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

David Herbert  
(Forsker/veileder)

Camilla Småland Gjerde  
(Student)

---

### **Samtykkeerklæring**

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Sosial kapital i kristne menigheter», og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju til masteroppgave

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)



## Vedlegg 2: Intervjuguide

Si hei og informer om studien, samt muligheten for å trekke seg.

«Jeg ønsker å undersøke hvordan det å være medlem i en kristen menighet påvirker livet ditt, som for eksempel hvilke valg du tar, hvem du tilbringer tid sammen med og hva du driver med.»

Så har eg noen kjappe spørsmål her i begynnelsen som bare sier litt om hvem du er og din tilhørighet til menigheten:

1. Kjønn, alder, nasjonalitet
2. Hva er ditt religiøse ståsted?

### Menighetsliv

1. Hvilken menighet tilhører du?
2. Hvor lenge har du vært medlem?
3. Hvor aktiv er du i menigheten?
4. Har du vært medlem av menighet hele livet, evt hvilken?
5. Har det vært noen spesiell grunn til at du har byttet menighet?

### Arbeidsliv og utdanning – Valg om hva en ønsker i livet

1. Har du jobb?
  - ➔ Dersom ja;
    - Hva jobber du som?
    - Hvor lenge har du jobbet der og hvordan fikk du jobben?
    - Trives du i jobben? Hvorfor/ hvorfor ikke?
    - Skulle du ønske du jobbet som noe annet, eller i en annen bedrift? Hvorfor/ hvorfor ikke?
    - Vil det være naturlig for deg å snu deg til menigheten for hjelp til å finne din plass på arbeidsmarkedet?
  - ➔ Dersom nei;
    - Er du på leting etter jobb?
    - Opplever du utfordringer knyttet til det å være uten jobb?
    - Hvordan håndterer du disse utfordringene?
    - Får du hjelp fra folk rundt deg? Fra menigheten?
    - Opplever du at nettverket i menigheten er til hjelp når det kommer til det å søke etter jobb?

## 2. Menighetsarbeid

- Har du opparbeidet deg noe arbeidserfaring eller kunnskap gjennom menighetsarbeid, enten da du var yngre eller på nåværende tidspunkt, som du har hatt bruk for på arbeidsmarkedet senere?
- Tror du din deltakelse i menigheten har hatt noe å si for at du fikk akkurat denne jobben?
- Tror du din deltakelse i menigheten kan gjøre deg mer attraktiv på arbeidsmarkedet, altså i form av egenskaper, erfaring eller nettverk?

## 3. Har du utdanning?

### ➔ Dersom ja;

- Hvilken utdanning?
- Hvorfor valgte du denne utdanningen?
- (Følte du på noe ytre press eller påverknad når du bestemte deg for å studere dette?)
- Hvor studerte du? Hvorfor akkurat der?
- Gikk du på noe folkehøyskole eller bibelskole?
- Har du deltatt på noe traineeprogram eller lignende i menigheten?
- Hva var målet med utdanningen, var det noe spesielt du ønsket å bli?
- Var du medlem av en menighet under utdanningen? Hvordan tror du dette preget studietiden?

### ➔ Dersom nei;

- Gikk du på videregående? Evt Hvilken linje?
- Hvorfor valgte du å ikke ta videre utdanning?
- Gikk du på noe folkehøyskole eller bibelskole?
- Har du deltatt på noe traineeprogram eller lignende i menigheten?
- Er du fornøyd med dette valget i dag/ føler du at det valget har ført deg dit du ville?
- Var du medlem av en menighet i ungdomstida? Hvordan tror du dette har preget denne tida?

## **Fritid og venner** – Selvrealisering, sosial omgang og status

1. Bor du i nærheten av menigheten din?

2. Har du bodd her lenge?

### ➔ Dersom; «ja, hele livet» eller «Nei, bodde i byen før»

- Trives du her?

- Er det her du har største deler av nettverket ditt/ venner og familie? Evt hvor og hvorfor?
- Hvor ble du kjent med vennene dine? Utdanning, jobb, barndomsvenner, menigheten?
  - Dersom det er mange venner fra menigheten; Hva tror du hadde skjedd dersom en av dere meldte seg ut av menigheten, hadde dere hatt like mye kontakt da?
  - Hvordan vil du beskrive disse vennskapene?
  - Hva får du ut av disse vennskapene?

➔ Dersom; «Flyttet hit i senere tid»

- Hvorfor flyttet du hit?
- Trives du her?
- Synes du det var vanskelig å passe inn? Hvorfor/ hvorfor ikke?
- Hva følte du var det viktigste for at du skulle passe inn?
- Føler du at byen nå er «hjem»? Hva skulle til for at du skulle føle det?
- Har du fått et nettverk her i byen?
  - Dersom nye vennskap; Hvordan vil du beskrive disse vennskapene? Hva får du ut av disse vennskapene?

3. Hva pleier du å gjøre på fritiden?

(Dersom jeg her får mangelfulle svar kan jeg spørre; «Beskriv en vanlig dag i din hverdag»)

4. Hva er ditt forhold til alkohol?

- Hva er grunnen til at du har dette forholdet til alkohol?
- Har du møtt motstand/ utfordringer knyttet til dette?
- Snakker dere om temaer som fest og alkohol i menigheten?
- Hvordan tror du menigheten tenker om ditt forhold til alkohol?
- Tror du at det å være medlem av en menighet som har de samme verdiene som deg, gjør det enklere for deg å ikke drikke alkohol?

## **Familie og forhold**

1. Hvordan er sivilstatusen din?

➔ Dersom gift/ samboer/ kjæreste:

- Er det en kvinne eller mann?
- Kan du fortelle meg om dere; hvor dere møttes, hvor lenge dere har vært sammen, hvorfor ble det akkurat dere to?

- Dersom de møttes gjennom menigheten;

Hvordan ble dere sammen?

Tror du dere hadde blitt sammen dersom dere møttes i et ikke- religiøst arrangement?

Fikk dere støtte og oppmuntring fra de andre da dere ble sammen, eller opplevde dere å måtte skjule det?

➔ Dersom singel:

- Er du på leit etter kjæreste? Hva er du i så fall på utkikk etter?
- Har du hatt kjæreste? Hvordan ble dere sammen, og evt hvorfor funket det ikke (hadde det noe med verdier, forventinger og livssyn å gjøre?)

2. Hvilke verdier syns du er viktig hos en ektemake? Har du noen kriterier?

3. Er det viktig for deg at ektemaken din har samme religion som deg? Hvorfor/ hvorfor ikke?

- Er det viktig for deg at hen er medlem av samme menighet? Hvorfor/ hvorfor ikke?
- Hvordan opplever du at menigheten stiller seg til dette, føler du at det er noen forventinger til hvem du og de andre i menigheten skal være sammen med?

4. EVENTUELT Har du møtt på utfordringer knytt til legningen din?

- Fra hvem/ hvorfor?

5. Hva er dine tanker rundt sex utenfor ekteskapet?

- Er dette et tema som blir snakket om i menigheten? På hvilken måte?

6. Er familien din, altså dine foreldre og søsken også medlemmer av samme menighet som deg?

- Har du kontakt med de? Treffes dere ofte?
- Hva tenker du rundt det at de er/ ikke er medlem av samme menighet? Hva gjør det med familiedynamikken?

7. Har du barn?

➔ Dersom ja;

- Hvor mange og hvem sine barn er det?
- Var du gift da du fikk barn? Hvorfor/ hvorfor ikke? Hvordan opplevde du det?

- Var du medlem av menigheten da du fikk barn, og hvordan opplevde du det; fikk du støtte og mulighet til å være hjemme med barna/ ta det med deg?
- Er det viktig for deg at barna dine vokser opp i menigheten?
- Ligger menigheten til rette for dette (i form at for eksempel barnehage, søndagsskole og dåpslokaler)?

➔ Dersom nei;

- Ønsker du å få barn?
- Opplever du noe press/ forventinger i forhold til det å få barn?

### **Korona- situasjonen**

1. Støtte du på noen utfordringer under koronapandemien? Økonomiske/ praktiske
2. Syns du det var vanskelig å være «isolert» i så lang tid?
3. Opplevde du noen gang å kjenne på ensomhet?
4. Arrangerte menigheten møter under pandemien, funket dette godt eller var det vanskelig å være like aktiv som før?
5. Tror du at du hadde hatt en annen opplevelse av pandemien, eller heller av samfunnssituasjonen under pandemien dersom du ikke hadde hatt menigheten? (Kanskje litt vanskelig å svare på)

### **Menigheten**

1. Hvilken rolle spiller menigheten/ eller det nettverket du er en del av der - i ditt liv?
2. Hvilke forventinger har du til hvilken rolle menigheten burde spille?

### **Tanker om fremtiden**

1. Er du fornøyd med livet ditt slik det er nå? Hvorfor/ hvorfor ikke?
2. Har du noen planer og ønsker for fremtiden?